Det søkes om dispensasjon fra bestemmelsene i	
<input type="checkbox"/> Plan- og bygningsloven med forskrifter	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter/ forskrifter til pbl
<input checked="" type="checkbox"/> Arealplaner	<input type="checkbox"/> Vegloven
Begrunnelse for dispensasjon gis i eget vedlegg.	
Vedlegg nr. <i>1</i>	


Søknad om matrikulering med utsatt oppmålingsforretning	
<input type="checkbox"/> Det søkes om matrikulering med utsatt oppmålingsforretning. Krever begrunnet søknad.	Vedlegg nr.

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkjørselsplan bygning/eiendom	D	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Beregningsgrunnlag for grad av utnyttning, hvis flere avgivere/leiidommer		-	<input type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet jf. SAK10 § 6-2	I	-	<input type="checkbox"/>
Søknad om matrikulering med utsatt oppmålingsforretning. (jf. matrikkellova § 6, andre ledd, matrikkelforskriften § 25)		-	<input type="checkbox"/>
Gyldig tillatelse til oppretting eller endring av matrikkelenhet etter plan- og bygningsloven		-	<input type="checkbox"/>
Gjenpart av nabovarsel	C	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Annet	Q	-	<input type="checkbox"/>

Underskrifter					
Gjelder søknaden arealoverføring, må hjemmelshavere til begge involverte matrikkelenheter signere.					
Tiltakshaveres/rekvirenters adresser og underskrifter					
Gnr/Bnr/(Fnr)/(Snr)	Andel	Tiltakshaveres/rekvirentens adresse	Postnr.	Poststed	Tiltakshaveres/rekvirentens underskrift
54/6	1/1	Dalanvegen 1800	3850	Kviteseid	H. Nordahl

Fakturaadresse					
Adressat <i>Håler Nordahl</i>					Ev. org.nr.
Adresse <i>Dalanvegen 1800</i>			Postnr.	Poststed	
Postnr. <i>3850</i>		Poststed <i>Kviteseid</i>			
Telefon <i>9015 7060</i>			Faks	E-postadresse <i>haler.nordahl@live.no</i>	
Sted <i>Abo</i>		Dato <i>1/10-18</i>		Underskrift <i>Håler Nordahl</i>	





Gjenpart av nabovarsel

plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

Tiltak på eiendommen:			
Gnr. 54	Bnr. 6	Festenr.	Seksjonsnr.
Eiendommens adresse Dalanvegen 1800			
Postnr. 3850	Poststed Kviteseid		
Kommune Kviteseid			
Eier/fester Halvor Nordahl			

Det varsles herved om				
Søknad om tiltak som krever tillatelse etter plan- og bygningsloven § 20-1				
<input type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving	<input type="checkbox"/> Annet
<input type="checkbox"/> Skilt	<input checked="" type="checkbox"/> Eiendomsdeling eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring	
Søknad om tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-2				
<input type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mindre enn 1000 kvm SAK10 § 3-2		<input type="checkbox"/> Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg		
Mindre tiltak til bebygd eiendom				
<input type="checkbox"/> Tilbygg < 50 m ²	<input type="checkbox"/> Antennesystem	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Annet pbl § 20-2 bokstav d	
<input type="checkbox"/> Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m ²	<input type="checkbox"/> Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel og motsatt)			
Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19				
<input type="checkbox"/> Dispensasjon				

Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder
-Fradeling av tun på Abø med ca 4-5 da tomt rundt.

Spørsmål og merknader vedrørende nabovarsel			
Eventuelle merknader må være kommet til ansvarlig søker/tiltaksøver innen 2 uker etter at dette varsel er sendt.			
Ansvarlig søker/tiltaksøver		Kontaktperson	
Navn		Navn	
Besøksadresse		E-post	
Postadresse		Telefon	Mobil
Postnr.	Poststed		
Søknaden kan ses på hjemmeside: www.			
Merknader sendes:	Navn	Postadresse	
	Postnr. Poststed	E-post	

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Kopi av søknad om tillatelse til tiltak			<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B		<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkjøringsplan	D		<input type="checkbox"/>
Tegninger (snitt og fasade)	E		<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q		<input type="checkbox"/>

Underskrift		
Sted AABØ	Dato 1/10 - 18	Underskrift ansvarlig søker eller tiltaksøver Halvor Nordahl
Gjentas med blokkbokstaver		

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varslene er mottatt.

Elendom/byggested				Nabo-/gjenboerelendom eier/fester	
Gnr. 54	Bnr. 6	Festenr.	Seksjonsnr.	Adresse Dalanvegen 1800, 3850 Kviteseid	
Nabo-/gjenboerelendom				Nabo-/gjenboerelendom eier/fester	
Gnr. 54	Bnr. 2	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn Vidar Haugen	
Adresse BROTTVEGEN AKNE VES				Adresse BRUNNEBENVEGEN 227	
Postnr. 3850	Poststed KVITSEID		Postnr. 3850	Poststed KVITSEID	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato 7/10-08	Sign. Vidar Haugen
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt				<input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	

Nabo-/gjenboerelendom				Nabo-/gjenboerelendom eier/fester	
Gnr. 54	Bnr. 1	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn Torstein Einar Tveito	
Adresse Dalanvegen 1737				Adresse Dalanvegen 1737	
Postnr. 3850	Poststed KVITSEID		Postnr. 3850	Poststed KVITSEID	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato 15/10-08	Sign. Torstein E. Tveito
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt				<input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	

Nabo-/gjenboerelendom				Nabo-/gjenboerelendom eier/fester	
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn	
Adresse				Adresse	
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt				<input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	


Nabo-/gjenboerelendom				Nabo-/gjenboerelendom eier/fester	
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn	
Adresse				Adresse	
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt				<input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	

Nabo-/gjenboerelendom				Nabo-/gjenboerelendom eier/fester	
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn	
Adresse				Adresse	
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt				<input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: _____

Sign.





Kviteseid kommune

Arkiv: 054/006
 Saksmappe: 2018/2865-5
 Sakshand.: Peter Rieber-Mohn
 Dato: 28.01.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift	11/19	05.02.2019

K - Søknad om å dele frå tun med bygningar - jordlovsbehandling - 54/6 - Aakre

Vedlegg:

- 1 Brev frå Vidar Haugen 19.11.2018
- 2 Søknaden om deling 01.10.2018
- 3 Gardskart for Aakre 54/6
- 4 Gardskart for Ormbrek 63/1 i Tokke kommune

Faktiske tilhøve:

Søkar: Halvor Nordahl

Søknaden blei behandla av Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift den 21.11.2018. Etter forslag frå Jon Ingebretsen gjorde hovudutvalet følgjande samrøystes vedtak:

«Hovudutval for samfunnsutvikling og teknisk drift utset saka med sikte på synfaring og meir avklaring og informasjon om saka.»

Nytt i saka er brevet frå Vidar Haugen 19.11.2018 (vedlegg 1).

Søknaden frå Halvor Nordahl gjeld å dele frå tunet på 54/6 i Kviteseid kommune med bygningar og ei 4 – 5 dekar stor tomt. Formålet er å selje tomte med bygningane til bustadformål. Sø karen skal busette seg på Ormbrek 63/1 i Tokke kommune og nytte resten av 54/6 som tilleggsareal til Ormbrek.

I følgje gardskarta har eigedomane følgjande areal:

Eigedom	Totalt areal	Produktiv skog	Dyrka mark	Innmarksbeite
54/6 Aakre	268	184	18	9
63/1 Ormbrek	3197	2755	15	28

Eigedomane ligg i LNF-område i kommuneplanen. Deling krev dispensasjon frå planen.

Vurdering:

Vi skal vurdere søknaden i samsvar med jordlova §12 der det mellom anna heiter:
«§ 12.Deling

...Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busettinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja...»

Delinga omfattar ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark. Tomtegrunnen er klassifisert dels som bygd areal og dels som skogsmark. Det er ikkje registrerte natur- eller kulturminneverdiar på tomta. Bygningane i tunet er likevel gamle og verneverdige. Dei er restaurerte og i bruk til bustadformål av eigaren. Han skriv i søknaden at han har ein kjøpar, ein familie som vil busette seg på egedomen, og at han sjølv vil nytte inntektene frå salet til å restaurere husa på Ormbrek og bu der.

Avstanden mellom tuna på 54/6 og Ormbrek er om lag 1 km i luftline. Ormbrek har vesentleg større arealressursar enn 54/6, som er ein svært liten landbrukseigedom. Ut frå omsynet til bruksstruktur og drift er det ei god løysing at egedomane er ei driftseining ved at dei har same eigar. Det er likevel forsvarleg ut frå omsyn til bruksstruktur og drift å dele frå tunet på 54/6 til bustadformål sidan det også er nødvendige bygningar på Ormbrek. Vidare kan delinga styrke busettinga i området. Det er eit vesentleg moment, som aleine kan gi grunnlag for deling i samsvar med jordlova §12. Det samsvarer også med retningslinene i kommuneplanen å gi dispensasjon frå LNF-formålet når det kan styrke busettinga.

Som svar på nabovarsel skriv Vidar Haugen (vedlegg 1) at han er interessert i å kjøpe heile Aakre 54/6 og subsidiært det som er att av egedomen etter deling. Han skriv vidare at han er overraska over søknaden om deling fordi dette ikkje blei nemnt da dei for eit par år sida fekk bygd ny bru over elva og med det fekk sikker tilkomst til egedomane sine heile året.

I jordlovsbehandlinga kan vi ikkje legge vekt på at Vidar Haugen er interessert i å kjøpe egedomen. Vidare vil det bli stilt vilkår om at tomta får vegrett dersom kommunen gi løyve til deling i samsvar med plan- og bygningsloven.

Rådmannen si tilråding:

Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift gir samtykke til å dele frå tunet med bygningar og ei inntil 5 dekar stor tomt frå egedomen 54/6 i Kviteseid kommune i samsvar med søknaden 01.10.2018. Det er eit vilkår at tomta blir selt til bustadformål.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

Saksprotokoll i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift - 05.02.2019

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift gir samtykke til å dele frå tunet med bygningar og ei inntil 5 dekar stor tomt frå eigedomen 54/6 i Kviteseid kommune i samsvar med søknaden 01.10.2018. Det er eit vilkår at tomta blir selt til bustadformål.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.



KVITSEID KOMMUNE SAMFUNNSUTVIKLING OG
TEKNISK DRIFT
Kviteseidgata 13
3850 KVITSEID

Saksbehandler, innvalgstelefon

Elisabeth Hammer, 33371162

Klage - gbnr 54/6 Dalanvegen 1800 - Kviteseid – Avvist klage

Det blir vist til klage over Kviteseid kommune sitt vedtak av 16. april 2019 om avvist klage.

Fylkesmannen ber om orsaking for lang sakshandsaming.

1. Vedtaket til fylkesmannen

Klaga blir ikkje teken til følge.

Fylkesmannen oppretthald Kviteseid kommune sitt vedtak av 16. april 2019 der kommunen med heimel i forvaltningsloven § 28 avvis klage på vedtak av 5. februar 2019 som følgje av at klagar ikkje hadde rettsleg klageinteresse.

2. Faktiske tilhøve:

Halvor Nordahl står som eigar av eigedomane gbnr. 63/1 i Tokke kommune og gbnr. 54/6 i Kviteseid kommune. Den 1. oktober 2018 søka han om å dele frå tunet på gbnr. 54/6 i Kviteseid kommune med bygningar og ei 4 - 5 dekar stor tomt. Formålet var å selje eigedomen som blir delt frå til bustadformål. Halvor Nordahl skal busetje seg på Ormbrek gbnr. 63/1 i Tokke kommune og nytte resten av gbnr. 54/6 som tilleggsareal til Ormbrek.

Til søknaden etter plan- og bygningslova om oppretting av ny matrikkelenheit blei det sende ut nabovarsel, og den 19. november 2018 kom det inn eit brev frå klagar. Han sa seg interessert som kjøpar av heile eigedomen, subsidiært det som er att av eigedomen etter frådeling av tunet. Han vil og at kommunen ser på dokumenta i saka frå då Nordahl kjøpte eigedomen. Han gjorde også kjend at det ikkje var snakk om slike endringar på Åbø den gong det blei bygd bru over elva.

5. februar 2019 fatta kommunen vedtak om samtykke til å dele frå tunet med bygningar og ei inntil 5 dekar stor tomt frå eigedomen gbnr. 54/6 i Kviteseid kommune. Det blei sette vilkår om at tomta blir selde til bustadformål. Vedtaket vart gjort etter jordlova § 12.



I brev av 16. mars 2019, teken i mot 18. mars 2019, kom klagar med merknader til vedtaket som er gjorde. Han viser til at han har informasjon om korleis Halvor Nordahl kjøpte eigedomen Åbø, spørsmål kring ein påstått tinglyst vegrett og ny bru over Dalaåi. Han ber om at politikarane ikkje tek ei avgjerd som påfører han kostnader i form av jordskifte eller andre rettsaker på grunn av ufullstendig sakshandsaming.

3. Kommunen si behandling av klagesaka og klagar sine merknader

I brev av 18. mars 2019 gav kommunen informasjon om at klagar ikkje blei vurdert å vere part i saka etter jordlova eller å ha rettsleg klageinteresse då vedtaket av 5. februar 2019 blei fatta. I brev av 28. mars 2019 blei det gjeve informasjon om at klagar kan be om at retten hans til å klage etter jordlova blir vurdert, og om regelverk og fristar for å setje fram eit slikt krav.

Sak om dispensasjon etter plan- og bygningslova blei behandla i vedtak av 21. mars 2019. Det blei her tatt avgjerd om at formannskapet gir rett til å klage på jordlovshandsaminga. Vedtaket, med følgjebrev frå plansjef Seljås, blei send Halvor Nordahl den 25. mars 2019. Klagar fekk kopi av vedtak og følgjebrev. I brevet frå plansjef Seljås står det at vedtaket er å forstå slik at avgjerda etter plan- og bygningslova er utsett til det ligg føre endeleg avklaring av kva som er rett saksgang ved jordlovsbehandlinga, dvs. om nabo har klagerett eller ikkje på jordlovsvedtaket, inklusiv klagerett på ei eventuell avvising av klageretten.

Informasjon om høvet til å klage, med klagefrist, blei sendt til klagar i brev av 29. mars 2019 frå plansjef Seljås.

I brev av 3. april 2019 blei det sette fram klage over vedtak om frådelling. Klagar syner til at det i kjøpskontrakta av 1993 er stilt vilkår til kjøpar. Han syner og til at fire av husa på tomta er registrerte i SEFRAK-registeret, at kommunen har både rett og plikt til å legg fram alternativ etter § 9 i jordlova, og til rundskriv M-1/2013 og naturmangfoldloven §§ 8 - 12. Han nemner også at miljøet på Aabø heile tida har vore viktig, også no nyleg då bru og vegprosjektet vart krona med natursteinsmurar for å halde på den fine innfallsporten til kulturområdet Aabø i Dalane.

16. april 2019 blei klaga behandla i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift. Det blei ikkje funne grunnlag for å rekne klagar som part i saka eller at han har rettsleg klageinteresse, og klaga blei avvist. Saka blei overført Fylkesmannen i Vestfold og Telemark den 29. april 2019 for avgjersle.

I brev av 5. mai 2019 sende kommunen nye dokument i klagesaka over til Fylkesmannen. Det var skriv frå klagar, med ei fullmakt til Gro Ragnhild Gundersen å føre saka hans.

I brev av 23. april 2019 spør Gro Ragnhild Gundersen om ikkje omfanget av ein klagerett burde ha vore opplyst om når saka var oppe fyrste gongen. Kommunen har lagt ein del vekt på at klagar var interessert kjøpar, og ho spør om dette er så unaturleg i og med at eigedomen har kome frå arealet han eig, Vestigard gbnr. 54/2. Ho forklarar at usemja kring veg/bru ligg i at det skal koma ein ny eigedom inn i vegavtala utan at klagar blir orientert. Kommunen har heller ikkje reagert på urett informasjon frå søkjar om påstått vegrett og kva for ein eigedom Åbø kom frå. Ho skriv at klagar har merknader til korleis synfaringa blei gjennomført, at han spør kvifor det er viktigare å dele frå enn å selje, og at han syner til økonomi, helseomsyn for både seljar og kjøpar, og omsyn til Kviteseid. Det kjem og fram at dei har hørt at eit utvalsmedlem har fått skarpt brev om saka frå kommunal saksbehandlar, og at dette brevet er helt unna offentlegheit.



Til brevet svara landbruksrådgjevar Rieber-Mohn i brev av 25. april 2019 at det ikkje har vore meininga hans å halde noko unna offentlegheit. E-post til og frå medlemene i utvalet er no arkivert på saka og vedlagt brevet.

Den 21. mai 2019 fekk Fylkesmannen eit brev frå Oddvar Kvålo, daterte 8. mai 2019. Han kom med opplysingar om Kari Åbø, som selde Aabø til Halvor Nordahl, og syner til kjøpskontrakt frå 1993. Han peiker på at Kari ønskte at eigedomen skulle bli verande som den var, og at dette var eit avgjerande punkt i kjøpskontrakta. Vedlagt brevet er søknad om konsesjon frå Halvor Nordahl frå den gongen han kjøpte Aabø.

Fylkesmannen viser elles til dokumenta i saka.

4. Merknadene til Fylkesmannen:

4.1. Innleiing

Klagesaka blir behandla etter delegert myndigheit frå Landbruks- og matdepartementet i «Vedtak om overføring av myndighet til kommunen, fylkesmannen, Landbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonslova, jordlova og odelslova».

Ved behandlinga av ei klage kan Fylkesmannen prøve alle sider av saka, medrekna å ta omsyn til nye omstende, jf. forvaltningsloven § 34 andre ledd. Vi skal vurdere dei standpunkta klagar kjem med, og kan også ta opp forhold som ikkje er nemnt av klagaren. Fylkesmannen kan oppretthalde kommunen sitt vedtak, gjere om vedtaket, eller oppheve vedtaket og sende saka attende til kommunen til heil eller delvis ny behandling, jf. forvaltningsloven § 34, fjerde ledd.

Klaga gjeld kommunen sitt vedtak om avvising av klage etter forvaltningsloven § 28.

4.2. Kommunen si saksbehandling - vurdering av sakshandsamingsfeil

Kommunen har bedt om at Fylkesmannen tek stilling til om Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift hadde rett til å halda telefonmøte etter kommuneloven § 30, eller om det finnast saksarbeidsfeil etter kommuneloven §§ 31 og 32 om at einkvar har rett til å vere til stade på møte og at sakslista til møtet skal vere tilgjengeleg for publikum.

Det første Fylkesmannen skal vurdere er om vi har myndigheit til å gå inn i kommunen sitt saksarbeid og ta avgjerd om det har skjedd saksarbeidsfeil etter kommuneloven.

Kommuneloven § 59 gjer heimel til Fylkesmannen å setje i verk ein lovlegheitskontroll av til dømes enkeltvedtak. Kontroll kan gjerast dersom tre eller fleire medlemmer av kommunestyret bringar avgjersla inn for Fylkesmannen. I nokre tilfelle kan Fylkesmannen og ta saka opp på eige tiltak.

Av rundskrivet til Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet) H-2013-2299 (H-2299) punkt 5.2 går det fram at:

«Lovlighetskontrollen etter kommuneloven § 59 representerer en sikkerhetsventil og et supplement til andre klage- og kontrollordninger med kommunale vedtak. Dette tilsier at lovlighetskontroll brukes med en viss varsomhet. Doble klage- og kontrollordninger kan bidra til mye administrasjon og samtidig rettsusikkerhet ved at kommunen eller partene ikke kan innrette seg i tråd med avgjørelsen før alle klage- og kontrollmuligheter er uttømte. Videre legger departementet til grunn at egenkontroll i kommunene og borgernes klageadgang etter forvaltningsreglene, skal bidra til å redusere behovet for tilsyn og kontroll fra statlige organer.



Samlet medfører disse forholdene at det er en begrensning knyttet til hvilke typer avgjørelser som skal omfattes av reglene om lovlighetskontroll. De nevnte hensynene har også betydning i vurderingen av om en sak skal tas opp etter eget initiativ».

I denne saka finst det ikkje eit krav om kontroll av lovlegheit frå tre eller fleire av kommunestyrets medlemmar. Samstundes har Fylkesmannen klaga til handsaming etter forvaltningslova § 34. I saksarbeidet vårt vil vi vurdere alle sider av saka, og mellom anna ta stilling til om det er gjeve tilstrekkeleg informasjon til at klagar kan ivareta sitt tarv. Vi vil og sjå på klagars motsegn og vurdere dei konkret. Som det går fram av rundskrivet til Kommunal- og regionaldepartementet skal lovlighetskontrollen etter kommuneloven kun brukast om klagars rett ikkje tas hand om på anna vis. Då den her saka skal behandlast etter forvaltningsloven § 34, er det ikkje naudsynt for Fylkesmannen å gjere ein lovlighetskontroll etter kommuneloven.

Det neste Fylkesmannen skal vurdere er om det finnast saksarbeidsfeil ved behandlinga av søknaden om frådelling, då klagar ikkje blei vurdert å vere part i saka.

Til søknaden har klagar synt til at han ikkje blei varsla om synfaringa som vart halde på eigedomen, og at han difor ikkje fekk komma med opplysingar som han meiner var nødvendige i saka før det blei fatta vedtak om frådelling.

Fylkesmannen legg til grunn at vedtak om frådelling er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven. § 16 til lova slår fast at kommunen pliktar å gi den som er part i saka høve til å uttale seg. Same lov § 2 fyrste ledd bokstav e), slår fast at part i saka er den personen som avgjerda rettar seg mot eller som saka direkte gjeld.

Etter rundskriv M-1/2013 punkt 4.3 frå Landbruks- og matdepartementet, går det fram at «(D)en som søker om samtykke til deling er part i saken. Normalt vil det være eieren. I delingssaker er også den som skal overta parsellen eller den som skal ha bruksretten part».

Fylkesmannen legg til grunn at vedtaket om frådelling ikkje retter seg mot klagar. Han er heller ikkje eigar av eigedomen og skal ikkje overta parsellen eller ha bruksrett til den nye eigedomen som følgje av frådellinga. Klagar er derfor ikkje å sjå på som part i jordlovsaka. Det er såleis ingen saksarbeidsfeil at klagar ikkje vart varsla om synfaring eller fekk høve til å uttale seg før vedtaket om frådelling etter jordlova blei gjord.

Klagar sin fullmektig spør om ikkje omfanget av ein klagerett burde ha vore opplyst om når saka var oppe fyrste gongen.

Etter forvaltningsloven er det berre den som er part i saka som får brev om vedtaket, og det er berre i vedtaket at informasjon om klagerett og klagefrist går fram. Det ligg såleis ikkje føre ein plikt til å informere andre enn den som er part i saka om klagerett, og det er såleis ikkje ein saksarbeidsfeil at klagar ikkje fekk slik informasjon då vedtaket om frådelling vert gjort.

Det neste Fylkesmannen skal vurdere er om det finnast saksarbeidsfeil ved behandlinga av klagesaka om avvising.

Sjølv om ein person ikkje er part i ei sak, kan det vere at han eller ho har rett til å klage på vedtaket. I forvaltningsloven § 28 fyrste ledd, står det: «Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse».



Når klagar tok kontakt med kommunen og meinte at han var part i saka om frådelling, var det riktig av kommunen å be han om å sette fram klage slik at kommunen kunne ta stilling til om han hadde rettsleg klageinteresse etter forvaltningsloven § 28. Kommunen sende ut informasjon om dette til klagar, med opplysingar om kva som skulle til for at han skulle sjåast på å ha rettsleg klageinteresse. Han fekk og ein klagefrist. Fylkesmannen finn ingen feil ved saksarbeidet så langt.

Vi ser og at det er gjort eit vedtak i Formannskapet som kan bli mistydd då det her blir slått fast at det skal gjevast klagerett på vedtaket etter jordlova. Vedtaket, saman med eit brev frå kommunen der det vart presisert at vedtaket måtte bli forstått slik at det vart gitt utsetjing på handsaming av saka etter plan- og byggeloven til jordlovsaka var behandla, vart sendt til Halvor Nordahl med kopi til klagar.

Fylkesmannen vil notera at det etter reglane til forvaltningsloven er slik at det er Fylkesmannen som er klageorgan i klagesaker. Klaga skal settast fram for det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket, og dei skal forberede saka og gjere dei undersøkingar klaga gjer grunn til før klaga sendast til Fylkesmannen.

I denne saka er det Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift sitt vedtak om avvising som er klaga på, og det er såleis dei som skal forberede og undersøke saka før den eventuelt vert å sende til Fylkesmannen.

Om Formannskapet gir klagerett på Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift sitt vedtak, er det såleis ein saksarbeidsfeil. Vedtaket inneheldt heller ingen vurdering av reglane som gjeld rettsleg klageinteresse.

Fylkesmannen syner til at kommunen, saman med vedtaket i Formannskapet, sende ut eit brev der kommunen slår fast at vedtaket vert å forstå slik at det berre gir utsetjing etter plan- og bygningsloven. Då brevet og vedtaket kom samstundes til klagar, har ikkje vedtaket gitt forventingar om noko anna enn det som står i brevet frå kommunen. Vi meiner difor at vedtaket frå Formannskapet ikkje er eit vedtak etter jordlova, og at det ikkje gjer at klagar får rettsleg klagerett på jordlovsvedtaket.

For orden si skuld vil vi notera at om Formannskapet hadde gjort eit slikt vedtak, ville det vore ugyldig etter forvaltningsloven § 41. Her går det fram at eit vedtak vil vere ugyldig dersom ein saksarbeidsfeil har verka bestemmande på vedtaket sitt innhald. Då Formannskapet ikkje gjorde vedtaket etter jordlova, skal dei heller ikkje ta stilling til klaga. Då dei heller ikkje har gjort ei reell vurdering av retten til å klage, er saksarbeidsfeilen bestemmande for vedtakets innhald og vedtaket vil vere ugyldig.

Fylkesmannen har vidare sett på om saksarbeidet føre vedtak om avvising og sjølv vedtaket om avvising i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift, lir av saksarbeidsfeil.

Etter forvaltningsloven § 16 skal kommunen varsle klagar før vedtak om avvising blir gjort, og han skal få høve til å uttale seg. Etter forvaltningsloven § 17, skal kommunen sørge for at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak blir gjort.

Klagar har fått fire brev om rettsleg klageinteresse frå kommunen. Det er i breva opplyst kvifor dei ikkje ser klagar som part i saka eller å ha rettsleg klageinteresse. Han er og gitt oppfordring til å klage og frist for å klage. Informasjon om saksgang ved klage er og gitt.

Ut frå den informasjon kommunen har gitt, har klagar nytta seg av retten sin til å klage, og han har gitt fråsegn både før og etter at saka blei send Fylkesmannen for avgjerd. Slik vi ser det, har kommunen sitt saksarbeid gjort klagar i stand til å ta vare på sine interesser både før vedtaket om avvising blei gjort, og etter at vedtaket blei fatta. Vi kan difor ikkje sjå at det har tyding for saka at vedtaket om avvising av klage vart gjort i eit telefonmøte og ikkje i eit offentleg møte. Vi kan heller ikkje sjå at det har tyding for



saka at møtetidspunkt og agenda ikkje vart offentleggjort, då klagar var varsla skriftleg og hadde fått høve til å uttalte seg om saka før vedtaket blei gjort. Klagar har såleis fått nok informasjon til at han kunne vareta interessene sine, og det finnast ikkje saksarbeidsfeil som har verkt bestemmande på innhaldet til vedtaket.

Fylkesmannen finn at vedtaket om avvising av klage er gyldig.

4.3. Rettsleg grunnlag - avvising av klage

Det er forvaltningsloven si § 28 som kjem til bruk i saka. Avgjerda sin fyrste ledd, lyder:

«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen)».

Etter rundskriv M-1/2013 punkt 4.3 frå Landbruks- og matdepartementet, går det fram at «(k)lagerett vil også andre med «rettsleg klageinteresse» ha. Det er ikkje noko krav om at vedtaket må ha rettslege konsekvensar for klagaren. Det er tilstrekkeleg at interessene til klagaren er av ein slik art og styrke at det er rimeleg at han får vedtaket overprøvt av eit overordna organ. Ein nabo som for eksempel hevdar at frådellinga vil gi direkte og konkret pårekelege ulemper av ei viss tyngd og eit visst omfang for utøvinga av landbruksarbeidet hans, kan ha rettsleg klageinteresse».

4.4 Fylkesmannen si vurdering av klagerett på vedtak om frådelling etter jordlova

Fylkesmannen legg til grunn at det som skal handsamast er om klagar har rettsleg klageinteresse på vedtaket om frådelling etter jordlova.

Som det går fram over, må vedtaket om frådelling gjere at klagar får direkte og konkrete, pårekelege ulemper av ei viss tyngd og omfang for utøvinga av landbruksverksemda si for at han skal ha rettsleg klageinteresse. Som døme kan nemnast at klagar leiger jordareal på eigedomen og at han mister denne leigeretten ved frådelling.

Det at klagar har eit ønske om å kjøpe heile eller delar av eigedomen, gjer såleis ikkje at han får rettsleg klageinteresse, heller ikkje om landbrukseigedomen som skal frådelast opphavleg kom frå den landbrukseigedomen han no eiger.

Når det gjeld kjøpskontrakta og om den har eit slikt innhald som klagar påstår, er dette eit forhold som korkje Fylkesmannen eller kommunen har mynde til å avgjere. Fylkesmannen har kontrollert opp mot grunnboka, og kan ikkje sjå at det er tinglyst nokre avgrensingar på eigarforholdet til eigedomen. Om klagar meiner at det finnast bindande, rettslege avgrensingar på eigedomen etter kjøpskontrakta, er dette eit forhold han i så fall må bringe inn som ein privatrettsleg sak for domstolsapparatet.

Klagar har og merknader kring bevaring av kulturlandskapet, naturmangfoldsloven, manglande vurdering av alternativ etter jordlova, helse og omsynet til Kviteseid. Fylkesmannen kan ikkje sjå at slike forhold vil gje direkte og pårekelege ulemper for klagaren si landbruksverksemd. Om det likevel skulle vere slike ulemper, kan vi ikkje sjå at dei vil vere av ei slik tyngde og omfang at dei kan gje rettsleg klagerett.

Klagar har undra seg over informasjonen frå Halvor Nordahl om at det finst ein tinglyst vegrett.

Fylkesmannen har innhenta grunnboka til gbnr. 54/6. Vi ser at det den 10. desember 1951 vart tinglyst ei avgjerd om veg med rettshavar gbnr. 54/2. Av Landbrukdirektoratets landbruksregister, ser vi at eigar av gbnr. 54/2 er klagar. Vi legg difor til grunn at slik tinglyst vegrett finst.



Fylkesmannen har og sett nærmare på veggen. Av NIBIO sitt gardskart, ser vi at brua og den felles veggen ligg på gbnr. 54/6. Veggen deler seg i to eit stykke etter brua. Den eine delen fører gjennom gbnr. 54/6 og fram til gbnr. 54/2. Den andre går til tunet som skal frådelast.

Fylkesmannen har forståing for at klagar er usikker på korleis avtala om bruk av veggen vil bli om det kjem ein ny brukar inn i avtala. Det er likevel berre om klagaren får ulemper av ein viss storleik og omfang i drifta av landbrukseigedomen hans at dette kan få tyding i saka.

Fylkesmannen har fyrst sett på om klagar sin rett til å bruke veggen blir råka. Veggen, med brua og den delen som fører til klagar sin eigedom, blir liggjande på Halvor Nordahls eigedom gbnr. 54/6 akkurat som han gjer i dag. Då eigar av gbnr. 54/2 har ein tinglyst vegrett, kan vi ikkje så at det vil få tyding for retten hans til å bruke veggen at tunet skiftar eigar.

Vidare har vi sett på om det er sannsynleg at nye eigarar på tunet vil gje auka slitasjeutgifter på veggen. Halvor Nordahl bur på tunet i dag, men han eig også ein eigedom i Tokke kommune. Han har eit ønske om å flytte frå tunet og til den andre eigedomen han har. Nye eigarar på tunet vil såleis erstatte dagens eigarar på tunet, og det er ikkje grunn til å tru at dette nødvendigvis vil føre til auka slitasje på veggen. Halvor Nordahl vil behalde resten av gbnr. 54/6, og drive eigedomen som før. Heller ikkje dette vil nødvendigvis gje auka utgifter av nokon grad til vedlikehald.

Det kan vere at det må fattas ei ny avtale om fordeling av vedlikehaldsutgifter på veggen når det kjem inn ein tredjepart, men Fylkesmannen kan ikkje sjå at det å inngå ein slik avtale vil gje ulemper av ein slik storleik eller omfang at det råkar drifta av klagar sin landbrukseigedom.

4.4. Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen finn at klagar ikkje har rettsleg klageinteresse etter forvaltningsloven § 28. Det gjer at klaga ikkje vart teken til følgje.

Fylkesmannen stadfestar Kviteseid kommune sitt vedtak av 18. mars 2019 der kommunen med heimel i forvaltningsloven § 28 avviser klage på frådeling av gbnr. 54/6 i Kviteseid kommune.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

Med hilsen

Jon Randby (e.f.)
fagsjef

Elisabeth Hammer
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Halvor Nordahl Dalanvegen 1800 3850

Mottakerliste:
KVITSEID KOMMUNE SAMFUNNSUTVIKLING OG
TEKNISK DRIFT
Vidar Haugen

Kviteseidgata 13 3850 KVITSEID
Brunkebergvegen 227 3850



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet 2019-2023	89/19	14.11.2019

K - Søknad om konsesjon for å kjøpe landbrukseigedomen - 76/3 og 4 og 89/10 - Brekke søndre m.fl.

Vedlegg:

- 1 Konsesjonssøknaden 03.10.2019
- 2 Konklusjonen i verdivurderinga til Auver Brokka 05.06.2019
- 3 Gardskart for eigedomen

Faktiske tilhøve:

Kjøpar: Vidar Andreas Tveiten, Kapteinsgata 13, 3840 Seljord
Seljar: Åsmund Høydal, Morgedalsvegen 83, 3848 Morgedal

Kjøpesum: 4 800 000

Formålet med kjøpet: Å bu på og drive eigedomen.

I følge gardskartet har eigedomen følgjande areal i dekar:

Fulldyrka mark	Overflatedyrka mark	Innmarksbeite	Produktiv skogsmark	Andre markslag	Totalt areal
38	0	18	1091	235	1382

Bygningane på eigedomen er: Våningshus, driftsbygning, loft, bur, vårfjøs og smie. I tillegg ei hytte, fjøs og høyløe på stølen Kåvsås.

Eigedomen ligg i LNF-område i kommuneplanen.

Vurdering:

Vi skal vurdere søknaden i samsvar med konsesjonsloven §§ 9, 9a og 11 der det mellom anna heiter:

«§ 9.(særlige forhold for landbrukseiendommer)

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særlig vekt på:

1. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,
2. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,
3. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,
4. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet...

§ 9 a.(priskontroll ved erverv av landbrukseiendom)

Ved avgjørelse av en søknad om konsesjon på erverv av bebygd eiendom med mer enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord som skal nyttes til landbruksformål, skal det i tillegg til momentene som er nevnt i § 9, legges særlig vekt på om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling. En slik vurdering av prisen skal også gjennomføres ved erverv av ubebygd eiendom som skal nyttes til landbruksformål, med mindre eiendommen er en ren skogeiendom.

Departementet kan gi forskrift om at prisvurderingen etter første ledd skal unnlates ved erverv av bebygd eiendom med et brukbart bolighus, dersom den avtalte prisen ikke overstiger en fastsatt beløpsgrense.

§ 11.(vilkår for konsesjon)

Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.

Kongen skal ut fra hensynet til bosetting, helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskap ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om boplikt, og om boplikten skal være en personlig plikt for eier.»

Busettingsomsynet:

Søkaren har opplyst at han vil busette seg på eigedomen innan eitt år og bu der samanhengande i minst fem år. Vi bør sette vilkår om personleg buplikt i samsvar med dette. Erfaring har vist at eigedomar der eigaren bur sjølv blir best drive og tatt vare på, og det er også størst sjanse for at busettinga blir varig.

Driftsmessige forhold:

Kjøparen vil leige bort jordbruksarealet. Dette er ei akseptabel løysing. Jordbruksarealet er relativt lite og driftsbygningen er gamaldags. Det er fleire husdyrbrukarar i området og trong for jordbruksarealet som tilleggsjord. Seljaren har også leigd bort jordbruksarealet. Det meste av skogen ligg i ein teig med bra vegnett.

Personlege forhold:

Vi reknar kjøparen som godt skikka til å drive eigedomen. Han har tilknytning til området gjennom familien sin.

Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet:

I seinare tid har fleire eigedomar i området blitt kjøpt som tilleggsareal. At ein relativt liten driftseining no er kjøpt som sjølvstendig driftseining er med på å oppretthalde ein variert bruksstruktur i området. Kjøparen har til formål å busette seg på eigedomen. Det er sannsynleg at det vil føre til varig busetting. Det er ei god løysing med omsyn til forvaltning av arealressursane og kulturlandskapet.

Priskontroll:

Eigedomen er bygd, har meir enn 35 dekar dyrka mark, eit bra bustadhus og kjøpesummen er ikkje under 3,5 millionar kroner. Kjøpet er derfor underlagt priskontroll. Verdsettingsprinsippa er avkastingsverdi for jord, skog og utmark og kostnadsverdi for bygningar (jf. rundskriv M-3/2002 frå LMD).

Seljaren har fått laga ein takst/verdivurdering før salet. Takstmannen skriv at han har lagt til buverdi/tunverdi. Det går ikkje fram av verdivurderinga kor stort dette tillegg er.

I runskriv M-3/2002 frå LMD punkt 8.6.3 går det fram at ein kan gi bustadhuset eit tillegg for buverdi i område der kostnadsverdien for bustadhus på landbrukseigedomar er vesentleg lågare enn verdien av bustader på tomt. Det gjeld ikkje i Morgedal. Det er derfor feil å legge til buverdi til kostnadsverdien på våningshuset.

Verdsettinga av dei enkelte delane av eigedomen i verdivurderinga til seljaren samanlikna med vår vurdering:

	Verdivurderinga til seljaren	Vår vurdering
Jordbruksareala	200 000	150 000
Skog + jakt	1 500 000	1 100 000 + 100 000
Våningshuset (inkl. buverdi)	2 500 000	2 000 000
Loft	200 000	150 000
Bur	150 000	100 000
Driftsbygning	300 000	300 000
Vårfjøs	20 000	20 000 (ikkje vurdert)
Smie	10 000	10 000 (ikkje vurdert)
Husa på stølen Kåvsås:		
Hytte	50 000	50 000 (ikkje vurdert)
Fjøs og høyløe	20 000	20 000 (ikkje vurdert)
Sum	4 950 000	4 000 000

Det er opplyst at jordarten er morenejord, for ein del med mykje stein, og jordbruksarealet er bratt. Den største delen av jordbruksarealet har helling mellom 1:5 og 1:3, men ein god del er også brattare enn 1:3.

Om skogen er det mellom at opplyst at total kubikkmasse er rekna til 9514 m³, 47% av skogarealet har hogstklasse 4 og 5, total tilvekst er rekna til 354 m³ og balansekvantumet til 268 m³.

Bygningane er generelt godt vedlikehaldne og det er opplyst at dei har middels teknisk tilstand.

Vi har med dette vurdert dei fem momenta som i følgje konsesjonsloven har særskilt vekt. Eitt av dei, etter vår vurdering klart for høg pris, talar mot å gi konsesjon. Dei fire andre talar for å gi konsesjon. Busettingsomsynet er særskilt viktig. Vi kan ikkje sjå at det er andre vesentlege moment for konsesjonsspørsmålet, og vi meiner at det er ein overvekt av moment som talar for å gi konsesjon.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir konsesjon til Vidar Andreas Tveiten til å kjøpe landbrukseigedomen Brekke søndre 76/3,4 og 89/10 i samsvar med søknaden 03.10.2019 på vilkår av at han buset seg på eigedomen innan eitt år frå han overtek eigedomen og bur der i minst fem år samanhengande.

Vi meiner at ein overvekt av dei momenta som i følgje konsesjonsloven har særskilt vekt, talar for å gi konsesjon sjølv om prisen synest å vere høg.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §§ 9, 9a og 11.



Søknaden skal sendes til kommunen der eiendommen ligger

Før søknaden fylles ut, bør du undersøke om ervervet er konsesjonsfritt. Jf. rettleidingen på side 3 og 4

Til ordføreren i Kviteseid Kommune
(den kommende kommunen der eiendommen ligger)



Søknad om konsesjon skal sendes til ordføreren i den kommunen eiendommen ligger innen fire uker etter at avtalen er inngått eller erververen fikk rådighet over eiendommen. På side 3 skal du redegjøre for forhold av betydning som ikke fremgår av svarene på de spørsmål skjemaet inneholder. Skjøte, kjøpekontrakt, leiekontrakt eller annen avtale samt takst skal legges ved i original eller bekreftet avskrift i den utstrekning slike dokumenter foreligger. Gjelder ervervet landbrukseiendom, skal skogbruksplan legges ved dersom slik plan foreligger.

1	Søkerens navn (slektsnavn, for- og etternavn) Vidar Andreas Tveiten	Fødselsnummer. (11 siffer) 130397-
2	Adresse Kapteinsgata 13 / 3840 SELJORD	Organisasjonsnr. (9 siffer)
3	Telefonnr. (8 siffer) 46822227	Epost-adresse vidaratv@nenett.no
4	Overdragerens navn Åsmund Høydal	Fødselsnr. (11 siffer) 060452-
5	Adresse Morgedalsvegen 83 3848 Morgedal	Organisasjonsnr. (9 siffer)
6	Eiendommen(e)s eller rettigheten(e)s betegnelse (navn, gnr., bnr., festnr. e.l.) Gnr. 76 Bnr. 3 og Gnr. 89 Bnr. 10 og Gnr. 76 Bnr. 4	
7	Kjøpesum / leiesum pr. år (ved arv eller gave oppgi antatt verdi) 4 800 000,-	Kår av 5-årlig verdi
8	Kommune Kviteseid	Fylke Telemark
9	Arealets størrelse 138 700	Arealets fordeling på dyrket jord, produktiv skog og annet areal
10	Hvis skogbruksplan foreligger, oppgi fordeling på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantum for produktiv skog	

Beskrivelse av nåværende bebyggelse på eiendommen (bolighus, hytte, driftsbygning, forretningsgård, industri o.l.)

Bygning	Grunnflate i kvm	Byggeår	Antall etasjer	Teknisk tilstand (god, middels eller dårlig)
Våningshus	78	1881	2	Middels
Bygning Kårbolig/tilbygg		1976		Middels
Bygning Loft	26	1797	1	Middels
Bygning Veslebur	17	1750	1	Middels
Bygning Driftsbygning	275	1950	2	Middels
Bygning Vårfjøs/smie	50 / 30	Ukjent	1	Middels
Bygning Hytte	38	Ukjent	1	Middels
Annen bebyggelse Fjos og Høyløe; Bygningene står på tunet ved Kåvsås 25/20 kvm. Ukjent byggeår – Middels standard				

Med sikte på å redusere næringslivets oppgaveplikter, kan opplysninger som avgis i dette skjema i medhold av lov om Oppgaveregisteret §§ 5 og 6, helt eller delvis bli benyttet også av andre offentlige organer som har hjemmel til å innhente de samme opplysningene. Opplysninger om eventuell samordning kan fås ved henvendelse til Oppgaveregisteret på telefon 75 00 75 00

12	Rettigheter som ligger til eiendommen eller som er avtalt i forbindelse med overdragelsen	
13	Eier eller leier søkeren, hans ektefelle eller barn under 18 år annen fast eiendom i kommunen? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei I tilfelle hvilke?	
14	Eier eller leier søkeren, hans ektefelle eller barn under 18 år fast eiendom i andre kommuner? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei I tilfelle hvilke?	
15	Beskriv hvordan eiendommen brukes i dag (gjelder ervervet landbrukseiendom, beskriv eiendommens drift) Boligen er bebodd og jorda leies ut.	
16	Erververens planer for bruk av eiendommen Eigar skal bu i boligen og leige ut jorda.	
Spesielt for jord- og skogbrukseiendommer (landbrukseiendommer)		
17	Ved erverv av tilleggsjord oppgi gnr og bnr på den eiendommen søkeren eier fra før	
18	Søkerens kvalifikasjoner (teoretisk og/eller praktisk erfaring fra jord- og skogbruk)	
19	Vil søkeren forplikte seg til å bosette seg på eiendommen innen 1- ett - år og selv bebo eiendommen i minst 5 - fem - år sammenhengende? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Jeg søker konsesjon fordi jeg ikke skal bosette meg på eiendommen. Jf konsesjonsloven § 5 annet ledd	
20	Har overdrageren annen fast eiendom i kommunen som ikke omfattes av overdragelsen? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei I tilfelle hvilke? (oppgi gnr/brnr/fnr e.l.)	
21	Er det flere søkere, bes opplyst om søkerne er gifte eller samboere	
22. Underskrift		
Dato	Overdragerens underskrift	
03.10.19		
Dato	Søkerens underskrift	
03/10.19		
Underretning om avgjørelsen bes sendt til		
Oversikt over vedlegg til søknaden		

Skjemaet er tilgjengelig på www.landbruksdirektoratet.no under «Skjema» Spørsmål om utfylling skal rettes til kommunen.

KONKLUSJON:

Eigedomen Sudigard Brekke er ein vanleg landbrukseigedom i Morgedal i Kviteseid kommune. Eigedomen har lite fulldyrka jordbruksareal. Arealet er brattlendt.

Eigedomen har ca 1000 dekar produktivt skogareal. I skogen stend ein god del kubikkmasse på drivbart areal. Fin hogstklassefordeling. Skogen har bra vegnett. Blir opplyst at delar av skogen ikkje treng nye vegar. Blir opplyst at her er allsidig god jakt på denne eigedomen.

Våningshuset på eigedomen er eit stort hus med mykje rom som i si tid vart påbygd og innretta slik at ein del av huset skulle vera kårbolig. For at huset skal framstå i dag som eit hus med 2 fullverdige boenheter, må her oppgraderast ein god del i kjøkkenet og badet og vaskeromet i tilbygget frå 1976.

Våningshuset er mykje påkosta og oppgradera i 1980 – 1990 åra, og har i dag ein god boligstandard.

Ellers er huset halde godt vedlike både utvendig og innvendig.

Loftet vart restaurera for 3 år sidan, og er i no i god stand.

Veslebur vart mykje restaurera for 5 år sidan, og er no i svært god stand.

Driftsbygningen er ein tradisjonell husdyrbygning med myke volum og rom. Husdyrroma er utidsmessige og har bare verdi som lager. Delar av bygningen er forandra og oppgradera til å ha ein bra bruksverdi som lager og garasjerom.

Bygningen er halde godt vedlike, og her er bra tak. Bygningen er i god stand.

Vårfjos og smie er gamle enkle hus med liten bruksverdi. Husa er halde godt vedlike.

Hus på staulen Kåvsås er enkle gamle hus. Hytta er halde godt vedlike og er i god stand. Fjoset og høyløa er og enkle gamle hus i brukbar stand.

Eigedomen ligg lettvent og fint til med rimeleg avstand til kommunesenter i Kviteseid.

Ved verdsettinga har eigedomen blitt tillagt ein buverdi/ tunverdi.

VERDSETTING:

Jord	200.000,-
Skog og jakt	1.500.000,-
Våningshus inkl. buverdi/ tunverdi	2.500.000,-
Loft	200.000,-
Veslebur	150.000,-
Driftsbygning	300.000,-
Vårfjos	20.000,-
Smie	10.000,-
<u>Hus på staulen Kåvsås:</u>	
Hytte	50.000,-
Fjos + høyløe	20.000,-
<u>Samla full verdi</u>	<u>4.950.000,-</u>


Etter ei samla vurdering og etter beste skjønn verdsettast eigedomen Sudigard Brekke, gnr. 76, bnr. 3 og 4 , og gnr. 89, bnr. 10 i Kviteseid kommune til denne verdi

Kr. 4.950.000,- kroner firemillionarnihundreogfemtiusen 00/100-.

Seljord, 05. juni 2019.

Takstmann:

Auver Brokka
Medlem Norsk Landbrukstakst SA
Tlf. 91365404



0 100 200 300m
 Målestokk 1: 12500 ved A4 utskrift
 Utskriftsdato: 06.11.2019 10:16
 Eiendomsdata verifisert: 06.11.2019 10:16

GÅRDSKART 0829-76/3/0
 Tilknyttede grunneiendommer:
 76/3/0



Markslag (ARS) 7 klasser
 TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Produktiv skog
	Annet markslag
	Bebygd, samf., vann, bre
	Ikke klassifisert
Sum	


AREALTALL (DEKAR)

38.4	
0.0	
18.3	56.7
1058.9	1058.9
214.9	
18.5	233.4
0.0	0.0
1349.0	1349.0

Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser
- Eiendomsgrenser
- Driftssenterpunkt



0 50 100 150m
 Målestokk 1: 5000 ved A4 utskrift
 Utskriftsdato: 06.11.2019 10:36
 Eiendomsdata verifisert: 06.11.2019 10:35

GÅRDSKART 0829-89/10/0
 Tilknyttede grunnlendommer:
 89/10/0



Markslag (AR5) 7 klasser TEGNFORKLARING		AREALTALL (DEKAR)	
	Fulldyrka jord	0.0	
	Overflatedyrka jord	0.0	
	Innmarksbeite	0.0	0.0
	Produktiv skog	32.2	32.2
	Annet markslag	1.5	
	Bebyggd, samf., vann, bre	0.0	1.5
	Ikke klassifisert	0.0	0.0
	Sum	33.7	33.7

Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser
- Eiendomsgrenser
- Driftssenterpunkt



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet 2019-2023	90/19	14.11.2019

K - Søknad om konsesjon for å kjøpe egedomen - 20/94 - Norheim nedre

Vedlegg:

- 1 Konesjonssøknaden 25.10.2019
- 2 Kart over tomte
- 3 Oversiktskart

Faktiske tilhøve:

Kjøparar: Ann Iren Dale og Thor Odd Øigarden, Framnes 32, 3854 Nissedal
Seljar: Kari Rasmussen, Franklinveien 22b, 3260 Larvik

Formålet med kjøpet: Fritidseigedom med mogleg fast busetting på sikt.

Egedomen er ein 2,9 dekar stor bustadeigedom, som ligg i Bergstovegen om lag 2km frå Fjågesund. Kjøpet er konsesjonspliktig pga. nedsett konsesjonsgrense i Kviteseid.

Seljaren overtok egedomen saman med ektefellen i 2005. Dei nytta eigenfråsegn om konsesjonsfridom og stadfesta at egedomen skulle nyttast som heilårsbustad. Seljaren overtok ektefellen sin halvdel i 2018. Ho har lagt egedomen ut for sal som fritidseigedom.

Egedomen ligg i LNF-område i kommuneplanen.

Vurdering:

Vi skal vurdere søknaden i samsvar med konsesjonsloven §10 der det heiter:

«§ 10.(særlige forhold ved avgjørelser av saker etter forskrift om nedsatt konsesjonsgrense)

Departementet skal gi konsesjon når det ikke er nødvendig å hindre at eiendommen blir brukt til fritidsformål. Ved denne avgjørelsen kan det blant annet legges vekt på eiendommens beliggenhet, herunder om det området der eiendommen ligger i har karakter av å være et utpreget fritidsområde, bebyggelsens art og standard, hvor lang tid det er gått siden eiendommen er brukt som helårsbolig, hvor lang tid den ble brukt som helårsbolig, og om det er påregnelig at andre vil kjøpe eiendommen for å bruke den til helårsbolig.

Konsesjon skal også gis dersom departementet finner det godtgjort at eiendommen bare kan avhendes som helårsbolig til en pris som er vesentlig lavere enn prisenivået for tilsvarende helårsboliger i området.»

I vest grensar konsesjonseigedomene mot ein skogteig som Nils Torjus Østenå eig. Dei fire andre nærmaste eigedomane har ikkje fast busetting. Det er uvisst når det sist budde nokon fast på konsesjonseigedomene. Det ber også huset preg av. Kjøpesummen er kr 1 425 000. Det er ikkje sannsynleg at nokon ville kjøpt eigedomene til heilårsbustad sjølv om prisen hadde vore vesentleg lågare.

Kjøparane har tilknytning til området med oppvekst i Tørdal og i Fjågesund. Dei bur i Nissedal og har relativt kort veg til konsesjonseigedomene, som dei truleg kjem til å bruke mykje. I seinare tid har vi gitt konsesjon til kjøp av to andre tilsvarende eigedomar i Fjågesund og i Kilen. Det er truleg ei god løysing for konsesjonseigedomene også.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir konsesjon til Ann Iren Dale og Thor Odd Øigarden til å kjøpe eigedomene Norheim nedre 20/94 til fritidsformål i samsvar med søknaden 25.10.2019. Vi kan ikkje sjå at det er nødvendig å hindre dette.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §10 og delegert mynde til kommunen.

Landbruksdirektoratet
Eanandoaltdirektoráttta

25 OKT. 2019

Ark.kode
Saksnr.
Kassajohn

Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom etter konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98

Det er eit krav at du nyttar dette skjemaet når du søker om konsesjon

Søknaden skal sendast til kommunen der eigedomen ligg

Tøm skjema

Før du fyller ut, bør du undersøke om overtakinga er konsesjonsfri, jf. rettleinga på side 3 og 4

Til ordføraren i Kviteseid
(kommunen der eigedomen ligg)


Søknad om konsesjon skal sendast til ordføraren der eigedomen ligg innan fire veker etter at avtalen er inngått eller overtakaren har fått rådevelde over eigedomen. På side 3 skal du gjere greie for viktige tilhøve som ikkje går fram av svara som er gitt på spørsmåla i felt 1-22. Skøyte, kjøpekontrakt, leigekontrakt eller annan avtale og dessutan takst skal leggst ved i original eller stadfest avskrift dersom det fins slike dokument. Gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal skogbruksplan leggst ved, dersom det fins ein slik plan.

1	Namnet på søkeren (slektsnamn, føre- og mellomnamn)	Fødselsnr. (11 siffer)
	Annren Dale Thor odd Olgarden	071088 110989
2	Adresse	Organisasjonsnr. (9 siffer)
	Framres 3a 3854 Nisseedal	
3	Telefonnr. (8 siffer)	E - postadresse
	9936269 / 41755433	Annren1@hotmail.com
4	Namnet til overdragaren	Fødselsnr. (11 siffer)
	Kari Rasmussen	230762
5	Adresse	Organisasjonsnr. (9 siffer)
	Franklinveien 22B 3260 Larvik	
6	Nemninga på eigedomen/ane eller retten/ane (namn, gnr., bnr., festnr. e.l.)	
	Norheim nedre gnr. 20 bnr. 94	
7	Kjøpesum/leigesum pr. år (ved arv eller gave skal ein føra opp pårekna verdi)	Kår av 5-årig verdi
	1.425.000	
8	Kommune	Fylke
	Kviteseid	Telemark
9	Arealstorleik	Korleis arealet fordeler seg på dyrka jord, produktiv skog og anna areal
	2916.6	
10	Viss det ligg føre ein skogbruksplan, før opp fordelinga på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantum for produktiv skog	

Bygningar som står på eigedomen i dag (bustadhus, hytte, driftsbygning, forretningsgard, industri o.l.)

Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Hus	94 m ²	1916	1 1/2	Middels
Låvebygning	124 m ²			Middels
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Andre bebygningar				

Med sikte på å redusere verksemdene sine oppgaveplikter, kan opplysningane du gir i dette skjema i samsvar med lov om Oppgaveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta òg av andre offentlege organ som har heimel til å innhente dei same opplysningane. Opplysningar om eventuell samordning kan du få ved førespurnad til Oppgaveregisteret på telefon 75 00 75 00.

12	Rettar som ligg til eigedomen eller som er avtala i samband med overdraginga	
13	Eig eller leiger søkaren, ektemaken hans/hennar eller borna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i kommunen? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	I tilfelle kva for eigedomar?
14	Eig eller leiger søkaren, ektemaken hans/hennar eller borna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i andre kommunar? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	I tilfelle kva for eigedomar? Bodighus Nissedal Kommune
15	Gjer greie for korleis eigedomen blir nytta i dag (gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal ein gjere greie for drifta av eigedomen) Fritidseiendom	
16	Kva planer har overtakaren for bruken av eigedomen? Oppussing/vedlikehald framtidig busetting usikre når	
Særskilt for jord- og skogbrukseigedomar (landbrukseigedomar)		
17	Ved overtaking av tilleggsjord skal ein her føra opp gnr. og bnr. på den eigedomen søkaren eig før	
18	Kvalifikasjonane til søkaren (teoretisk og/eller praktisk røynsle frå jord- og skogbruk)	
19	Vil søkaren forplikta seg til å busette seg på eigedomen innan 1 – eitt – år og sjølv bu på eigedomen i minst 5 – fem – år samanhangande? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Eg søker konsesjon fordi eg ikkje skal busette meg på eigedomen, jf konsesjonslova § 5 annet ledd	
20	Har overdragaren annan fast eigedom i kommunen som ikkje følger med i overdraginga? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	I tilfelle kva eigedomar? (gnr./bnr./fnr. o.l)
21	Er det fleire søkarar, skal det opplysast om søkarane er gifte eller sambuarar	
22. Underskrift		
Dato	Underskrifta til overdragaren	
Dato 25.10.19	Underskrifta til søkaren Annken Dale 	
Desse skal ha melding om avgjerda		
Oversyn over vedlegg til søknaden		
Skjemaet er tilgjengeleg på www.landbruksdirektoratet.no under «Skjema» Spørsmål om utfylling rettast til kommunen.		

Eventuelle tilleggsopplysningar

Me har familie og store relasjonar til bygda eigedommen ligger i, og kjem med det til å benytte eigedommen mest mulig av vår fritid! Eigdommen har i dag ikkje vart busett på ca. 20 år, og dette medfører nødvendig restaurering av hus og uteområde. Me har eit ønske/plan om framtidig bosetting når den yngste sonnen vår begynner på vgs. nok som er om 10 år. Me ser det i dag vanskeleg med og bosette oss der sidan huset treng restaurering, og barna våre har tilhørighet her i nissedal til venner, skule og fritidsaktiviteter, alt av fritidstilbud og skule ligger kort veg frå huset der me bur i dag.

Rettleiing

Generelt om konsesjonslova

Ei tileigning eller eit kjøp ("ervert") er eit uttrykk for alle måtar ein kan få ein eigedom på; eksempelvis gjennom kjøp, arv, gåve osv. Konsesjon er ei fullmakt frå staten. Den som blir ny eigar av eigedomen er tileignar. Overdragar er førre eigar. Ei konsesjonspliktig tileigning kan ikkje tinglysast utan at det er gitt konsesjon.

[Konsesjonslova av 28. november 2003](#) fastsett at alle tileigningar/kjøp ("ervert") av fast eigedom, og stifting av bruksrett for lengre tid enn 10 år, er konsesjonspliktig med mindre det er gjort unntak i lova eller forskrifter fastsette i medhald av lova. Som tileigning/kjøp reknar ein også tileigning/kjøp av delar eller partar i en eigendom.

Er du usikker på om tileigninga/kjøpet er konsesjonspliktig eller har du spørsmål om konsesjonsbehandlinga, kan du spørre kommunen der eigedomen ligg for å få svar.

A. Avhendingar som ikkje treng konsesjon

Det følgjer av konsesjonslova §§ 4 og 5 og [forskrift om konsesjonsfrihet mv.](#) (fastsett 8. desember 2003) kva tileigningar som er unntatt frå konsesjonsplikta. Hovudregelen er at du kan tileigne deg bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 35 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord utan å søke konsesjon. Det same gjeld tomter til bustad, fritidshus eller naust, og anna ubebygd areal som er lagt ut til anna enn landbruks-, natur- og friluftsområde og reindrift. Tileigning frå nær familie og tileigningar gjennom odelsrett er også unntatt frå konsesjonsplikt. Konsesjonsfrihet som følgjer av føresegnene i § 4 første ledd nr. 1-4 og § 5 første ledd nr. 1 og 2 skal godtgjerast ved skjema for eigenfråsegn LDIR-360. Skjemaet er tilgjengeleg på www.landbruksdirektoratet.no under "Skjema". Eigenfråsegna skal leverast til kommunen. Fråsegna skal kontrollertast og stadfestast av kommunen. Kommunen fører kontroll med at konsesjonslova blir følgd.

Eit vilkår for konsesjonsfridom på grunn av ekteskap, slektskap og/eller odelsrett ved tileigning av landbrukseigedom over ein viss storleik er at du busett deg på eigedomen innan eitt år og bur der i fem år. Dette gjeld eigedomar som har meir enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka areal og/eller meir enn 500 dekar produktiv skog, og som har bygning som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, eller har bygning under oppføring der løyve til oppføring av heilårsbustad er gitt. Om du ikkje skal busette deg innan fristen på eitt år, må du søke konsesjon. Du må då krysse av i felt 19 og gjere konsesjonsmyndighetene merksame på at dette er grunnen til at du søker konsesjon.


B. Kort om saksgangen

Kommunen har avgjerdsmyndigheit i konsesjonssaker. Fylkesmannen/Landbruksdirektoratet er klageinstans.

Føresegn om overføring av myndigheit fastsett 8. desember 2003, er tilgjengeleg på www.landbruksdirektoratet.no og [www.lovdata.no](http://www lovdata.no).

Før søknaden kan tas opp til behandling, må du betale eit behandlingsgebyr. Gebyret blir fastsett og kravd inn av kommunen.

Du skal ikkje betale gebyr om du har overtatt konsesjonsfritt på grunn av odelsrett eller slektskap, og du søker konsesjon fordi du ikkje skal busette deg på eigedomen.



0 5 10 15m
 Målestokk 1: 750 ved A4 utskrift
 Utskriftsdato: 06.11.2019 15:51
 Eiendomsdata verifisert: 06.11.2019 15:51

GÅRDSKART 0829-20/94/0
 Tilknyttede grunneiendommer: 20/94/0




Markslag (AR5) 7 klasser		AREALTALL (DEKAR)	
TEGNFORKLARING			
	Fulldyrka jord	0.0	
	Overflatedyrka jord	0.0	
	Innmarksbeite	0.0	0.0
	Produktiv skog	1.2	1.2
	Annet markslag	1.7	
	Bebyggd, samf., vann, bre	0.0	1.7
	Ikke klassifisert	0.0	0.0
	Sum	2.9	2.9

Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser
- Eiendomsgrenser
- Driftssenterpunkt



0 200 400 600m
 Målestokk 1: 25000 ved A4 utskrift
 Utskriftsdato: 06.11.2019 16:00
 Eiendomsdata verifisert: 06.11.2019 15:51

GÅRDSKART 0829-20/94/0
 Tilknyttede grunneiendommer:
 20/94/0



TEGNFORKLARING	AREALTALL (DEKAR)	
Fulldyrka jord	0.0	
Overflatedyrka jord	0.0	
Innmarksbeite	0.0	0.0
Produktiv skog	1.2	1.2
Annet markslag	1.7	
Bebygd, samf., vann, bre	0.0	1.7
Ikke klassifisert	0.0	0.0
Sum	2.9	2.9

Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenneelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser
- Eiendoms grenser
- Driftssenterpunkt



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet 2019-2023	91/19	14.11.2019

Spørjeundersøking om opningstid i Brunkeberg og Kviteseid barnehage

Faktiske tilhøve:

Kommunestyret vedtok 13.06.19 ei spørjeundersøking i Kviteseid og Brunkeberg barnehage. Ein ynskte å kartlegge om det var behov å opne barnehagen kl. 07:15. I dag opnar barnehagen kl. 07:30. Dette med bakgrunn i at det er viktig å legge til rette forholda for barnefamiliar som skal ha barn i barnehage med tanke på foreldra sin arbeidskvardag. Alle familiar med barn i dei to barnehagane fekk høve til å svare på undersøkinga.

Dei fekk følgjande spørsmål:

1. Jobbsituasjonen min/vår gjer at eg/vi har behov for å levere før kl. 07:30. JA/NEI
2. Dersom barnehagen opna kl. 07:15, kom eg til å levere før kl. 07:30.
 Kvar dag (5 dagar i veka)
 3-4 gonger i veka
 1-2 gonger i veka
 Sjeldnare enn ein gong i veka
 Sjeldnare enn ein gong i månaden
 Aldri

I Kviteseid barnehage svara 19 av 35 familiar. I Brunkeberg barnehage svara 23 av 25 familiar. Kviteseid barnehage hadde ein svarprosent på 54 %. Brunkeberg barnehage hadde ein svarprosent på 92 %.

	JA, eg har behov for at barnehagen opnar kl. 07:15	NEI, eg har ikkje behov for at barnehagen opnar kl. 07:15
Kviteseid barnehage	6	13
Brunkeberg barnehage	12	11

KVITSEID BARNEHAGE	
Kvar dag (5 dagar i veka)	
3-4 gonger i veka	2
1-2 gonger i veka	4
Sjeldnare enn ein gong i veka	
Sjeldnare enn ein gong i månaden	
Aldri	

BRUNKEBERG BARNEHAGE	
Kvar dag (5 dagar i veka)	2
3-4 gonger i veka	6
1-2 gonger i veka	2
Sjeldnare enn ein gong i veka	2
Sjeldnare enn ein gong i månaden	
Aldri	

Ein går ut frå at dei familiare som ikkje har levera svar på spørjeundersøkinga er nøgd med dagens opningstider. I Kviteseid barnehage er det 6 av 35 familiar som har behov. Det utgjer 17 %. Av dei 6 familiare som svara «ja», var det 2 som svara at 07:15 ikkje var tidleg nok for å møte deira behov. I Brunkeberg barnehage er det 12 av 25 familiar som har behov. Det utgjer 48 %.

Vurdering:

I Kviteseid barnehage er det relativt få familiar som har behov for utvida opningstider. I Brunkeberg barnehage er det om lag halvparten som har behov. Det er verdt å merke seg at familiare har andre løysingar i dag, som gjer at dei likevel kan levere innanfor barnehagen sine nåverande opningstider. Det er eit politisk spørsmål å drøfte kvar grensa skal gå for kor mykje kommunen skal bruke av økonomiske midlar for å legge til rette for fleksibilitet.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som er til for barna si utvikling og læring. I

Barnehagelova er det krav til ei forsvarleg bemanning for å kunne oppfylle krav i lov og forskrift.

Barnehagen har ein rammeplan, som svarar til skulen sin læreplan, med fagområde og krav til korleis personalet i barnehagen skal jobbe.

Barnehagen er i dag open i 9 timar, og dei tilsette har 7,5 timars arbeidsdag. Skal ein utvide opningstidene, må ein auka grunnbemanninga med fleire tilsette for å drive forsvarleg.

Brunkeberg barnehage vil ha behov for ei 40 % auke i stilling i tillegg til det som er lagt inn i budsjettet for 2020. Dersom ein tek utgangspunkt i ei stilling som fagarbeider med 8 års ansiennitet, vil dette utgjere om lag 185.000,- i totale årlege kostnader.

I alle saker som omhandlar barn, er det krav til ei barnets beste vurdering jf.

barnekonvensjonen art. 3. Ei barnets beste vurdering er konkrete vurderingar i kvar einskild sak. Den skal innehalde faglege synspunkt og samfunnet sine behov sett opp mot barn sine behov. Barnets behov skal vege tungt.

Med utvida opningstid i barnehagen, vil barn få lengre barnehagedagar. Føresette som har behov for å levere tidleg, har ofte lengre reiseveg til jobb, noko som gjer at ein ofte også treng å

hente seint. Dette vil ikkje gjelde alle, men det vil gjelde nokon. Nokre barn vil få lengre dag i barnehagen, frå kl. 07:15-16:30. For barn er det jobben deira å vera i barnehagen. Dei leikar, lærer, jobbar med sosiale relasjonar, språkutvikling, motoriske ferdigheitar m.m. Ein lang arbeidsdag, kor ein heile dagen er i tett relasjon til andre opplevast ofte slitsamt for både oss vaksne og barn. Utvida opningstid i barnehagen gjer at barna har mindre tid til kvile og å vera heime og saman med foreldra sine i kvardagen.

Føresette har behov for å vera i arbeid. Geografien gjer til at enkelte kan ha reiseveg både til barnehagen, og frå barnehagen til jobb. Ikkje alle yrker er like fleksible med tanke på arbeidstid. Enkelte vil ha behov for å tilpasse jobbsituasjonen sin til barnehagen. Det kan gjerast t.d. ved å snakke med arbeidsgjevar om tilrettelegging eller samarbeide med naboar/vener eller familie. Forsking syner at små barn med lange dagar i barnehagen hadde høgare nivå av stresshormon i barnehagen enn heime (Kjelde: <https://www.utdanningsnytt.no/barnehageforskning-fagartikkel/sma-barn-med-lange-dager-har-et-hoyere-stressniva-i-barnehagen-enn-hjemme/116779>). Vi veit ennå ikkje kva dette kan gjere med barn, men vi veit at stress er eit samfunnsproblem som blant vaksne kan føre til helseplager og fråver frå arbeidslivet.

Barn i alderen 0 til 2 år er på sitt mest sårbare og tåler stress dårleg. Då er hjerneanatomien i full utvikling. Negativt stress kan påverke hjernen sine nerveceller og dei nervecellene som blir bruka til å handtere stressreaksjoner blir mest hemma (Kjelde: <https://forskning.no/partner-stress-norges-forskningsrad/stress-i-barnehagen-er-verst-for-de-minste/1230337>).

Dersom barn skal ha lange dagar i barnehagen, er det viktig at det blir lagt godt til rette for avslapping og kvile, noko som krev forsvarleg og nok bemanning.

Oppsummering

Ein lengre barnehagedag er ikkje til barnets beste. Dersom ein likevel ynskjer å prioritere fleksibilitet for foreldre, er det naudsynt at barnehagen har bemanning som kan ta i vare barna på ein god nok måte, og legge til rette for at barn reduserer stressnivået det kan påføre gjennom m.a. avslapping og kvile.

I Kviteseid barnehage er behovet lite og ein tilrår ikkje å gjennomføre endring i opningstida. I Brunkeberg barnehage er dei eit betydeleg behov hos foreldra for å levere tidlegare.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet tek saka til vitande. Finansiering av tiltaket vil bli handsama som ein del av budsjettprosessen.



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet 2019-2023	92/19	14.11.2019

Kommunedelplan kulturminne - kulturminneplan 2020 - 2023 - forslag til høyring/offentleg ettersyn

Vedlegg:

- 1 Kommunedelplan kulturminne - kulturminneplan 2020 - 2023 - Plandokument

Faktiske tilhøve:

Kommunestyret vedtok i august 2016 dokumentet *Kommunal planstrategi*. Her blei det m.a. bestemt at det skal utarbeidast ein kommunedelplan kulturminne. Ny plan- og bygningslov (pbl) seier at det ved slik rullering og må utarbeidast eit planprogram. Eit slikt planprogram for kulturminneplan vart vedteke av formannskapet i sak 58/18 24.05.18.

Planprogrammet som er ein "disposisjon for planen", inneheld også ein framdriftsplan. Det var tenkt at planen skulle vere ferdig handsama i kommunestyret i juni 2019. Dette let seg ikkje gjere.

Arbeidet med planen vart organisert gjennom ei arbeidsgruppe beståande av Tarjei Gjelstad, Gunnhild Berntsen, Anne Lise Råmunddal, Leif Roholdt og Sverre Øigarden. Prosjektleder for arbeidet har vore Johannes Skarprud, som har vore den som har skrive planen. Grappa har hatt fire folkemøte i Vrådal, Fjågesund, Kviteseid og Morgedal.

Forslag til revidert kommunedelplan, kulturminne blir nå tilrådd lagt ut til offentleg ettersyn/sendt på høyring, jf pbl §11-14. Høyringsperioden skal vere minimum seks veker. Formannskap og til sist kommunestyre vil få planen til godkjenning. Dette vil fyrst kunne skje i januar 2020.

Vurdering:

Dette er den første kommunedelplanen for kulturminne som er laga i Kviteseid kommune. Hovudmålsetjinga i planprogrammet er å få oversikt over kulturminne, få dei registrert og lage eit handlingsprogram. Det har og vore eit mål å legge til rette for at historia om utviklinga av kommunen kan bli fortalt til kommande generasjonar.

Som deltakar i mange av møta i arbeidsgruppa ser eg kor viktig det er å få kunnskapen samla på papir (eller digitalt). Den kunnskapen som kjem fram i denne planen er delvis samla frå

skriftlege kjelder, men og gjennom den kunnskapen som prosjektleiar og arbeidsgruppa har, eller har samla inn hjå andre personar med kjennskap til historia i Kviteseid. Det er ikkje i tvil om at denne planen kjem til å vere eit dokument som kan vere med på å dokumentere nokon av kulturminna i Kviteseid.

Det har vorte gjort val som avgrensar omfanget av denne planen. Det er i denne samanhengen gjort eit forsøk på å finne kunnskap som gjev kommunen hjelp til å betre kunne forvalte desse verdiane.

Som ein del av planen er det utarbeida ein handlingsplan. Dette vert kommunestyret si bestilling til administrasjonen, i høve til å gjere tiltak dei komande åra. Tiltakslista er ganske omfattande. Det vil krevje ein del å gjennomføre alt som står her. Det vert difor viktig for kommunen å få til eit godt samarbeid med dei frivillige lag og organisasjonane som har ein interesse i dette arbeidet. Dette gjeld både idrettslag, historielag turlag og andre.

Det framlagte forslaget til kommunedelplan, kulturminneplan blir tilrådd lagt ut til offentleg ettersyn/sendt på høyring i samsvar med pbl §11-14.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av pbl §11-14 legg Kviteseid formannskap forslag til kommunedelplan, kulturminneplan 2020 - 2023 ut til offentleg ettersyn og sender det på høyring. Høyringsfrist vert satt til 08.01.2020.

Kommunedelplan

kulturminne

Kulturminneplan for

Kviteseid kommune - 2020 - 2023



Vedteken i Kviteseid kommunestyre

Kulturminneplan for Kviteseid kommune

Framsdebiletet er frå døra til Tveitloftet som står på Kviteseid bygdetun. Eit av dei finaste lofta i kommunen. Første høgda er frå før 1350. Andre høgda er truleg bygd på i 1686. På 1790-talet fekk loftet truleg den utsjånaden vi kjenner i dag med hjørnestolpar og skurd. Låseskiltet på døra er identisk med kommunevåpenet til Kviteseid kommune. Kommunevåpenet for Kviteseid blei vedteke i sak 51/87 i kommunestyret. Grunngevinga for motivet som blei vald er følgjande:

«Låsskiltet symboliserar det særmerkte ved folkekulturen, bygdekunsten og bygde-tradisjonane i kommunen som vi finn bevart på Bygdetunet. Det er knytt sterk og god symbolikk til dør, lås, nykjel og velfylt stabbur. Med låsskilt som motiv vil kommunevåpenet få lokal tilknytning og identitet.»

Alle foto i denne planen utan namn, er tekne av Johannes Skarprud.

Kviteseid kommune

Adresse: Kviteseidgata 13. 3850 Kviteseid

Telefon: 35 06 81 00, e-post: post@kviteseid.kommune.no

Heimeside: kviteseid.kommune.no

Org.nr: 964 963 827.

Opningstider: 08:00 - 15:45 måndag - fredag (2. mai - 31. august 08:00 - 15:00)

Kulturminneplan for Kviteseid kommune

Innhald

1.	Innleiing.....	4
1.1	Planprosess	5
1.2	Definisjonar og ordforklaringar.....	6
2	Vassvegen og ferdsel.....	8
2.1	Bandakvassdraget – Songa – Bandak/Norsjøkanalen.....	9
2.1.1	Kviteseid gard/Gamlekyrkja/bygdetunet	15
2.1.2	Spjotsoddsundet og Sunde-sundet	17
2.1.3	Kviteseid brygge med Kviteseidbyen	21
2.2	Vråvatn/Nisser.....	23
2.3	Dala- og Morgedalsåi	25
3	Vegar og ferdsel	27
3.1	Hovudvegane gjennom Kviteseid.....	29
3.1.1	Pilgrimsvegen	30
3.1.2	Kulturminnevegen	31
3.1.3	Kyrkjevegen.....	32
3.1.4	Fleire vegar	33
4	Bygningar	34
4.1	Hus i SEFRAK-registeret	35
4.2	Freda hus og tun i Kviteseid	39
4.3	Registrering av husmannsplassar.....	40
4.4	Registrering av hus	41
4.5	Listeførte kyrkjer i Kviteseid.....	41
5	Tekniske kulturminne.....	42
5.1	Tyske forsvarsverk i Vrådalen	42
5.2	Gruver og skjerp	43
5.3	Kraftstasjonar	45
6	Minnesmerke/steinar.....	48
7	Arkeologiske kulturminne	50
7.1	Gravminne	50
7.2	Kulturminne i skog og utmark	52
8	Skihistorie.....	54
9	Forvaltning av kulturminne i Kviteseid kommune	57
9.1	Mål og strategiar	57
9.2	Retningslinjer for forvaltning	58
10	Handlingsplan.....	59
11	Vedlegg	62
11.1	- Vedlegg 1 - langs vassdraget	62
11.2	- Vedlegg 2 - langs vegar	63
11.3	- Vedlegg 3 - Hus i SEFRAK-registeret utan direkte tilknytning til landbruket	64
11.4	- Vedlegg 4 - Listeførte kyrkjer i Kviteseid	65



1. Innleiing

*Her fagre bygder blenkjer som gull i fedrearv,
og varmt på dei me tenkjer som la det fyrste kvarv
til låge ljorestoga og radde tun ved tun
Vårt fyrste blad i saga dei skreiv på urudd grunn.*

*Kring liar, mo og reinar i slit tidt sveiten flaut,
dei talar desse steinar som dei or auren braut.
Men løynd gjeng denne talen som draum i unge sinn,
som vårsus gjennom dalen vårt hjarterom han finn.*

*Kviteseidsongen
Johannes Skarprud*



Loft og bur på Kviteseid bygdetun

Rundt oss på alle kantar kan vi sjå merke etter forfedrane våre. Til ei kvar tid har naturen blitt kultivert, og nytta til beste for dei som har budd her. Desse spora ser vi i dag som kulturminne av ulike slag. Dette er både store fine loft som til dømes Tveitloftet, og som små ubetydelege rydningsrøysar frå den første dyrkingstida.

I dag kan desse kulturminna vise oss korleis folk i Kviteseid hadde det i tidlegare tider. Kjem kulturminne bort, kan dei ikkje erstattast. Det er difor viktig at vi har god oversikt over dei kulturminna vi har, slik at vi kan ha ei god forvaltning av dei. Denne planen skal gje eit oversyn over det ein kjenner av kulturminne i dag. Ein må også tru at denne planen kan vera til inspirasjon for å samle inn fleire kulturminne. Dette er ikkje nokon endeleg plan, men byrjinga på eit aktivt og systematisk arbeid med kulturminne.

Kulturminne er ei viktig kjelde til kunnskap om historia, og til gode opplevingar. Det er også viktig for vår eigen identitet for å vita kor vi kjem i frå. Dei kan også vera grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling. Det er viktig å forvalte desse på ein slik måte at komande generasjonar kan ha glede og nytte av dei. Det er viktig å leggje til rette for at publikum kan få tilgang til kulturminne, og få opplevingar og kunnskap om desse.

Når eit kulturminne forsvinn, er det eit vindauga mot fortida som let seg att. Ein kan sjølv sagt ikkje ta vare på alle kulturminne, men det er i alle høve viktig å registrere dei kulturminna som finst i dag, og tenkje over kva for kulturminne ein må ta vare på. Det vil difor vera slik at ein del kulturminne må vernast for all framtid, andre kan ha litt mindre verdi for framtida. Det vil i alle høve vera viktig å registrere dei kulturminna ein kjenner til i dag.

Kviteseid kommune er etter måten rik på kulturminne. Mange av desse er knytt til landbruket som var den dominerande næringa frå dei første tider fram til den «moderne» tida starta etter andre verdskrigen og framover. Etter kvart finn vi også kulturminne frå andre næringar og aktivitetar.

Kviteseid kommune har ein god dokumentasjon på historia si. «Kultursoga frå dei eldste tider til kring 1820», skriven av Aanund Olsnes i 1987, er utruleg grundig og fagleg god når det gjeld denne delen av historia vår. Elles har vi også ein heil del anna dokumentasjon på historia vår. Ein ser det difor ikkje nødvendig å ta ein generell gjennomgang av historia vår fram til i dag.



1.1 Planprosess

Tittel på denne planen:

Kommunedelplan kulturminne for Kviteseid kommune 2019 – 2023

Forankring i planarbeidet i Kviteseid kommune

I kommunestyret 26. januar 2017, sak 4/17, blei kommunal planstrategi 2017-2020 for Kviteseid kommune vedtatt. Kommunal planstrategi er eit planverktøy som viser kva for planar som er gjeldande og kva for planar som skal rullerast innafør ein bestemt tidsperiode. Kommunal planstrategi vurderer òg behov for nye planar. Innafor fagfeltet kulturminne er det ingen plan og kommunestyret vedtok at arbeidet med ny kulturminneplan skulle starte opp i 2018.

Planen blir difor utarbeidt som ein del av kommunens planstrategi for perioden 2017-2020.

Plantype

Planen skal vere forankra i Plan- og bygningslova og kommuneplanen samfunns- og arealdel. Offentleg høyring i fylgje Plan- og bygningslova sine føreskrifter.

Føremål

Å få oversikt over kulturminne, få dei registrert og lage eit handlingsprogram. Dette vil gje Kviteseid kommune betre kunnskap til forvaltninga av kulturminna sine.

Hovudmål:

Å ta vare på dei viktigaste kulturminna og kulturlandskapa vi har i Kviteseid kommune. Legge til rette for at historia om utviklinga av kommunen kan bli fortalt til kommande generasjonar.

Framdrift:

- Innhenting og oppdatering av eksisterande og ny kunnskap om kulturminne i kommunen innanfor dei avgrensingane som er gjort i planen. I første omgang vil vi hente inn og samanstille allereie eksisterande registreringar, og kartfeste desse. Vi vil også om nødvendig gjennomføre nye registreringar innanfor utvalde område i planen.
- Tolking og verdivekting av kulturminne ut frå sentrale og lokale kriterium og vurderingar. Dette blir gjort i samarbeid mellom kommune, lokalbefolkninga og Telemark fylkeskommune.
- Prioritering av tiltak, verkemiddel og handlingsplan for vidare arbeid med bevaring, tilrettelegging og formidling av dei kulturminna som er omtalt i denne planen.

Organisering av planarbeidet

Styringsgruppe: Formannskapet

Prosjektgruppe: Ordførar Tarjei Gjelstad, leiar, rådmann Øystein Tveit, Gunhild Berntsen, Anne Lise Råmunddal, Leif Roholdt, Sverre Øigarden

Prosjektleiar Johannes Skarprud

Ressurs-referansegrupper: Historielag, Bondelaget, Bygdekvinnelag, Vel-foreiningar
Reiseliv, Andre personar og organisasjonar med interesse for kulturminne, Grunneigarar, Fylkeskulturminneforvaltninga, Riksantikvar, Administrative personar innafor fagtema

Oppbygging av planen

Temadel og historisk oversikt (forteljninga om Kviteseid kommune), plandel med omtale av utvalde kulturminne og kulturmiljø. Mål, strategiar og tiltak.

Oppslagsdel/register over registrerte kulturminne og kulturmiljø



Tema i planen

Kviteseid formannskap vedtok i sak 58/18 den 24.05.2018 eit planprogram for kommunedelplan kulturminne for 2019 til 2023

Ut frå dette vil planen særleg ta for seg desse emna:

- Vassvegen med ferdsel på og ved vassdrag
- Vegar og ferdsel på land
- Tekniske kulturminne
- Bygningar –freda og SEFRAK-registrerte m.m.
- Historiske stader som har ei særleg historie å fortelje
- Skihistorie

1.2 Definisjonar og ordforklaringar

Kulturminne:

Spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, og stader som det knytter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til (Lov om kulturminne). Kulturminne har mange former.

Materielle kulturminne:

Faste kulturminne: bygningar og anlegg, kulturlandskap, også jordfaste gjenstandar.

Lause kulturminne: kulturminne som kan flyttast: gjenstandar, inventar, reiskap m.m.

Immaterielle kulturminne:

Praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter, t.d. innan handverk.

Det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne: Tru, tradisjon, segn og hendingar.

Kulturlandskap:

Menneskeforma landskap som inneheld økologiske, biologiske og kulturhistoriske element.

Døme: Område med gamal slåttemark, bakkemurar og styvingstre.

Kulturlandskapet omfattar også strukturar som er gøynde under jordoverflata.

Kulturmiljø:

Område der kulturminne og/eller kulturlandskap er del av ein større heilskap eller samanheng.



Gamlekyrkja og Kviteseid gard. Mellom 1910 og 1920.

Foto: Wergelands Kunstforlag

Freding

• Vedtaksfreding:

Vedtak etter *Lov om kulturminne*, med formål bevaring av eit kulturminne/kulturmiljø. Freding er det sterkaste juridiske vern eit kulturminne/kulturmiljø kan ha. Alle kan foreslå freding.

Berre Riksantikvaren (RA) kan gjera vedtak om freding, til vanleg på grunnlag av fylkeskommunen si saksutgreiing og innstilling. Freding avgrensar eigar sin råderett på avgjerande vis, men gjev og tilgang til støttemidler.



- **Automatisk freda kulturminne (Fornminne):**

Kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova.

Dette gjeld både bygningar, gjenstandar og strukturar t.d. i jordlag.

Ståande bygningar eldre enn 1650 er også automatisk freda.

Vern:

Vern inneber ulike grader av bevaring av kulturminne og kulturmiljø.

Viktigaste lovgrunnlag for vern er *Plan og bygningsloven*.(PBL) og *Naturmangfoldloven*.

Viktigaste planreiskap er *kommuneplan* og *reguleringsplan* med tilhøyrande føresegner.

Vern kan og gjerast med private verneplanar, tilskotsmidlar, avtalar m.m.

Vern inneber til vanleg mindre inngrep i eigar sin råderett og mindre omfattande restriksjonar enn freding.

For bygningar vil vern til vanleg gjelda det utvendige (eksteriør).

Byggeskikk:

Innarbeidd /tradisjonsbunden måte å byggja og plassera hus. Kan t.d. vera lokal byggeskikk tilpassa lokal levemåte, materialtilgang og landskap. Meir tydeleg i eldre tid.

Dokumentasjon:

I tillegg til objekt og strukturar som utgjer kulturminne byggjer kulturminnekunnskapen vår på dokumentasjon av kulturminne i form av skriftlege omtalar, teikningar og fotografi, samla i arkiv og bibliotek. Dette gjeld t.d. rapportar og omtalar etter arkeologiske utgravingar, innsamling av stadnamn og segner osb.

SEFRAK:

Sekretariatet for registrering av faste kulturminne (SEFRAK) gjennomførde frå ca. 1975-1995 ei landsomfattande registrering av bygningar med byggjeår før 1900.

Raud SEFRAK: byggjeår før 1850. Gul SEFRAK: byggjeår 1850-1900. Tidfesting kan vera usikker for mange objekt.

Listeført:

Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er såkalla «listeførde». Ei rekkje kyrkjer bygde etter 1850 er og «listeførde.»



Bilete og tekst frå Kultursoga.
Jordfunnen nykel frå Hauge i Morgedal. Han er nokso diger - oppimot 30 cm lang, so det er lett å skjønne at han har sett fantasien i sving hjå finnarane. Men om han nokonsinn har stått i ei kyrkjedør er nok snaut. Helst må ein vel tru at det er ein gamal loftsnykel. Foto: Tore Tveito.



2 Vassvegen og ferdsel

Vassdrag

Kviteseid kommune har to store vassdrag som går gjennom kommunen.

Songaåi, eller **Bandakvassdraget**, eller **Bandak/Norsjøkanalen** er namn som har blitt bruka om det store vassdraget som startar oppe på Hardangervidda, skjer Kviteseid i to delar, fer innom Norsjø og saman med det austre vassdraget i fylket tek turen forbi Skien og renn så ut i Friertjorden. Denne vassvegen har frå dei tidlegaste tider og heilt opp mot 1950-talet, vore den viktigaste trafikkåra for heile vestre Telemark. Her er det frakta brynestein, kopar og tømmer ned til kysten, og mat og andre viktig ting heim til Vest-Telemark. I tillegg har den vore den viktigaste ferdselsvegen for folk som vil ut, og heim.



*So glitrande glid ho i Bandak inn.
I hildrande i spegelglans
ho femner dei fjelli i famnen sin,
som blankt i si bløming av solgull skin
lik smil under brurekrans*

«Songa»
Johannes Skarprud

I framgrunnen Bandak med Bandaksøy, Straumane, delar av Kviteseidvatn og nesten ut til Fjågesund.
Foto: Widerø 18.07.1955

Nidaråvassdraget, som startar på heiane i Skafså og Mo, går til Vrådal og vidare mot Nissedal og endar opp i Arendal. Dette vassdraget har vore svært viktig for å få ut tømmer til kysten ved Arendal.

Folka følgde etter tømmeret, og Arendal blei den viktige handelstaden for Vrådølane.

I tillegg til desse to store har vi også to lokale vassdrag. Både to viktige i samband med tømmerfløting.

Det eine er Dala-og Morgedalsåi som møtest ved Åmøtet, blir til Mossåi, og renn ut i Sundkilen.

Det andre er Kileåi som vi deler med Seljord, og er delvis verna.

Vassdraga er i seg sjølve er ikkje noko kulturminne. Men det har vore ein viktig medspelar i å skape ulike kulturmiljø i områda rundt vassdraget.






2.1 Bandakvassdraget – Songa – Bandak/Norsjøkanalen



Vassdrag og vasstandar

Sjølv om det er naturen som har forma vassdraget har likevel folk vore med å endre på vassføringa gjennom regulering av vatna.



Diagrammet kan i stor grad forklare kva for endringar som er gjort med vasstanden. Før 1892 var ikkje vassdraget regulert og vi ser at vasstanden frå januar og dei fire første månadane var stabilt på eit nivå om lag på 70 m o.h. Inga vassføring og isen var som regel godt brukande som vinterveg. På våren/forsommaren kom vårflaumen som kunne variere frå å vera i mai til at han ikkje kom før heilt ut mot juli. I eit normalår kom vasshøgda då på opp i mot, og kanskje noko over 73 m o.h. Etter flaumen var over, minka vasstanden jamt og trutt ut over hausten, til den ved nyttår stort sett hadde kome ned på fjorårsnivået.

Etter 1892 då den første reguleringa kom, blir det ei endring på dette. Vasshøgda er ein del høgare i starten av året. Den minkar utover våren, men som regel kjem den ikkje så lågt som tidlegare. Vårflaumen kjem som før, men den store endringa kjem no. Reguleringa ved Hogga held no på vatnet, og vasshøgda held seg jamt høgt utover hausten. Vestvatna har blitt eit magasin til nytte for båttrafikken og for næringslivet i Skien som vil ha jamn tilgang til vasskraft heile året.

Vasshøgdene i 2010 viser tilstanden etter at vassdraget er gjennomregulert frå Hardangervidda, og for vårt vedkomande, til Hogga. Årsvariasjonen er no på under ein meter, og vasshøgda endrar seg bare dersom det er noko som gjerast ved kraftstasjonar, demningar eller kanalanlegg. Av og til ved ein kortvarig kraftig flaum.

Ser ein året under eitt vil ein som eit gjennomsnitt sjå at vasshøgda er om lag, eller noko høgare enn ein meter frå før reguleringane i vassdraget.



Om ferdsla på fjorden

Langs vassdraget var det fleire stader ein kunne koma inn og få mat og drikke og overnatting. Den mest kjende var Spjotsodd. Elles var det ved Grotnes i Fjågesund og Røyrhelle ved Flåvatn utanfor Kilen. Vatna var dela inn i roskifte. Her ser du korleis Kviteseidvatnet blei inndela. Båtsjussen var det husmennene som for det meste stod for. Sjå Kultursoga.



Pråm

Pråmen¹ var den vanlege farkosten på vatna i Kviteseid. Når denne kom og avløyste stokkbåten, er det ingen som veit sikkert i dag. Denne blei bruka til frakt både av folk og varer.

Ferje

Ferja var ein «forstørra» pråm. Denne var til frakting av større varer, og kunne frakte kyr og hestar, ved og høy og andre større ting.



Knut Bukti ror og Johannes Skarprud held kyri. Urkos i bakgrunnen. Foto: Tor J. Skarprud (1927).




Teikningar: John Skarprud

¹ Pråm er ikkje eit ord du finn i ordlista. Der står berre pram. I vår dialekt heiter det pråm. Difor blir dette bruka her. (norrønt *prámr*)



Båtar og brygger

St. Olaf var den første dampbåten som kom i rute på Vest-vatna. Han blei klinka saman på Saltevje og gjekk av stabelen 2. juni 1852. Første turen frå Strengen til Dalen gjekk den 23. juli 1852. Ei «ny tid» hadde starta. For at båten kunne gå mellom dei tre vatna i vassdraget blei det mudra i Fjågesundstraumen og Skarprudstraumen. Båten gjekk djupare enn den skulle, og det trongst fleire omgangar med mudring før båten kunne gå nokolunde regelmessing. Fram til 1862 kom ikkje båten inn Sundkilen. Då blei Sundebrui som var bygd i 1840, ombygd med vippeanordning. Ganske omfattande mudring måtte også til før båten kom inn i Sundkilen.



Brygger

I den første tida var det ikkje brygger langs vatna. Båten stoppa på bestemte stader langs fjorden, og folk rodde ut til båten for å hente og bringe folk og varer. Etter at kanalen blei opna i 1892 blei det krav om meir effektiv drift, og det kom fart i bygging av brygger.

I den delen av vassdraget som ligg innanfor Kviteseid kommune har det vore sju brygger.

Fjågesund brygge

Ligg på sørsida av Fjågesundstraumen. Brygga er 13 meter lang, bygd av betong på pelerost. Første del kom i 1895. I åra 1913 til 1916 blei brygga heilt ombygd. I 1933-34 blei det bygd flaumbrygge. I 1935-36 blei det gjort forankringsarbeid og i 1938-39 blei det bygd varehall på brygga. Brygga er i dag privat, og har blitt rusta opp av grendelaget i Fjågesund i den seinare tid.





Bergsto brygge

Her låg først ei privat brygge som blei øydelagt av isen i 1902-03. I 1907 blei det løyvd pengar til ny brygge. I 1912-13 blei det bygd pakkbu. I åra 1934 til 1936 blei brygga ombygd.

Brygga er i dag privat, og har blitt rusta opp av grendelaget i Bergsto i den seinare tid.



Sandodd brygge

Brygga stod ferdig i 1900. Forlenga med trebrygge i 1907. Større reparasjon av trebrygga i 1929-30. I dag er brygga privat, og trebrygga er rive. Det er opparbeidd småbåthamn i tilknytning til brygga.

Kilen brygge

Denne brygga har alltid vore privat, og er i dag lagt ned. Ein kan sjå restar etter den.

Kviteseid (Kyrkjebø) brygge, Spjotsodd brygge og Smeodden brygge er freda i samband med fredinga av heile kanalen. Desse blir omtala andre stader.

Seglmerke

I Skarprudstraumen, Sunde-straumen og Fjågesundstraumen er det seglmerker (dobber – kvite og raude) i båtløpet. I tillegg til dette er det ei fyrlykt på Digernes på Bandak, og seglmerke med ljøs på land i Skarprudstraumen. Ut over dette er det lite synlege inngrep langs vassdraget.



På mørke haust- og vinterkveldar blei det hengt lykter på dobben så båten kunne sjå dei.

Namn m.m.

Langs med vassdraget finn ein i dag mange namn som er knytt opp til ferdsel og liv langs med vassdraget.

Einskilde døme:

Kauphamar – ligg ved stranda ved Kviteseid gard og skriv seg frå då hollendarane var opp til Kviteseid og handla tømmer direkte av skogeigarane.

Likhelleren – Midtvegs på Kviteseidvatnet. Under ein heller på stranda måtte dei setja frå seg ei likkiste på veg til kyrkja fordi veret var for dårleg.

Halfarodden – eit mål på at halve vegen var gjort unna.

Skipsfunn under vatn

Askeladden har registrert seks arkeologiske funn under vatn i dette vassdraget.

Viss ein ikkje kjenner eigaren, er alle skipsfunn under vatn som er eldre enn 100 år, freda.



To av desse funna kan ein truleg knyte til hendingar ein kjenner til:

1.



107179-1

Skipsfunn	Beskrivelse fra lokalitet: Kviteseidvann Beskrivelse fra Enkeltninne: Flatbunnet pram med stevner, spor av forsterkning i jern over knær . Eidsborgbryner i klar kontekst til fartøyet tyder på at det har vært brukt til steintransport. Spor av brekkasje/ skiferfliser mellom innvendig garnering og bjelkelag. Skadet i ene enden, tyder på bergingsforsøk. Trolig er mye av lasten berget.	0829-0/1	Arkeologisk minne	Vigdelid 1	Ja
-----------	---	----------	-------------------	------------	----

[Ole Blom dagbok] Den 8de [mai 1817] ligesaa. Veiret blæste græsselig og var koldt; en Karl fra Laurdal, hed Jaran Salvesen, drugnede midt for Lindestad med en Brynesteens-Ladning denne Dag. Dette er vel Jarand Salvesen f. 1790 som ein finn som husmannsson på ein plass under Ålandslie i folketellinga frå 1801. Far: Salve Jarandsen, mor: Hege Tarjeisdotter

2.



107187-1

Forlislokalitet	Muntlig meddelelse, pramlast sank med Eidsborgbryner ca 1800. Befart mai 06; ensartede bryneemner funnet, ingen pram.	0829-0/1	Arkeologisk minne	Kviteseid / Pramsteinen	Ja
-----------------	---	----------	-------------------	-------------------------	----

Truleg etter Turid Fiskarbekk. (1771 – 1865)
Sjå «Gamalt frå Kviteseid 1986»

Vil du sjå NRK sin reportasje om brynesteinsfunn som kan knytast til denne hendinga:

[Les her](#)



Gravminne langs vassdraget

I «Askeladden» er det registrert i alt 88 gravminne/røysar i Kviteseid. Av desse ligg 27 ved Bandakvassdraget.

På nordsida av Flåvatn før innseglinga til Kilen ligg det seks gravrøysar. Desse ligg heilt ned til vatnet på meir eller mindre blanke svaberget, på stader der det ikkje kan ha budd folk.

Når vi nærmar oss Fjågesund, er det også gravrøysar som ein kan tru ligg i eit slag system.





På sørsida av fjorden ved Kåsi ligg den første. Så over på nordsida, den første ved Skurveberg. Så to til mot Fjågesund, og så ei på Telnesåsen med godt utsyn over fjorden.

Ein kan tru at desse plasseringane ikkje er tilfeldig. Det var etter måten stor trafikk på vassdraget, og ein veit at gravrøysar var viktige signal til dei som drog forbi, men i dag har ein likevel ikkje nokon teori som kan forklare dette fullt ut.

Kulturminne langs vassdraget

Langs dette vassdraget har det vore stor trafikk i «tusendis» av år. Likevel er det etter måten lite synlege merke etter dette. Det er først og fremst bryggene ein ser i dag.

Fisking

var ein svært viktig næringsveg langs vassdraga våre i alle tider heilt opp til etter krigen. I dag er det berre hobbyfiske som er att. Det står framleis att nokre få hytter langs Bandak som blei bruka til fiske, men elles er det ingen ting å sjå. Nokre namn slik som Notodden og Gåtterenna (som blei fylt att då dei mudra i Skarprudstraumen) fortel litt om tidlegare tiders fiske.

Tiltak	Handlingsplanen
Saman med lag og privatpersonar, vera med på å ta vare på dei bryggene som finst	kap 4.1
Ha god kontakt med Telemarkkanalens venner om å ta vare på dei seglmerka som finst	Kap. 4.2
Ha god kontakt med Telemarkskanalen om aktivitet av ulik slag på kanalen (jmf. Vikingdag 2019)	Kap. 4.2



Gravrøys ved Flåvatn



2.1.1 Kviteseid gard/Gamlekyrkja/bygdetunet



Området ved Kviteseid gard og Kviteseid bygdetun er eit heilt unikt område i kulturminnesamheng. Området er også avmerka som KL3 på kommuneplanen.

Frå førkristen tid er det i alle fall registrert åtte gravrøyser/minne som er automatisk freda. Konsentrasjonen av slike funn viser at dette må ha vore ein sentral plass alt i tidlege tider.

Gamlekyrkja frå 11-1200-talet (truleg ferdig om lag 1260) er også eit synleg bevis for at dette var ein sentral stad i området. Kyrkja var hovudkyrkje, og den kyrkja som i heile øvre Telemark kunne gje mest avlat. Heile 40 dagar. Truleg stod det ei stolpekyrkje før steinkyrkja. Det var truleg god kontakt mellom dei som rådde på Faret ved Skien, og dei som heldt til på Kviteseid gard. Ein teori går ut på at Harald Blåtann² hadde misjonærar heilt opp til Kviteseid, og at den første stolpekyrkja kan ha blitt bygd her rundt år 1000.

Kviteseid gard er eit gardsanlegg der det ligg sju vedtaksfreda hus i tunet. I dag er det Cappelen som eig denne. Dette var prestegard for Kviteseid fram til 1860. Det er litt usikkert når Kviteseid gard blei prestegard. Ein teori er at presten i den første tida truleg budde på ein annan gard, og at Kviteseid gard ikkje blei prestegard før på 1500-talet³.



Gamlekyrkja, Kviteseid gard og Kauphamar nede ved fjorden til høgre.

² Harald Blåtann var konge over Danmark. Frå år 970 og framover ei tid, rådde han over delar av Vika og området rundt Skien. Han var ivrig etter å få kristne folk. (Reidar Halvorsen, 2018)

³ Kviteseid – Eidsborg, Om namn, eigedomsforhold og samferdsel i Vest-Telemark i eldre tid. Mattias Tveitane – Heimen 1981



Kauphamar ligg ved stranda nedanfor Kviteseid gard. Her var det handel som gjekk føre seg. Nederlendarane kom heilt opp hit på 1500-talet for å handle tømmer av kviteseidingane, fram til dette blei sett ein stoppar for av kongen på slutten av 1500-talet (sjå kultursoga). Kauphamar har truleg vore handelsplass langt attende i tida.

Utanfor Kauphamar er det funne marint lausfunn som gjeld **brynestein**. Kva rolle Kviteseid gard har hatt med denne handelen er ikkje avklara. Ein teori går ut på at han som åtte Kviteseid gard, og truleg også fleire gardar langs vassdraget, hadde hand om handelen med brynestein frå Eidsborg. Truleg var det eldste namnet på Kviteseid gard – Eið, og namnet på fjorden - Hvitir'. Dette blir så Hvitirs eid, i dag: Kviteseid. Eidsborg kan ha fått namnet sitt etter Eid gard⁴.

Kviteseid bygdetun. Frå 1946 fekk dette området også ein ny funksjon som kulturminneberar. Då blei bygdetunet etablert her, og har i dag fire vedtaksfreda hus. I tillegg er det fire SEFRAK-registrerte hus, og tre som ikkje er registrert.

Utsondhalli er også ein del av bygdetunet.

Her blir ein del av verka til kunstnaren Gunnar Utsond presentert



Framtid/utvikling m.m.

Som nemnt er dette området heilt unikt når det gjeld kulturminne.

Kviteseid bygdetun er i dag ein del av Vest-Telemark museum. Dei har den daglege museumsdrifta, og vedlikehaldet av dei gamle husa. Kviteseid kommune eig husa, og har leigeavtale på museumsområdet med Cappelen som eig Kviteseid gard.

Kviteseid gamle kyrkje er det kyrkja som eig, men ho blir forvalta av Vest-Telemark museum når det gjeld omvising og liknande.

For framtida bør ein vurdere om eit større område kan ha så stor allmenn interesse at ein burde utvide området som blir forvalta på ein museumsfagleg måte.

Tiltak	Handlingsplanen
Kommunen må fylgje opp og vera ein aktiv part i drifta av Kviteseid bygdetun.	kap 3.3
Nokre gravhaugar bør ryddast og merkast for publikum	kap 3.3
Legge til rette for ein kulturstig i området som t.d. kan vise: Gamlekyrkja, Landstadlinda, Kauphamar, ein gravhaug (ev. fleire)	kap 3.3
Kulturområdet rundt Gamlekyrkja m.m. må omfatte heile området frå Kviteseid bygdetun, og rundt, til og med Kauphamar.	kap 3.3

⁴ Sjå note 3



2.1.2 Spjotsoddsundet og Sunde-sundet

Spjotsodd-sundet og Sunde-sundet

har i alle tider vore travle trafikk-knutepunkt.

«Hovudvegen» var vassdraget. Her var det ferdsel både sommar og vinter. Samstundes var det òg trafikk på land, som gjekk på tvers av vassdraget.

Denne trafikken auka stadig på, og ønskje om bruløysingar over desse to sunda blei stadig sterkare.

Ferjinga

Det var eigaren av Neset som hadde styringa med all ferje-trafikken både over Sunde-sundet og Spjotsodd-sundet. Ein reknar som sikkert at det har vore fast fergemann på Spjotsodd i alle fall frå tidleg 1700-talet. I 1763 fekk Johannes Knutson, eigaren av Neset den gong, kongeleg løyve til gjestgjevar-drift på Spjotsodd. I 1770-åra blir familien Blom eigarar av Neset, og får nytt løyve til ferje-drifta. Det er aldri bonden på Neset som har den daglege drifta. Han set denne bort til husmannen som til ei kvar tid held til på Spjotsodd. Her var det også overnatting, mat og brennevinsal. Truleg var dette den travlaste og viktigaste skysstasjonen i Kviteseid. I Sunde-sundet fortel vel namnet Skrikarberget om korleis ein fekk tak i ferjefolk her.



Ferga ved Spjotsodd i 1930-åra. Foto: Liestøl



Bruene

I **Sunde-sundet** er det no den tredje brua som er i drift.

Den første blei bygd i 1840 som ei fast bru. Denne blei ombygd med vippeanordning i 1862, slik at båten kunne koma igjennom. Dette blei gjort i samband med at vegen frå Spjotsodd til Sundet blei lagt langs vatnet.

Denne blei riven i 1897. Den andre blei bygd i 1900/01 som ei svingbru. Denne står der i dag som ein av to slike bruer i landet. Denne er freda.

Den tredje brua i Sunde-sundet blei bygd i 2003

I **Spjotsoddsundet** er det også den tredje brua som er i drift.

Den første kom i 1840 og var ei vinterbru. Dette var ei flotebru som blei lagt ut 14. oktober og teke inn 14. april. Denne gjekk frå Bruodden på nordsida til Bruodden på sørsida. Om sommaren var det ferjing.

Den andre stod ferdig våren 1945, og var ei heilårs pontongbru, på same staden som den gamle.

Den tredje er hengebrua som står der i dag, og stod ferdig i 1963.

I 2019 har denne brua blitt rusta kraftig opp. Køyrebanen har blitt stiva av, og skal tole tunge lass på ein betre måte.

*Og fjorden med den lange brui
den som flaut på flotar
og som hesten rusa over
med øyro stive og rova i veiret*

*den brui som seinare lærde meg
å forstå kinesiske dikt
der eg mintest sleden vippande
over skvalpande vatn
med hesten tøyndest av fars hendar -*

*Utdrag frå:
Det var ein stad
av Aslaug Vaa*

Brygger

Smeodden brygge

I 1893 blei det bestemt at det skulle byggjast ny brygge på Smeodden, den gamle var blitt så dårleg. Når den første brygga blei bygd her, veit ein ikkje. Dette var ei svært viktig brygge for trafikken til Vrådal, både for varer og folk. Bryggehuset er restaurert av kommunen i nyare tid.

Spjotsodd brygge

I 1896 blei det bestemt at det skulle byggjast ny brygge ved Spjotsodd. Denne erstatta to eldre brygge. Når desse blei bygd, veit ein ikkje. Spjotsodd brygge var først og fremst ei vinterbrygge som alternativ til Kviteseid brygge. Sundkilen var som regel stengd for båttrafikk om vinteren.






Kong Håkon går i land på Spjotsodd frå båten Inland i 1912. Her er han i samtale med Aslak Bjørnson.



Freda kulturminne

Sundet bru, Spjotsodd brygge og Smeodden brygge er alle freda.

<p>Sundet bru – «Beskrivelse fra lokalitet: Dette er objekt nr 204 i Statens vegvesens landsverneplan. Brua er ei svingbru i stål med fem spenn. Totallengden er på 74,3 meter. freda, teknisk kulturminne»</p>	
<p>Spjotsodd brygge ID 171941-61 Spjotsodd brygge, og – 62 Varehall på Spjotsodd brygge – freda som ein del av kanalen</p>	
<p>Smeodden brygge ID 171941-63 Smeodden brygge, og – 64 Varehall ved Smeodden brygge – freda som ein del av kanalen</p>	

Soger

I dette området har sjø- og landtrafikk møtst i hundrevis av år. Kongar har fare forbi, handelsfolk har tatt seg ei velfortent kvild, og jamvel landskjende brotsmenn har farta her. Ikkje rart at det er mange soger og gode historier knytt til området. Mykje av dette er samla, men meir kan det bli i neste runde av kulturminneplanen. Tenk no berre på: Skrikarberget, Drammen, Sorgenfri,

*Og lensmann uti Nes
baud meg inn i sitt hus,
og so læste 'n atte dynni,
men sjav so gjekk 'n ut,
- men sjav, so gjekk 'n ut.
(Ole Høyland)*



Tiltak	Handlingsplanen
Kommunen bør vurdere om eit større område rundt dei freda bryggene bør vernast	Kap. 2.2
Sikre tilkomst til bryggene (særleg viktig for Smeodden)	Kap. 3.2
Ta vare på dei freda bryggene - «Vern ved bruk»	Kap. 3.1
Informasjonstavle ved Sundet bru må reviderast og fornyast	Kap. 1.2
Informasjonstavler ved baa bryggene	Kap. 1.2



Den første brua i Sunde-sundet. Den stod ferdig i 1840 som ei fast bru. Då båten St. Olaf starta å gå på vestvatna kom den ikkje inn i Sundkilen. I åra 1860 -1862 blei det bygd ny veg frå Spjotsodd til Sundet. Då blei brua ombygd, og fekk vippeanordning som bildet viser. Foto: Knud Knudsen, frå om lag 1872.



Flytebru over Spjotoddsundet. Denne blei bygd i 1840 og var ei vinterbru. Den blei lagt ut 14. oktober og tatt inn 14. april kvart år. I sommarhalvåret varierte vass-standen så mykje at ei slik bru ikkje kunne fungere. Foto: Arne Nordskog, truleg frå 1930-talet.



Pontongbrua i Sjotsoddsundet. Ønskje om heilårs bru i dette sundet er svært gamalt. I 1945 stod brua ferdig. Det var den tyske okupasjonsmakta som stod bak bygginga. Vass-standen kunne variere mykje. Dette førte til problem både når vatnet var stort og når det var lite. Brua stod til 1962, då den nye hengebrua var ferdig. Foto: Arne Nordskog. Truleg 1946.



2.1.3 Kviteseid brygge med Kviteseidbyen

Kviteseid brygge blei bygd i åra 1870-72 i samband med bygginga av vegen frå Sundet til Brunkeberg. Brygga blei lagt på Kyrkjebø sin grunn, og heitte i mange år «Kirkebøen brygge». Dette blei starten på det som i dag blir kalla Kviteseidbyen.

Frå først av voks byen raskt, og det blei bygd mange små hus i ei tett klynge ovanfor brygga.

På folkemunnen fekk den namnet Hyttebyen.



Bybrannen i 1911 la nedpå det meste av sentrum. Ut av oska voks det fram ein moderne by i ein einsarta stil.



Brygga har vore ein sentral del av Kviteseidbyen heilt fram på 1950-talet då det meste av nyttetraffikken etter kvart blei borte. I dag er Kviteseid brygge og bryggeparken sentrum for turisttraffikken i sommarmånadane.

Kviteseid formannskap valde i 1999 Kviteseidbyen til tusenårsstad for kommunen.

I St.prp. nr. 55 (1997-98) står det mellom anna dette om val av tusenårstader i kommunane.

«Tusenårsstedene skal være møtesteder for samhandling, kulturopplevelser og utfoldelse slik en ser i mange andre land. Tusenårsstedene skal bygge videre på våre egne historiske og kulturelle verdier, hente inspirasjon fra andre kulturer og representere verdier for framtida.»

Kviteseid kommune vil ha som målsetting at Kviteseidbyen skal vera eit godt og tenleg sentrum for kommunen som tek vare på tradisjonar, og kan utvikle seg for framtida.



Kviteseid brygge er freda som ein del av fredinga av Bandakkanalen.

ID 171941-58 Kviteseid brygge, –59 Varehall, og –60 Pakkhus på Kviteseid brygge



Her kan du lesa meir om liv og virke i Kviteseidbyen frå den «spede» starten rundt 1870 og fram mot i dag. - [Sjå her](#)

Tiltak	Handlingsplanen
Kviteseid brygge - vern ved bruk. La bryggeparken vera ein møtestad både til kvardag og fest.	Kap. 3.1
Ved nybygging og restaurering bør kommune og utbyggjar ha eit godt samarbeid slik at ein tek vare på og vidareutviklar sentrum. Jmf. Byggeskikk-rettleiar for Kviteseid sentrum, 1997	Kap. 2.4
Informasjonstavler og tilgang til databasert informasjon må etablerast	Kap. 1.2



Lensa i Kviteseid i 1967. Ein stor og viktig arbeidsplass som forsvann då fløtninga slutta midt på 1970-talet. Det er i dag ingen restar etter denne aktiviteten å sjå nokon stad i dette området.
Foto: Widerøe.



2.2 Vråvatn/Nisser



er det andre store vassdraget i Kviteseid kommune. Desse to vatna er til saman om lag 6 mil. Heile vassdraget er regulert, og utgjer i dag eit ganske stort basseng for kraftproduksjonen i Nidarårvassdraget. I tidlegare tider var det ein viktig ferdselsveg både for folk og tømmer.

Første dampbåten som blei sett i drift var «Dølen» i 1867. Første året berre på Nisser. Året etter var slusa klar i Storestraum og båten kunne gå til Vråliosen.


I åra 1913 til 1914 blei Nisser og Vråvatn regulerte. No blei det bygd sluse i Småstraum og ny sluse i Storstraum. Nisser har ei regulering på 3 m, og Vråvatn ei reguleringa på 1,4 m. Viss Nisser er fullt og Vråvatn heilt nedtappa, er det ingen høgeforskjell på dei to vatna. Elles er det slusene som utliknar denne forskjellen.

Etter kvart blei det bygd brygger i Vråliosen, Vrå, Ormtveit, Flatland, Sinnes, Storestraum sluse, Eidsto, Steane, Vassendstølen, Lunden, Skree, Øy, Krintolen og Heddersviki. Bryggene blei bygde av hoggen stein og forlenga med stakkverk. Alle bryggene var private.

I 1882-83 kom båten «Nissen». «Dølen» og «Nissen» frakta både folk og tømmer på vatna. I 1909 sette Arendal Vassdrag Fellesfløtning inn dampbåten «Fram» som slepebåt for tømmer. Passasjer og godstrafikken blei lagt ned i 1937.

Fløtninga blei avslutta i 1970 og «Fram» teke ut av drift.


I 1987 var «Fram» restaurert og sett i drift som turistbåt på vassdraget. Vil du lesa meir om sluser og båtar. [Sjå her.](#)



"Fram" på oppdrag på vestsida av Vråvatn. Her er det utslag av tømmer som Fram skal dra ned til Treungen. Truleg på 1950-talet. Fotograf ukjent.



N13 og KL4 – Øy og sluselandskapet i Vrådal



I arealplanen for Kviteseid kommune er Øy- og sluselandskapet i Vrådal merka både som naturvernområde og kulturlandskap.

Det er i dag Arendals Vassdrags Brugseierforening som eig og driv slusene i Storstraum og Småstraum. Dei blir godt teke vare på i dag, og det er viktig at dei er underlagt varig vern.

Det er også laga eit slusemuseum i nærleiken av Småstraum sluse.



Straumsnes og Småstraum sluse i framgrunnen. Bak Eidsto mot Straand.
Foto: Widerøe, 1960-talet.

Området på sørsida av Vråvatn og til og med øylandskapet er svært godt undersøkte når det gjeld arkeologiske kulturminne.

Alle desse finn ein i Askeladden.no.

I 1989 laga ei prosjektgruppe ved Straumsnes skule i Vrådal eit lite hefte som blei kalla: «Vrådal i førhistorisk tid».

Dette viser ein del av dei kulturminna som ein kjenner i dette området.

Både kulturverninteresser og næringslivsinteresser i Vrådal burde ha interesse av at desse kunne synleggjerast meir enn dei er i dag

Tiltak	Handlingsplanen
Småstraum og Storstraum sluser bør få vernestatus	Kap 2.4
Halde oppe vassdraget for båttrafikk	Kap 4.3
Alle planar om utbygging i området må ta omsyn til det særmerkte landskapet (berekraftig)	Kap 2.5
Kommunen må hjelpe til å skaffe pengar til å halde oppe bryggene.	Kap 4.1



2.3 Dala- og Morgedalsåi



«Protocol for elvedriften frå Oftevandet og Hemmingstvedtøen til Sundkilen. Ved Convention datert Raamundalen den 17 junii førre aar, forenede de sig de fleste og viktigske Skoveiere av Hvidesøe og Laurdals Prestegjelde i Øvre Tellemarken, om at træffe en Flaatings og Elvedrifts Indretning for Tømmerlast og Kulleved, som deels er, og maatte blive Udladet i Elveløbet frå Oftevannet paa den ene side og frå Hemmestvedtøen paa den anden, ned til Sundkilen og videre til Kaarstensundet i Flaabygden, hvorved en hurtigere og sparsomligere drift til Gavn for saavel skogeiere, som i disse Districter kjøbende Trælasthandlere.» (Protocol for Elvedriften fra Oftevandet og Hemmingstvedttiøn til Sunnekiilen. 1819 ved inspektør Ole Blom)

I 1819 blei det stifta fellesfløtning i Dala- og Morgedalsåi. Truleg var det fløta tømmer her mange år tidlegare. No blei drifta organisera og Ole Blom blei tilsett som eleveinspektør. Gjennom åra er det bygd mange murar/dammar for å lede tømmeret best mogeleg ned elva.

I Dalaåi frå Mostaul, grensa til Høydalsmo, og til Sundkilen i Kviteseid er det registrert 1141 meter med solid steinmur fordelt på 30 ulike «tiltak». Alt dette er nøye registrert i ein rapport frå 2008 som i dag ligg på arkivet til Vest-Telemark Museum. 19 av desse «tiltaka» er registrert på Norgeskartet.no.

Mange av desse murane er i god stand, medan andre er i litt dårlegare forfatning.

Etter det ein i dag kjenner til er dei rettane som samflotinga hadde langs elva blitt oppløyst, og har gått tilbake til grunneigarane langs elva. Sjølv om det er gjort eit solid arbeid med desse murane, så vil dei etter kvart bli merka av at tida går. Det er i dag ingen som har «bruk» for desse murane.



Haugefossen i vårflaum



- KL2 Moen/Landverk/Dalen

Området Moen/Landsverk/Dalen er avmerkt som kulturlandskapsområde på kommuneplanen. I dette området er det også mange synlege merke på den gruvedrifta som var i Dalane tidlegare.

Sjå kap. 4.2 i planen

I dette området er det også fleire spor etter fløtningsmurar/dammar.

Til saman gjer dette at dette er eit område med mange verneinteressar. Det bør vurderast om det bør vernast eit mindre eller større område med utgangspunkt i KL2



Restar av murar og hus før og ved Haugefossen.

Tiltak	Handlingsplanen
Vurdere vern av heile eller delar av området rundt Dalaåi med fløtningsdammar	kap 2.1 kap 2.6
I dette området (KL2) bør ein få lagt til rette for ei turløype som kan vise fram kulturlandskapet, gruvedrift og fløtningsanlegg.	kap 1.6
Setje opp informasjonstavler langs vassdraget på laglege stader.	kap 1.2



3 Vegar og ferdsel

Frå gamalt voks vegane meir eller mindre fram av seg sjølve. Der folk hadde behov for å koma fram meir enn ei gong, blei det eit synleg tråkk. Og var det enno fleire som for sama vegen blei det etter kvart ein veg av det. Ofte blei ikkje dette gode vegar, men smale, blaute og bratte.

I 1596 var biskop Jens Nilssøn på visitas i Vest-Telemark. Han har skrive dagbok⁵ frå heile reisa, og fortel kor dei for og ofte svært nøye om korleis vegen var å fara på. Her finn ein truleg den eldste skildringa av vegar og ferdsel i Kviteseid.

19. juli drog han frå Kviteseid gard i pråm til Utsund. Her gjekk dei i land, og for vidare med hest.

Her kjem nokre utdrag frå turen frå Utsund til Seljord grense.

Och en aadde som vaar midielandet paa den venstre haand, saa droge wi om samme aadde i norduest ind vdj en vig aff samme forne vand, ½ fiering och laugde vdj [land] ved 2. gaarde heder Vdsund. [...] Saa fore wi therfra i norduest ½ fiering god slet vey til en gaard heder Midsund igiennem gaarden. Saa ther fra i norduest ½ parten aff ½ fiering til en aa heder Morgedals aa, som wi haffde ret hoss oss paa den venstre haand, huor hun falt vdj forne vig aff Huidesiø vand. [...]

Saa fore wi fra osit eller elffuemunden i norduest ½ part aff 1 fiering til en gaard heder Gadebolt god slet vey, och laag gaarden paa den høyre haand ret hoss veyen. Saa therfra i nord ½ fiering til en gaard heder Groffuen liggendis paa den høyre haand 1 pilskud fra veyen. Saa therfra i nord 2 pilskud om Brunckeberg kircke som wi haffde paa den venstre haand liggendis ret hoss veyen. Siden therfra i nordoust offuer Brunckebergskoug 1 fiering til en gaard heder Sandland igiennem gaarden. Saa therfra i øster 1 pilskud och strax ned for en backe i øster 1 fiering til it lidet vand heder Vigdesiø, der fore wi langs vd met forskne vand offuer Brunckebergskoug som er 3. pilskud paa lengden och 2 pilskud bred, siden therfra i øster ½ mijll vd met 1 aa som rinder aff den østre ende aff Vigdesiø, til en platz huor der haffuer staait it capell ved naffn S. Lauritz capel paa den søndre side hoss veyen oc ther strax sønden rinder forskne aa. Och er fra Huidesiø kircke och till forne capell 2 miill.

[...] Fra Huidesiø til Sillegjord 2 mil oc 1 fiering. [...] imellum Huidesiø och Sillegjord 2 mijll och 1 fiering. Den ene mil temmelig vey den anden ond vey fïeldet.

FANN EG DEI STIGAR

*Fann eg dei stigar
den villande fot
trødde i urudde lende*

*såg eg dei steinar
på attlagde tuftir
~ dei tala om segn etter segn.*

*Men det leikar ei hind
det hjalar eit vív
det svarar eit mål
~ nordi nutan ~*

Aslaug Vaa



Bisp Jens Nilssøn kan ha ridd på denne holvegen ved Sandland. Foto: Hilde Berntsen

⁵ Biskop Jens Nilssøns visitatsbøger og reiseerindringer 1574–1597. Utgitt av Yngvar Nielsen, A. W. Brøgger, 1885 (s. 337-420). ◀ III. Liber visitationis in prouincijs Hadelandensi, Hedmarchiensi in Septemb. Ao 1594. V. Profectio Dn. episcopi M. Joannis Schienam versus in sepulturam Pros Laurentzens quæ facta est XI. Februarij Ao 1596 ▶



I 1772 blei Peder Jørgen Cloumann fut i Øvre Telemark. Han forstod straks at det var viktig med gode kommunikasjonar. Han arbeidde særleg for å få til vegbygging. Det var bøndene sjølve som måtte stå for vegbygginga, og det var ikkje alltid dei var like glade for det, men etter kvart såg dei nytten av dette arbeidet. Vegane blei dela inn i rodar, og bøndene fekk då ansvaret for sine rodar.

Vegane som Cloumann fekk til, fekk ros av folk utanfrå distriktet. Her nokre utdrag frå Kultursoga:

Pram⁶ - fortel om kor gledeleg overraska han blei då han etter å ha streva seg gjennom «den bespottelig uveisomme Reise over Meheien» og funne berre filleveger i Nedre Telemark, brått råka på ein framifrå køyreveg millom Seljord og Kviteseid. Denne vegen gjekk frå Tinnsjø over Gaustakneet til Hjartdal, og vidare derifrå til Seljord og Kviteseid. Om bakgrunnen for vegaletting heiter det:



Teikning av Johannes Flintoe. 1831

«Dette hele Vejarbeide er Frugten af den brave Foged Justitsraad Claumanns private Bestræbelse, og den Indflydelse han med Godhed, Forstand og Retfærd [har] vidst at skaffe sig hos Almuen. I Begyndelsen murrede Almuen over det virkelig herculiske Arbejd han uden Tvang og Kongebud havde forstaaet at bringe dem til at paatage sig, men de erføre Nyttens, velsigne sin drivtunge Embedsmand, og yde heel villigere og gierne deres Bidrag.... Der arbeidedes, sagde man mig, nu paa [vejens] Fortsættelse henover til Nissedal og Treungen; og Hensigten er, at der og skal lægges deslige gjennem hele Førresdal, og op ad Moe og Vinje».



Også presten Wille rosar vegane. I 1786 skreiv han at vegane har vorte mykje betre etter futen Cloumann vart vegmeister for øvre Telemark.

Vegane på denne tida skulle vera mest mogeleg rette. Om dei då blei noko bratte somme stader, virka ikkje som om var så farleg. Til dømes gjekk vegen frå Gamlekyrkja til Vrådalen nesten beint opp bakkane. Desse vegane til Cloumann varde til fram mot 1850-talet. Då kom det nye trendar når det gjaldt vegbygging, noko vi ser særleg godt med den nye vegen i Kviteseidkleivane. Her blei det laga 13 svingar slik at: *forudsat en Maximumsstigning af 1 paa 12 og Kjørebredde er 3,75 m. med Indskrænkninger.* "Arbeidet udførtes 1855 - 1857.

⁶ Christen Henriksen Pram, diktar og økonom, f. 1756 – d. 1821. Mellom 1804 og 1806 gjennomførte han to store reiser i Noreg. Den eine gjekk mellom anna gjennom Kviteseid. Han var fødd i Lesja i Gudbrandsdalen, men levde det meste av livet i Danmark



3.1 Hovudvegane gjennom Kviteseid

Dei viktigaste vegleiene gjennom Kviteseid kommune har i uminnelege tider vore vegen frå Seljord mot Brunkeberg kyrkje, der vegen deler seg.

Ein veg går vidare mot Morgedal, Vinje og over til Vestlandet.

Den andre bøyer av sørover gjennom Sundbygdi og over til Vrådal, og vidare mot Sørlandet.



Brunkeberg kyrkje. Akvarell av Paul Linae frå 1859. (Vest-Telemark Museum)
Brunkeberg har til alle tider vore eit viktig vegdele mellom aust, vest og sør.

1. Hovedveien mellom Østlandet og Vestlandet gjennom Telemark (Kongsberg - Vinje) kommer fra Seljord inn i Kviteseid ved Ramskei, går forbi Brunkeberg kirke, op gjennom Morgedal og passerer herredsgrensen mot Lårdal ved Ormebrekka på Morgedalsheien. Dens samlede lengde innen Kviteseid grense er (7 + 14) 21 km.

Når den eldste del av denne vei er bygget, har man intet sikkert kjennskap til. Veien er inntatt i roteinndelingen for Kviteseid av 1848 og tillagt 3die rote, Sandland- og Aasgrendroten samt 5te og 6te rote, Ytre og Nordre Morgedalsroterne. (Frå vegvesenets historie)

2. Hovedveien fra Brunkeberg kirke om Sundkilen (med arm til Kirkebø brygge) - Spjosodd med ferje mellom Spjosodd og Smeodden - Eidstå (Vrådal) - Steane - Nissedal grense på Nisser-strand og vidare gjennom Nissedal og Treungen til fylkesgrensen mot Aust-Agder. Samlet lengde innen Kviteseid 29,0 km. (armen incl.).

Denne veirute er av gammel dato. Når den eldste vei er bygget vites ikke med sikkerhet, men den er inntatt i roteinndelingen av 1848 som 1ste rode, Hvidesøroden, 2nen rode, Sundbygdsroden og delvis 10de rode, Ydre Vraalsroden. (Frå vegvesenets historie)

I denne planen er det desse vegane vi vil konsentrere oss om. Vi deler dei inn i tre, og kallar dei Pilgrimsvegen, Kulturminnevegen og Kyrkjevegen.



3.1.1 Pilgrimsvegen

I samband med pilgrimsvandringa frå Seljord til Røldal kvar sommar har vegen dei brukar blitt kalla Pilgrimsvegen. Vegene innanfor Kviteseid kommune sine grenser er godt dokumentert i boka «Fann eg dei stigar –» med Una Høydal som redaktør.

Vegen går frå grensa til Seljord ved Heggtveit i Åsgrend, forbi Vigdesjø med St.Olavskjelda, Sud-Sandland, Brunkeberg kyrkje, gamleveg til Morgedal gjennom Omtveitgrenda, opp Fossjordbrekka, gjennom Morgedal etter gamleveg, opp Bjålandsgrenda, forbi Øverbø og over til Øyfjell.

Denne vegleia, særleg frå Seljord grense og til Brunkeberg kyrkje og frå Morgedal til Øyfjell, går etter det ein kan tru er svært gamle vegar.

Kjem ein frå aust, vil ein frå Stamperue sjå tydelege merke etter den vegen som Cloumann fekk ros for. Frå Nordbøen, Slåtta, bak Smeland, over Hauganjordet, rundt Sothaug og til kyrkja. Pilgrimsvegen brukar ikkje denne traseen i dag. Delar av denne vegen er i dag bruka som trase for ljosløypa i Brunkeberg.

Frå Morgedal blir det også bruka ein annan (eldre?) trase for Pilgrimsvegen enn den som var vanleg på 1800-talet.



St. Olavskjelda ved Vigdesjø

Vil du lesa om heile pilgrimsvegen i Kviteseid kommune. [Sjå her!](#)

Tiltak	Handlingsplanen
Lage avtaler om rydding av vegen med frivillige org/lag	Kap 1.7
Informasjonstavler - på høvelege stader langs vegen	Kap. 1.2
Sjå til at St. Olavskjelda blir teke vare på ved utarbeiding av ny reguleringsplan for E134	Kap. 1.8

Vegen frå Brunkeberg kyrkje, gjennom Sundbygdi og til Vrådal, delar vi her i to. Den første, frå Brunkeberg til Sundbygdi (brygga), kallar vi for Kulturminnevegen. Vegen frå Gamlekyrkja og over til Vrådal kallar vi Kyrkjevegen. Bruer og ferjer over dei to sunda blir omtala ein annan stad i planen.



3.1.2 Kulturminnevegen

Den gamle ferdselsvegen frå Brunkeberg kyrkje, forbi Groven, Gotuholt og fram til Kviteseid brygge i Sundbygdi, blei kåra til Kviteseid kommune sitt kulturminne i kulturminneåret 1997.

Vegen er også med som turveg nr. 20 i "På tur i Kviteseid".

Vegen er godt dokumentert fleire stader. Mellom anna laga Harald Oppebøen ei orientering om vegen. Denne vegen (veggleia) er truleg svært gamal.

Vil du lesa om denne vegen.

[Sjå her](#)

Til høgre: utsnitt av kart frå 1849 som viser vegen frå Sundbygdi til Brunkeberg.



Til venstre: Historielaget på tur på Kulturminnevegen i 2012. Her er det ein rast ved Nammesteinen. Dette har truleg vore ein kvilestad på vegen, og her har folk gjennom generasjonar rissa inn namna sine.

Tiltak	Handlingsplanen
Lage avtaler om rydding av vegen med frivillige org/lag	Kap. 1.7
Informasjonstavler - Brunkeberg, Gotuholt, Sentrum	Kap. 1.2



3.1.3 Kyrkjevegen

Frå gamlekyrkja til Eidsto i Vrådal.

Denne vegen er også truleg svært gamal. I området frå Eidsto til Heia er det registrert fleire gravrøysar. Ei gravrøys og ein steinstreng⁷ frå bronsealderen og fem gravrøysar frå jernalderen. Somme stader langs vegen kan det truleg vera fint om det kunne informerast om desse haugane.

PRESTEN STORM I KVITSEIDKLEIVANE

Medan Storm var kapellan i Kvitseid, var han ein sundag te Vrådal og messa. Han hadde kanskje vore hell noko hard med den andre mannen um dagen. Men so meinte no hinkaren, at Storm skulde faa luta de utatt. Paa heimvegen um kvelden som Storm hadde kome ned i styggaste Kvitseidkleivane, datt mei'en undan sleden hans. Storm var viss um med ei gong hokken den karen var som no var ute med filasstriki sine, og han trivlar inkje lenge ette Svarteboki. Paa ougneblinken stend der ein kar innmed han, ein stor kar, hell noko ufjampeleg og ille voren.

«Er de du som hev ført meien undan sleden min?» seie Storm; «de skal bli deg ein dyr mei.»

Svare han fekk var bare himmvipur og vrengjur.

«No skal du sjav vera mei under sleden min anten du tyt ell du blæs,» sa Storm; «og gjer du inkje som eg seie deg paa fljugande timen, skal du faa med meg aa gjera.»

Han vreid seg stygt den Vonde daa, men han maatte te de. Men daa kan du tru Storm nentest køyre. De baade gneistra og gneista undan meien, og um vegen var baade stouput og stygg, so var dei framme i prestegardstune um ei liti beite.

«Steller du no te att sleden min som han var, skal me vera einannen kvitt for denni venda,» sa Storm.

Neste morgo stend sleden i sama stand som han fyrr hadde vore. Ingen kunde sjaa meien hadde vore undan.

(Frå: *Eventyr og segnir fraa Telemarki - Knut Loupedalen 1923/2004*)



Gravrøysa ved sida av «steinstrengen». Teikning av Solveig Muren Sanden frå «Vrådal i førhistorisk tid». Utgjevar: Straumsnes skule 1989.

Tiltak	Handlingsplanen
Få til avtaler om rydding og merking med frivillige	Kap. 1.7
Informasjonstavler - 1) v/bygdetunet, 2) v/Heia (turløypa), 3) v/Eidsto	Kap. 1.2

⁷ Steinstrengen er laga av 9 flyttblokkar som ligg/står på linje i nordaust/sørvestleg retning. Alle steinane er nokså jamstore, og lengda er om lag 30 m.



3.1.4 Fleire vegar

Vi har så langt sett på «hovudvegane» gjennom Kviteseid. I tillegg til desse var det også andre svært viktige vegar rundt om i kommunen. Somme var berre grendevogar, andre viktige ferdsvogar som førde ut og inn av bygda.

Hallvard Dalen, heradskogmeister i Kviteseid i ei årrekke, har lista opp mange av desse i Gamalt frå Kviteseid 1994.

Dei fleste av desse kan ein ikkje rekne med å halde oppe, men i dag med moderne GPS-utstyr kunne det kanskje vera interessant for nokon å merke desse av på kart.

Her kjem ei liste med vegar:

1. Bystigen - Fjellveg Sundet - Holteviki - Tarren - Brakandalen - Kilen
2. Åsgrend - Seljordshei - Firingane ved Seljordsvatnet
3. Moen - Landsverk - Dalen - Huvestad - Svolsbru
 - I området mellom Landsverk og Dalen er det enno synleg fire ulike trasear for denne vegen (*Jørgen Moen - Gamalt frå Kviteseid 2014*)
4. Kvildebakk - Tveit - Flekstveit
5. Fjellveg Ordal/Morgedal - Langlim/Øy fjell
6. Veg/stig Kråkenes - Mydalen - Horgeviki
7. Ståland i Dalane - Lårdal
8. Landsverk/Dalen - Storli - Leirli - Morgedal

Meir om vegar

Langs vegane, både dei som er i bruk i dag og dei som er «lagt ned», finst det mange merke, ting og historier ein bør ta vare på og gjerne vise fram.

Vedlegg nr. 2 viser døme på slike ting. Hugs bilete og koordinatar ved innsamling av slike funn

Dei fyrste køyrevegane i Kviteseid

	Arbeidet tok til	Arbeidet var ferdig
Brunkeberg - Vinje	1843	
Nissedal - Eidsto	1847	1857
Eidsto - Smedodden	1855	1857
Spjotsodd - Sundet	1860	1862
Sundet - Kyrkjebø	1862	1871
Brunkebergbakkane	1872	1875
Dampedalen - Holtan	1871	1872
Vegen opp Dalane	1880	1896
Syftestad - Sandodd og Tveitgrendvegen	1892	1904
Eidsto - Vråliosen	1899	1904
Drangedal - Steane (Vrådal)	1884	1888
Tørdal - Fjågesund og Bergsto	1908	1915

Tiltak	Handlingsplanen
Oppmode og inspirere bygdefolk om å finne og registrere kulturminne	Kap. 1.5
Oppmode einskildpersonar og lag om å avmerke gamle vegar på kart.	Kap. 1.5



4 Bygningar

For om lag 100 år sidan for Johan Meyer rundt i landet og registrerte verdifulle og verneverdige hus, reiskapar og ymse anna i bokverket:

Fortidskunst i Norges bygder – Johan Meyer, 1920

Til Kviteseid kom han med båten, og her er litt av det inntrykket han fekk då han møtte Kviteseid:

De spredte gaarder nede ved stranden viser sig alle ombygget i ny tid. Kun sjelden øines en enkel bygning med gammelt præg. Dette gjælder ogsaa strøket om den 5 km. lange mot nordvest indskjærende Sundkilen, som ved Kirkebø naar bygdens tættest byggede strøk. De store gaarder i de frodige ller byr for vort emne merkelig litet av interesse. Det samme er tilfældet, om vi ved Kviteseidkirken tar ranslen paa ryggen, vandrer op gennem de bratte kleiver og fortsætter forbi Vraadalsvatnets nordre strand frem til Vraaliosen i øst. Men fra Kirkebø gaar en smal kjørevei 20 km. ind gennem den trange fjeldslukt Dalene til Ormebrække ved Vest-Telemarkens gamle hovedvei. Fra Kirkebø snor sig ogsaa en bred moderne chaussé i lange sving opover aasen forbi Brunkeberg kirke. Fra denne utgaar oppe paa høiden to næsten parallelle bygdeveier mot nordvest med omtrent 4 km. mellemrum. Den vestlige fører ind til Morgedal, den østlige forbi Laupedalen og Sandland ind til Ordalen. Dalene, Morgedal og Ordalen med en del av det egentlige Brunkeberg har paa sine smaa gaarder med nærliggende sætrer og tildels gode skoger fostret en kraftig og gjæv slegt med dype følelser og høie maal. Den har til alle tider forstaat slegtsarvens betydning, og derved er meget av fædrenes verk fra længst svundne dager baaret uskadt frem til nutiden.



Sandland, søndre. Loft på underbunad. Høgovalt tømmer i begge høgder. Svalgang i front 1. høgde, i 2. høgde rundt hele huset - med staver, sviller og veggtiler. Tømra røst i gavlene på svalgangene. Taket tekt med never og torv.(Askeladden)



4.1 Hus i SEFRAK-registeret

SEFRAK – Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrert i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900. Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

I Kviteseid blei truleg desse registreringane gjort på første halvdel av 1980-talet. Kviteseid kommune har mange slike bygg, og i den originale lista er det ført opp 947 bygg. Etter denne tid er det registrert 48 bygg som er «Revet/brent», 12 bygg er registrert som «Bygningsnr. utgått», og 3 bygg er «Godkjent for riving/brenning». Det står då att 884 bygg som «Tatt i bruk».

Det er sjølvsagt litt usikre tal i denne registreringa, men viser tydeleg at det er svært mange gamle hus i Kviteseid kommune.

I tillegg til desse kjem dei husa som er freda. 11 er automatisk freda på grunn av alder (frå før 1650). 29 er freda med vedtak.

	Totalt	Rive/brent /Godkj. F riving	Freda hus	Totalt i dag
Vrådal	155	8	0	147
Fjågesund	71	6	1	66
Kilen	36	3	0	33
Tveitgrend	49	5	0	44
Sundbygdi Haukom	62	1	11	72
Sundbygdi Moen	69	10	3	62
Dalane	84	7	4	81
Morgedal	143	9	13	147
Brunkeberg	215	12	5	208
Åsgrend	63	2	3	64
	947	63	40	924

Tabellen viser alle hus i Kviteseid som er eldre enn frå 1900. Også freda hus er med her.

Husa som er med i SEFRAK-registeret er delt i tre kategoriar.




Grå trekant som er ruin eller fjerna bygning.

Gul trekant som er annan SEFRAK-bygning.

(Hus bygde mellom 1850 og 1900.)

Raud trekant gjev meldeplikt ved riving/ombygging. (Hus bygde før 1850)

Av dei husa som er opphaveleg registrert i SEFRAK-registeret er 627 registrerte med raud trekant, 260 med gul trekant og resten med grå.

	Ruin eller fjernet bygning
	Annen SEFRAK-bygning
	Meldepliktig ved riving/ombygging

Av tabellen kan ein sjå at Sundbygdi-Haukom har i alt 11 freda hus. Alle desse finn ein på Kviteseid gard og Kviteseid bygdetun. Nesten alle dei andre freda husa ligg i Brunkeberg sokn.



Registreringa deler husa inn i svært mange ulike kategoriar. Desse kan ligge svært nære opp til kvarandre når det gjeld klassifisering. Det er nok fleire som har vore med på registreringsarbeidet, og dei kan ha sett litt ulik på korleis ein skal plassere dei ulike husa. Tabellen nedanfor er eit forsøk på ein oversikt over husa etter ein «vanleg» måte å gruppere dei på.

Tala er usikre, og er bare ein illustrasjon på kor mange hus som er i kommunen av ulike slag

Frå tabellen kan ein merke seg kategorien vårfjøs. I alt er det 12 stk. vårfjøs. Nesten alle av desse ligg i Brunkeberg. Dette må vera eit merke på ei driftsform som har vore svært lokal. Ei forklaring kan vera at gardane i Brunkeberg hadde lite eller ingen ting av heiområde. Desse har då i større grad måtta nytte utmarksområde rundt garden til beite om sommaren.

Under kategorien «Uthus mm...» kan ein finne to hus som er registrert som hus for sau og geit.

	Totalt i dag	Bustad -hus	Bur/ Stabbur/ Loft/ Veslebur	Drifts- bygning/ løe/ uthus fl.	Stall	Fjøs	Vår- fjøs	Eld- hus	Andre hus
Vrådal	147	58	42	20	0	0	0	16	11
Fjågesund	66	29	15	10	0	0	0	2	10
Kilen	33	9	6	4	0	5	0	0	9
Tveitgrend	44	15	10	9	1	4	0	2	3
Sundbygdi Haukom	72	20	26	6	2	3	0	8	7
Sundbygdi Moen	62	17	26	5	1	2	0	6	5
Dalane	81	17	18	15	7	4	0	10	10
Morgedal	147	35	49	14	6	4	1	15	24
Brunkeberg	208	43	47	20	4	22	10	21	51
Åsgrend	64	12	14	8	5	5	1	2	18
I alt	924	255	253	111	26	49	12	82	148

Tabellen under viser ein del interessante tal. Brunkeberg kyrkjekrins (Dalane, Morgedal, Brunkeberg, Åsgrend) har meir enn 50% (om lag 54%) av alle husa i SEFRAK-registret. Denne krinsen har også ein svært stor del av stall og fjøs som er registrert som eigne hus. På andre sida har Vrådal større del av bustadhus enn andre delar av kommunen.

	Totalt	Rive/brent /Godkj. F riving	Freda hus	Freda hus i %	Totalt i dag	Totalt i dag i %
Vrådal	155	8	0	0,0	147	15,9
Fjågesund/Kilen	107	9	1	2,5	99	10,7
Sundbygdi - Kviteseid	180	16	14	35,0	178	19,3
Brunkeberg	505	30	25	62,5	500	54,1
	947	63	40	100,0	924	100,0



Hus utan tilknytning til landbruket

Dei aller fleste husa i SEFRAK-registeret er hus som har tilknytning til landbruket.

Vedlegg 3 til planen viser 16 hus frå registeret, som ikkje har ein direkte tilknytning til landbruket. Nokre av desse er i dag svært ombygde, og har ein heilt annan bruk enn den opphavslege. Andre står nesten som dei var.

Minst eitt av desse er rive i seinare tid.

Somme av desse husa bør ein kanskje ha litt ekstra

merksemd på for framtida. Her kan ein særleg dra fram hotellet i Vråliosen og skulestova i Ordal. Både desse to er merka med gul trekant. Kommunen må vurdere om desse bør få vernestatus.



Her ser ein Vråliosen hotell, og brygge med varehall. I lia bak hotellet kan ein sjå tømmerrenna som frakta tømmer forbi Vesle-Rjukan.

Økonomi

Kviteseid kommune har som ein ser svært mange hus som er eldre enn frå 1900. Mange av desse er i bruk, men då ofte til eit anna bruk enn det opphavslege. Desse blir i stor grad teke godt vare på. Det er også ganske mange av desse husa som i dag ikkje er i bruk (kanskje dei blir bruka til lager). Mange av desse er hus ein bør ta vare på, men restaurering/vøling kan koste ein del.

Det finst i dag ordningar som gjer til at ein kan få økonomisk stønad til å vedlikehalde gamle hus. Her er det viktig at kommunen har god oversikt over slike ordningar, og kan hjelpe huseigarar med å søkje etter aktuelle tilskot.

Om SEFRAK-registeret

Sjølv SEFRAK-registeret bør truleg ha ein gjennomgang.

Det er truleg både rive og «ramla ned» hus som ikkje er registrert som endring.

Eit problem er også å bestemme når eit hus går over frå raud eller gul, til grå trekant-registrering.

Det er i dag eit paradoks at det er lov (ingen kan i alle fall hindre det) å la hus ramle ned uansett kor verdifulle dei kan ha vore.



I dag registrert med raud trekant. Bør det vera grå trekant?



Hus bygde mellom 1900 og 1950

I Kviteseid kommune er det også mange hus som er bygde etter 1900 som har verdi for ettertida. Desse er ikkje med i noko register. Det bør vurderast om kommunen burde setja i gang registrering av hus bygde mellom 1900 og 1950. Til dømes er ein stor del av husa både i Kviteseidbyen og Eidsto, bygde i denne tida. Kommunen sit sjølv med dette huset byggt i 1911 som kan hende burde få vernestatus?



Tiltak	Handlingsplanen
Alle SEFRAK-registrerte hus må kommunen ha eit ansvar for å fylgje opp når det er spørsmål om vøling, endringar og ev. riving	Kap. 4.4
Kommunen må ha god oversikt over statlege og andre tilskotsordningar, slik at dei kan gje hjelp til dei som treng det.	Kap. 4.1
Kommunen bør ta ein gjennomgang av SEFRAK- registeret og sjå om den er rett i dag	Kap. 2.7
Kommunen bør vurdere om Vråliosen hotell og skulestoga i Ordal bør få vernestatus	Kap. 2.9



Kviteseidgata i 1920-åra. Byen hadde reist seg etter brannen. Ei brei fin gate blei omkransa av hus i ein einsarta stil. Byen var på sitt finaste. Ingen av desse husa er med i SEFRAK-registeret. Bør det ikkje ei særleg registrering til her? Det same gjeld vel også for Eidsto.



4.2 Freda hus og tun i Kviteseid

I Askeladden er det registrert 40 hus som er freda i Kviteseid. Elleve er automatisk freda på grunn av alder. Dei andre er vedtaksfreda.

Det er eitt gardstun (Hauge i Morgedal) med seks hus og tun og området rundt som er freda.

Kviteseid gard, her er det sju hus som er freda.

Kviteseid bygdetun her er det fire hus som er freda.

Lundevall 2 hus, loft og bur

Vesterdal 2 hus, våningshus og loft

Elles er det einskilde hus i ulike tun.

Av dei freda husa er: 25 bur/loft, 6 er bustadhus, 9 er andre hus

Dei husa som er automatisk freda er det riksantikvaren som har ansvaret for.

Dei vedtaksfreda er det Telemark fylkeskommune som har ansvaret for.

Mellom dei 24 gardstuna som er registrert i Askeladden.no, er det eitt som merker seg særleg ut.

Gården Hauge ligger i Grenda Morgedal i Kviteseid, og består av 8 bygninger, hvorav 7 er fredet. Disse er våningshus, bur, loft, stall låve, fjøs og smie. Bygningene ligger rundt et firkanntun med smia et godt stykke utenfor tunet. Anlegget ligger i et kulturlandskap med steinmur og rydningsrøyser som gjenspeiler den tradisjonelle driftsformen. Anlegget er svært representativt for gårdsbebyggelse i denne delen av Telemark i første del av 1800-tallet. Disse tunene er i dag svært sjeldne, da de fleste er bygget og tilpasset moderne drift. Gården Hauge er imidlertid lite preget av nyere tids endring i driftsformer i landbruk. Det står derfor som en typisk representant for det førmaskinelle landbruk med bygninger og tunform tilpasset drift med hest og sau. Uthusene ligger karakteristisk på skrenten av en hylle i terrenget der det blir naturlig avrenning av gjødsel nedover dyrket mark. Våningshuset har gjennomgått to hovedombygginger som dokumenterer typiske trekk ved utviklingen av denne bygningstypen i Telemark.



Hus	Totalt	Alder					
		Før 1350	Mellom-alder	Etter-reform-atorisk tid	1600-talet	1700-talet	1800-talet
Bustad	6				1	4	1
Bur-stabbur-loft	25	5	5	4	2	9	
Fjøs-stall	4			1		2	1
Låve	2						2
Smie	1						1
Uthus	1			1			
Annan bygningsart	1					1	
	40	5	5	6	3	16	5



Tiltak	Handlingsplanen
Kommunen må ha eit godt samarbeid med Riksantikvar og fylkeskommune om dei freda husa i kommunen.	Kap. 4.5
Kommunen må kunna gje råd og rettleiing til eigarar av freda hus	Kap. 4.1
Etter ein ny gjennomgang av SEFRAK-registret kan det vera aktuelt å vurder om det er fleire hus som bør fredast	Kap. 2.9

4.3 Registrering av husmannsplassar

I 1930-åra samla medlemene av Ungdomslaget «Dølen» i Morgedal inn informasjon om alle husmannsplassane i Morgedal, og om folka som hadde levd på dei. Denne samlinga blei kalla plassesoga. Innpå 2000-talet samla det seg ei gruppe på åtte godt vaksne karar og ei kvinne i Morgedal. Målet dei hadde var å finne alle desse plassane, og å finne GPS-verdiane til kvar einskild plass. I 2009 var arbeidet ferdig, og heile den gamle plassesoga med GPS-verdiar blei trykt i «Gamalt frå Kviteseid»



Eldsjelene som har tråla Morgedal og kartfesta dei gamle husmannsplassane. Frå venstre: Olav Berge, Bodil Hauge, Gunnar T. Råmunddal, Gunnar B. Råmunddal, Eivind Strondi, Aasmund Kleiv, Styrkår Berge, Knut Bjåland og Torleif Omtveit.
(Foto: Frå Gamalt frå Kviteseid)

I 2015- utgåva av «Gamalt frå Kviteseid» finn vi noko tilsvarende for Lunden krins på vestsida av Vråvatn. Her er det Jostein Fjalestad og Gunnar Wraa som har funne husmannsplassane i denne krinsen, og fått avmerka dei på kart, men utan GPS-verdiar.

Olav Botnen har også skrive mykje om husmannsplassar i Kviteseid opp gjennom åra. Dette er stort sett gjeve ut i avisa «Varden».

Det burde vera eit mål å få registrert så mange som råd av husmannsplassar som har vore i kommunen.

Tiltak	Handlingsplanen
Oppmode historielag, grendelag, einskildpersonar og grupper om å samle inn opplysningar om husmannsplassar i kommunen. GPS- verdiar bør vera med.	Kap.1.17




4.4 Registrering av hus

I «Gamalt frå Kviteseid 2012» er det ein artikkel som heiter «Loft og bur i Morgedal». Det er Aasmund Kleiv og Brynjulv Sandåker som har stått for registreringa. Dei har funne 53 loft og bur i Morgedal. Her er alle med, både nye og gamle.

Dette å registrere grupper av hus i dei ulike delane av kommunen, kunne vera av stor interesse å få gjort.

Tiltak	Handlingsplanen
Oppmode historielag, grendelag, einskildpersonar og grupper om å samle inn opplysningar om ulike hustypar i kommunen. Alle bør fotograferast.	Kap. 1.18

4.5 Listeførte kyrkjer i Kviteseid



Kviteseid kyrkje i vinterdrakt. Fotografikk. Tidleg 1970-talet.

I Askeladden i dag er alle fem kyrkjene i Kviteseid listeførte.

I tillegg er også den gamle kyrkjegarden på Roholdt i Vrådal med. På Hauge i Morgedal skal det etter tradisjonen også ha stått ei kyrkje, denne er også med.

I den omtala som er gjeve for kvar kyrkje (ikkje Kilen og Fjågesund) er det mykje som er feil, eller i beste fall upresist.

Riksantikvaren er kontakta om dette, men det har framleis ikkje kome noko svar.

Etter mitt syn bør vi få rydda opp i dette i samband med arbeidet med denne planen.

(Heile lista er med som vedlegg 4 til denne planen.)

Tiltak	Handlingsplanen
Rette opp feil i omtalene som er oppført for kvar kyrkje	Kap. 1.9



5 Tekniske kulturminne.

Dei to kanskje viktigaste tekniske kulturminna i Kviteseid er omtala i andre kapittel i planen. Dette gjeld Sundebrui i Sunde-sundet, og slusene i Storstraum og Småstraum i Vrådalen. Det som blir omtala i dette kapitlet er dei tyske forsvarsverka i Vrådalen, gruedrifta og kraftstasjonar som i dag er nedlagde.

5.1 Tyske forsvarsverk i Vrådalen

Våren 1942 byrja tyskarane å byggje forsvarsverk ved Steane i Vrådalen. Det blei også gjort noko arbeid på Vråløy, Høgøy og på vegen Steane-Tørdal. Det meste ligg nord for vegdelet mellom riksveg 41 og riksveg 38. Det er ganske omfattande forsvarsverk nede ved riksveg 41, og oppe i Reinskosnuten.

Vil du sjå litt meir om desse forsvarsverka. [Sjå her.](#)

I «Gamalt frå Kviteseid 2015» har Birger Skipar skrivne om desse forsvarsverka.

Til høgre ser du noko av forsvarsverka som ligg like ved Rv 41. Under ser du litt av forsvarsverka som ligg noko opp i fjellsida.



Ved Vrådalen kyrkje blei det også opparbeidd forsvarsverk. Her blei det bygd mellom anna ein kanonstall på vestsida av vegen. I vegen ved kyrkja var det også ei tanksgrav i vegbanen. Ca. 300 meter sør for kyrkja var ei skyttargrav med dekningsrom innskote i fjellet. Det meste av dette er i dag fjerna eller fylt att.



Ein liten rest stikk opp av bakken ved kyrkja

Tiltak	Handlingsplanen
Registrere dei fysiske krigsminna i Vrådalen	Kap. 1.10
Gjere nokre av forsvarsverka tilgjengeleg for publikum. Merke løype og setje opp skilt.	Kap. 1.11
Vurdere vernestatus på forsvarsverka ved Steane/Reinskås	Kap. 2.11



5.2 Gruver og skjerp

Olav Grå kom til Kviteseid på 1600-talet. Kor han kom frå veit ingen sikkert. Han kom truleg først til Gråsvoll i Fjågesund, som skal vera oppkalla etter han. Etter kvart slo han seg ned på Tveit i Tveitgrendi. Det kan vera han som har bygd på andre høgda på Tveitloftet. Det er mange soger om Olav Grå. Han var sølvsmed, og han skal ha funne sølvgruver mange stader rundt i Kviteseid. Somme meinte jamvel at han hadde funne sølv under loftet på Tveit. Truleg var det stole sølv frå Kongsberg han arbeidde med. Dette var sjølvsagt ulovleg. Sogene om Olav Grå og sølvgruvane hans, har nok vore med til å vekke interessa for skjerp i Kviteseid.

I Kviteseid er det registrert svært mange gruver og skjerp. Det er også drive kommersiell gruvedrift i Dalane og i Morgedal, og litt på Breidalshei.

I Dalane blei det drive etter gedigent⁸ kopar og sølv, og etter koparkis. Drifta starta opp i 1880-åra, og heldt fram til 1917.

I Morgedal er det mest kopar og koparkis som er drive. Når det starta i Morgedal, er litt usikkert, men det var i alle fall prøvedrift i 1860-åra. Så var det vekslende drift fram til 1908 då gruvedrifta blei lagt ned.


I tillegg til dette finn ein i Kviteseid små gruver med molybden, arsenkis m.m.

I boka «Gruber og skjerp innen gradteigkart E36V Kviteseid» har Johannes Dons ei fullstendig liste over gruver og skjerp i dette området.

I tillegg til det som er med her, er det også to glimmergruver i Kviteseid som blei drive under krigen. Ei på Heivatn, på heia aust for Haukomgrend. Og ei ved Ljosvatn, på heia mellom Bandak og Vråvatn.

På folkemunne heiter det at Kviteseid har like mange gruver og skjerp som heile Telemark har til saman.

Alle som skjerpja hadde også med seg tanken om at: «kalven ligg på Kongsberg, men kua ligg i Raubergnuten».



Kartet viser området frå Bandak, over Dalane og nord til Øvre Morgedal.



Koparkis frå Dalane

⁸gedigent, om mineral: rein, skir, ekte



Gullnes kvartsitt brot

Den siste gruva som blei driven i Kviteseid, og truleg i Telemark, var Gullnes kvartsittbrot på sørsida av Bandak på grensa mot Bandaksløi. Drifta starta opp her om lag 1895. Kvartsitten som blei drive her gjekk til Borgestad fabrikk i Porsgrunn for å lage eldfast stein av. Gullnes har ikkje vegsamband, og all steinen blei frakta ut med lastebåtar som gjekk på kanalen. Lastebåten «Dyre Vaa» er nok den som har frakta ut mest. Han kunne laste 100 tonn. Fram til 1957 blei alt lasta for hand med trillebor. Vanlegvis var det 5-6 mann som lasta dette på 6 timar. I 1957 blei det bygd ein silo for steinen, og no tok det 15-20 min. å laste opp steinen i båten. Drifta blei lagt ned i 1979.



Martin Sjøveland, og den då 74 år gamle formannen John Kristensen, i fullt arbeide i Gullnesgruva. Bilete er teke av Torbjørg Solberg i samband med eit stykke ho hadde i Varden om gruva.



Siloen som blei bygd i 1957. Den blei riven for nokre år sidan og ligg no på boten av Bandak. Foto: Olav Botnen i Varden

Det bør leggjast til rette for at publikum kan få tilgang til ei eller nokre gruver. Problemet ein står over for er tryggleiken. Dei fleste gruver kan ha noko usikkert med seg

Tiltak	Handlingsplanen
Vurdere opptrykk av «Gruber og skjerp innan gradteigkart E36V Kviteseid»	Kap. 1.12
Sjå dette kap. saman med kap. om Dalaåi. Skilting og turstigar i området mellom Moen/Landsverk/Dalen	Kap. 1.6



5.3 Kraftstasjonar

I 1940 blei Vest-Telemark kraftlag skipa med tanke på å forsyne heile regionen med stabil, og nok elektrisk kraft til alle. Det tok enno mange år før heile regionen var fysisk tilknytt nettet til VTK.

Før dette var det fleire lokale kraftverk som blei sett i gang i området. I Kviteseid var det tre ulike verk i gang før VTK tok over.

Kviteseid elektrisitetsverk

I Kviteseid var det sentrale strøk i Sundbygdi som var først ute med å få til elektrisk kraft. Rett før jul i 1913 samla sju karar seg på kommunehuset i Kviteseid med føremål å skipe eit elektrisitetsverk. Oppsundbekken som renn rett gjennom Kviteseidbyen blei den naturlege kraftkjelda. Det blei bygd ein dam i utløpet av Stemtjønn, og ein reguleringsdam ved Kongsberg. I 1914 var det stiftingsmøte, og alt i 1915 var det i drift.

Verket bestod av ein einfasegenerator som ved 1000 omdreiningar og 5000-5250 volt spenning avga 68 KW. Om turbinen heiter det i spesifikasjonen frå Myrens Verksted:

En enkel turbin paa horisontal aksel for direkte tilkøpling til generator og for anbringelse i støbejems kapsel, konstrueret som peltonturbine med bevægelig kniv- og naalregulering etter følgende data: Effektiv kraftudvikling i HK: 105.

Effektiv faldhøide i meter: 215.

Antal omdreiningar pr. minut:

1000. Nødvendig vindmengde i liter pr sec.: 47.

I fyrste omgang gjekk det med 26.000 meter koparleidning for å føre straumen ut til abonnentane.

(Håkon Ruud, «Gamalt frå Kviteseid 1995)



Kraftstasjonen slik den står der i dag omkransa av tett lauvskog.

Ljoset hadde kome til dei sentrale strøk i bygda, og blei utvida litt etter kvart.

Kraftstasjonen ligg like på øvre sida av riksveg 41 ved Oppsundbekken. Huset står førebels støtt, men det meste av inventaret er borte.

Kraftverk i Vråliosen

6. august 1924 skriv Petter Flatland som eigar, og Tellef Lien som utbyggjar, avtale om bygging av ein kraftstasjon i Vråliosen. Denne var privat og skulle dekkje behovet for straum til hotell, bustadhus, pakkbu og etter det ein kan forstå berre straum utvendig på butikken.



Turbinen staar med rem i forbindelse med en Kompaunddynamo paa 10 kV og 220 volt. Dynamoen monteres paa strammeskiner og utstyres med vendepoler og magnetregulator, samt en apparattavle som paamonteres et amperemeter, et voltmeter med ohmskala og vendere samt hovedbryter og sikringer. Dessuten opsættes to hornlynvledere med nødvendige jordplater samt en lampe og en elektrisk ovn.

Tellef Lien var frå Treungen. Han og broren Knut Lien, var stort sett sjølvlærde kraftutbyggjarar. Like etter at kraftstasjonen blei bygd i Vråliesen finn vi eit stykke med tittel: «Tiltøke Treungskarar», om brørne i avisa «Noreg».

Kraftstasjonen var i drift til 1955. Etter dette blei det gjort forsøk på å setje kraftstasjonen i stand slik at den kunne visast fram. Dette blei ikkje noko av, og i dag er huset fjerna. Berre haldesteinane står att.



Kraftstasjonen i Vråliesen. Biletet er frå avisa "Noreg".

Fjågesund Elektrisitetsverk

Så tidleg som på 1920-talet blei det skipa eit interessentselskap i Fjågesund som gjekk inn for å byggje elektrisitetsverk i bygda. I denne omgang blei det ingen ting av desse planane.

I 1935 fekk Torjus Fjågesund hand om eit kraftverk som då stod i lia mellom Dalen og Eidsborg. Dette var bygd i 1918, men hadde nesten ikkje vore i bruk.

No tok arbeidet med å få i gang kraftverkt i Fjågesund til.

Det nye kraftverket fekk ei fallhøgde på 150 m, og terrenget var slik at det ville gå med 800 m røyr, derav 600 m nye. Etter undersøking av pristilbod frå ymse firma, vart det bestemt å kaupe trerøyr frå ein fabrikk som heitte Tubus i nærleiken av Sarpsborg. Røyra, som var laga av halvrand plank ca. 3 cm tykk, hadde ein innvendig diameter på 25 cm og var surra med ein grov spesialtråd, og med tettare surring di større trykk dei skulle halde. Desse røyra kosta ca. 10,- kr./m. Heile lengda med trerøyr måtte gravast ned, so dei vart



Kraftstasjonen slik den står i dag. Her er det behov for litt vøling.

godt beskytta med jord. Ogso denne gravinga vart gjort med spade og hakke i mykje steinfull grunn, og ein mann frå Tubus stod for den fagmessige nedlegginga av røyra.


Av ymse årsaker hadde far nå overlatt byggeleinga til ing. Kjellemo i Lunde, og han organisera og stod for monteringa av maskinene og bygginga av linjenettet. Det vart kjøpt ny generator, og denne gongen vart det vekselstraum, for ein var blitt klar over fordelane med å overføre straumen på høgspennett.

Spenninga var rektig nok bare 5.000 volt, men det var meir enn nok til so lita kraftmengde og sopass små avstandar. Maskinen skulle yte 100 kW. (Torjus Fjågesund, «Gamalt frå Kviteseid» 1990)



Verket starta opp 4. mars 1938. I 1952 blei linjenettet utbygd til Bergsto. I 29 år sveiv verket, men i 1967 hadde tida gått frå det, elektrisitetsverket blei stoppa, og Fjågesund fekk straum frå Drangedal.

Torjus Fjågesund skreiv ein artikkel i Gamalt frå Kviteseid i 1990 om dette verket. Han seier det slik « ... men det står der framleis omtrent i same stand. Men trerøyra rotna vekk nokso fort då dei vart ståande tome.»



Torjus Fjågesund i kraftverket i 1990. Bilete frå "Gamalt frå Kviteseid".

No har det gått nye 29 år etter dette er skrive. Truleg er det meste på plass, men her burde det nok til ei form for renovering. Kommunen har sjølv sagt ikkje noko ansvar for dette, men ei hjelpande hand til nokon som vil ta eit tak i dette, hadde nok vore flott.

Kan hende det burde vurderast å verne dette huset med innhald.

Tiltak	Handlingsplanen
Verket som står i Fjågesund bør takast vare på. Kommunen må hjelpe til med å skaffe økonomiske midlar dersom det skulle vera behov.	Kap. 4.1
Kommunen bør vurdere om verket i Fjågesund bør vernast	Kap. 2.12









6 Minnesmerke/steinar








I Kviteseid er det 13 minnesmerke/steinar/bautaer som er reist.

Alt i 1917 tok formannskapet initiativ til å reise ein statue av Tormod Knudsen Borgejorde. Om lag på same tid var det folk i bygda som meinte det burde opp ein minnestein over presten Niels Windfeld. Det drog ut med baae desse to. I 1925 blei den første minnesteinen i kommunen reist i Morgedal: «*Denni steinen hev Morgedølar og Foreningen til Ski-idrættens Fremme reist til minne om skiløparen Sondre Nordheim paa 100 aars dagen etter han vart fødd 10. juni 1825*»

Tormodstøtta kom opp i 1937, og minnesteinane over Niels Windfeld og Jens Zetlitz blei reist i 1940. Etter kvart har resten kome opp.

<p>Peter Jørgen Cloumann.</p> <p>Ved Gamlekyrkja. Reist 14. august 1983. Fut i Øvre Telemark</p>		<p>Niels Windfeld.</p> <p>Ved Gamlekyrkja. Reist 1940. Prest i Kviteseid 1767 - 1810</p>	
<p>Magnus B. Landstad.</p> <p>Relieff ved Gamlekyrkja. Avduka 19. juni 1992. Prest i Kviteseid 1834 - 1839</p>		<p>Jens Zetlitz</p> <p>Ved Gamlekyrkja. Reist 1940. Prest i Kviteseid 1811 - 1821</p>	
<p>Telemarks-kyri</p> <p>I bryggeparken. Avduka 17. juni 2006. Les meir</p>		<p>Dyrskusteinen</p> <p>Avduka 19.09.1956 ved Moen. No flytt til sentrum. Les meir</p>	



<p>Sondrestein</p> <p>Ved det tidlegare Olav Bjålands museum Avduka 14. juni 1925 Vil du lesa meir om Sondrestein, sjå her: Soga om Sondrestein</p>		<p>Sondrestatuen</p> <p>Ved skieventyret i Morgedal. Sondre Norheim (1825 - 1897) Avduka 16. januar 1988</p>	
<p>Jørgen Tjønne</p> <p>Meisterspelemannen, fødd på Tjønne i Åsgrendi 1. juni 1894. (Steinen avduka 1994.) Døydde på Rauland i 1985</p>		<p>Maren Ramskeid</p> <p>Ved Åsgrendvegen. Avduka 9. juni 2003 Les meir om Maren, sjå her</p>	
<p>Tormodstøtta</p> <p>Ved biblioteket. Tormod Knudsen Borgejorde. Ordførar, stortingsmann, forfattar. Avduka i 1937. Les meir om Tormod, sjå her</p>		<p>Utflyttarbautaen</p> <p>I Bryggeparken Avduka 18. juli 1992. Les meir om bautaen, og finn ut om kvar steinane er frå. Sjå her.</p>	
<p>Smørbukkstatuen</p> <p>I Eidsto. Avduka 16. juli 2012</p>			

Tiltak	Handlingsplanen
Einskildpersonar og lag/organisasjonar, kyrkje og kommune må hegne om desse til glede for dei som kjem i kontakt med dei.	Kap. 4.6



7 Arkeologiske kulturminne

Arkeologiske kulturminne er ikkje mellom dei prioriterte tema for denne planen. Jmf. vedtekne tema for planen (Formannskapsvedtak 58/18). Det er likevel naturleg at dette emnet blir nemnd i planen.

I Askeladden.no er det registrert 296 arkeologiske minne. Av desse er 33 gravfelt (fleire røysar i same område) og 55 gravminne. Det er også registrert 42 funnstader.

Ved seinare revisjonar av denne planen vil det vera naturleg at arkeologiske kulturminne blir eit prioritert tema.

7.1 Gravminne

Her vil vi berre nemne nokre av dei største områda med gravminne/felt.

I Åsgrend er det rike område med gravfelt. Både Gjelstad og Heggtveit har sine område.

I Morgedal er det område med gravfelt særleg i området i og rundt Bjålandsgrenda.

Gravminna langs Bandakvassdraget og Vråvatn/Nisser, er omtala andre stader.

Ein del av desse gravhaugane er utgravne og viser rike funn av øksar sverd og andre reiskapar. Funna på Gotuholt og Lundevall i Lundevallsgrend, og Flatland i Vrådal er døme på rike funn. Dei fleste haugane er ikkje gravne ut, og kan sjølvstakt innehalde funn av ulikt slag. I tillegg til dette er det registrert funnstader der ein først og fremst har funne einskildfunn.

Funnet på Bygland i Morgedal

Hausten 1944 fann Eivind Bygland ei samling av reiskapar og våpen, under det som såg ut som ei røys, i utkanten av jordet. Heile samlinga ligg i dag i Oldsaksanlinga i Oslo. Dette funnet er eit av dei rikaste i landet i sitt slag. Byglandssmeden må ha vore svært dyktig og produktiv. Tidfestinga er om lag år 950 e. Kr.



Eit lite utval frå funnet på Bygland. (Frå Telemark historie)

«Vi må derfor slå fast at det dreier seg om et gravanlegg frå vikingtiden av høyst usedvanlig karakter.» Konservator Charlotte Blindheim.



I området i og rundt Bjålandsgrend

er det funne fleire gravfelt og røysar. Her vil vi nemne to jamgamle graver i dette området som er tidfesta til folkevandringstida. (400 - 550 år e.Kr) Ut frå funna i haugane er dette truleg ei mannsgrav og ei kvinnegrav og gjev tydeleg merke på rikdom.

«.. so den mannen som kunne ha sovore med seg i haugen har visseleg vore noko av ein gauve. Somme granskarar har hevda at slike stormenn frå eldre jernalder ikkje berre hadde verdsleg makt, men ogso beint fram har vore i stand til å skaffe seg guddommeleg status» Aa. Olsnes, Kultursoga.



Dette postkortet viser Bjålandsgardane midt på bildet. Noko nedanfor desse gardane låg truleg Bø-garden, den eldste garden i Morgedal, som ikkje finst i dag. Heile dette området ligg innanfor Kulturlandskapsområde KLI i kommuneplanen. Foto: Normann

Dei rike funna i Morgedal bør gjerast betre kjent. Skieventyret i Morgedal er ein del av Vest-Telemark Museum. Det vil vera naturleg at dette museet kunne finne plass til ei skikkeleg orientering/utstilling om desse rike funna. Det bør ogso koma betre skilting av funna på aktuelle stader.

Tiltak	Handlingsplanen
I samarbeid med Skieventyret/VTM vise fram funna som er gjort i Morgedal - lage ei utstilling	Kap. 1.13
Informasjonstavler av aktuelle funn og lokalitetar	Kap. 1.2



7.2 Kulturminne i skog og utmark

Vi veit at det framleis er svært mange kulturminne som ikkje er funne. Mose og lyng kan løyne mange verdifulle kulturminne. Det er blitt gjetta på at vi kjenner mindre enn 10% av alle freda kulturminne som finst⁹. Samtidig veit vi også at mange forsvinn av ulike grunnar. Det blir hevda at halvparten av alle gravminne kan ha blitt borte sidan mellomkrigstida.

Dette betyr at går du deg ein tur i skogen, eller i utmarka er det mykje truleg at du fer forbi både eitt og kanskje fleire automatisk freda kulturminne. Dette er ting du ikkje utan vidare kan sjå. Du vil kanskje også sjå restar etter andre kulturminne som viser at her har vore aktivitetar av ulik slag.

Kulturminneloven seier at ein ikkje utan løyve kan setja i gang tiltak

«som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme fredet fast fornminne eller fremkalle for at dette kan skje».

Dette betyr at dersom du aktivt leitar etter automatisk freda kulturminne, og til dømes set i gang graving for å finne noko, er dette ulovleg og du kan i verste fall bli straffa.

Samtidig veit ein at svært mange kulturminne er funne i samband med graving av ulikt slag, og at det på den måten har dukka opp verdifulle kulturminne.

Namn kan vera viktige peikepinnar på kva ein kan finne av kulturminne. Til dømes kan du vera sikker på at det har vore tjørebrenning på ein stad som i dag heiter Tjørhjellen.



Ei uregistrert kolgrop.
Går du tur i skogen er dette eit av dei kulturminna du lettast kan sjå.



KulturminneID -133671
Slagghaug, delvis kuttet av gårdsvei. **Flintfunn gjort i selve haugen.** [...]
(Funn 18. september 2008 av arkeolog Sigrid Gundersen - Funnet viser at her har steinalderfolk halde til over tid.)

⁹ Dette gjeld då først og fremst kulturminne frå før 1537



For den som ferdast i skog og mark, og får sjå noko som kan vera eit automatisk freda kulturminne, er det viktig å melde frå. Dette kan du til dømes gjera til kommunen, eller direkte til kulturminneavdelinga i fylket. Ta eit bilete og finn gjerne koordinatane for funnet.

Døme på ting du kan sjå i skog og utmark kan vera:


1. Kolbrenningsholer
2. Restar etter tjørebrenning
3. Jernframstillingsanlegg
4. Buplassar
5. Vegar
6. Fangstanlegg
7. Gravminne

[....]


*Ferdast i skogen med vake sinn
Freden og venleiken der er din!*

*Haakon Lie
(utdrag)*


Tiltak	Handlingsplanen
Gjera kjent reglar for funn av automatisk freda kulturminne	Kap. 1.14



Tjørubrenning i grøft
(Frå «Kulturminner i skog»)



Tjøruhjell



Tjørumile



8 Skihistorie

Ski har vore, og er ein viktig del av Noregs kulturarv og identitet. Skia var viktige fordi folk kunne bevege seg over store avstandar på vinterstid, og dei var nødvendige til jakt og arbeid. Kunnskapen om å lage ski til ulike formål og terreng gjorde at den snødekte bakken ikkje var til hinder, men til hjelp for å flytte seg over store avstandar.

I Noreg har vi uttrykket «født med ski på beina», det fortel kor viktig ski er i norsk historie. Ski kjem av ordet «skið» som betyr splitte eller kløyve. Det var starten på dei første skia, ein kløyvde eit trestykke og festa dei på føtene.

Morgedal har vore viktig for utviklinga av den moderne skisporten slik vi kjenner den i dag.

MORGEDAL — VOGGA AV DEN MODERNE SKI-IDROTTE

Morgedal er ei god snjøbygd. Den fyrimon hev bygdi havt framom både Seljord og hovudsoknet Kviteseid og bygdar lenger sud og vest som ligg lågare i lende og vassdrag og er meir utsett for varm luft, sludd og tøy. [.....]

Meir eller minder dreiv dei løypingi i alle snjøbygdar, men hossleis fær Morgedal den noko omstridde breidde i tradisjonen og skireferati frå eldre og nyare tid? Nokon vil svara det var Sondre Norheim og Hemmestveitane. Jaja, men det som dreiv fram og ala desse løyparane, dei vilkår som la seg slik til rettes at det laga seg ei moderne ski-idrottens vogge?

(«Morgedal - Skisportens vogge» av Torjus Loupedalen.)

Dei moderne skia frå Morgedal

Det tok lang tid før vanlege folk byrja å bruke skia til anna enn arbeid. Midt på 1800-talet byrjar det å bli tilstellingar der folk samlast for å leike og konkurrerer på ski.

Då «Centralforeningen for Udbredelse av Legemsøvelser og Vaabenbruk» starta arbeidet sitt med å registrere dei ulike skitypane rundt i landet, blei det meir «standardisering» av skia.

Dei arrangerte skiutstillingar og plukka ut skimodellar som blei sendt rundt i landet som normski som lokale skimakarar kunne etterlikne.

«Foreningen for Ski-Idrettens Fremme» heldt fram med dette arbeidet, og i 1896 fikk Fritz Huitfeldt gullmedalje for sine ski av Telemarks-type.

Telemarksskia med innsving blei modell for skiproduksjonen i Noreg i lang tid framover. Jamvel i dag er denne type ski mal for moderne ski. Desse skia var ei etterlikning av skia som Sondre Norheim laga.

Sondre Norheim

blei fødd på Øverbø i 1825, og levde i Morgedal fram til han 59 år gammal emigrerte til USA.

Sondre var ein lystløypar, og han var ein føregangsmann både med skiutstyr, og måtar å løype på. I tillegg kom det folk etter han her i Morgedal som også var lystløyparar.

Her kan nemnast Torjus og Mikkel Hemmestveit.

Sondre var ein utløysande faktor i det å utvikle skiløyping til idrett og moro, men tida var der også.



Kong Olav avdukar statuen av Sondre Norheim 16. januar 1988. Foto: Morgedal idrettslag



Lokalt var det menn som Florentz, Bakke og andre blant dei «finare» i bygdene som viste interesse, var domarar på skirenn og gav pengar til premiar.

I Kristiania vakna også interessa for skigåing, og også her blei Sondre eit «ikon» for sporten. Her kjem delar av eit referat frå «Aftenbladet» for 10. februar dagen etter det store skirennet i Kristiania i 1868.

«Det af Centralforeningen foranstaltede Præmie-Skirend foregik, som averteret igår den 9. i Trakten om St. Hanshaugen og Christiania Skydebane og i Overensstemmelse med det udstedte Program. — — —»

[...] Afsamtlige udmærkede Vinderen af 1. Præmien sig og stod langt over enhver anden. Der var noget så mærkelig ved hans Rend og Gang på Skierne at man måtte tro, at det for ham var den medfødte og den naturlige Måde at bevæge sig på. Med Staven som en Spadserstok i den ene Hånd og Huen i den anden satte han udover i susende Fart, og ret som det var, gjorde han et Hop, så Skierne i 2 a 3 Skilængder ikke berørte Marken, og når han kom ned efter et sådant Sprang var det ikke Spor af Ustøhed eller Balanceren. Han tilbagelagde Banen, 1/4 Mil i temmelig kuperet Terræn på i8 Minutter, 55 Sekunder og blev af Bedømmelseskomiteen på samtlige 4 Punkter meddelt Karakteren «Udmærket» med Tillæg ved den ene Post «Virtuositet i Hop uden Stav». Når man har seet Sondre Ouversen Noreim og man erindrer at Manden nu er 43 år gammel, kan man først gjøre sig en rigtig Forestilling om, hvad en Skiløber af første Rang i sin sprækeste Ungdom vilde kunde præstere.

— De va vel store låmir de løppte i Kristiania, spurde dei Sondre då han kom heimatt.

— Å — du veit dei va nok store, men du veit eg sill' nå løppt dei mæ ett kvartel jordeple på ryggen, svara Sondre.


Olav Bjaaland

Låmi var lagt og andre fylgde etter, ikkje minst Olav Bjaaland, som var med Roald Amundsen til Sørpolen. Han var også både skiløypar og skimakar, båe delar viktig på denne ekspedisjonen.

Ord og uttrykk frå Vest-Telemark som har nådd ut i verda:

- Telemarkski, Telemarksving, Telemarknedslag og ikkje minst slalåm.

Slalåm betyr sla (helling) og låm (spor i snøen) .



Olav Bjaaland på sine gamle dagar. Her viser han fram menyen for velkomst-middagen som blei halde då ekspedisjonen kom heim att frå Sørpolen. Det var kraftige saker. Fotograf: Ukjendt

Framkarernes
Velkomst-Middag

MENU

Polarsuppe
Krystaldråber

Hvalfisk med Fetolje
Sælhundsblod

Skin frå Haakon VII
Platsen

Ikkje á la Lindstrøm
Sydpolske Grønsager

Pigviner
Syden Skum

Polaris med
Hvalrostender

Fram-frugter

«DEN RØDE SAL»
GRAND HOTEL,
KRISTIANIA
5-7-1912



Den første Vinter-OL elden

Frå Øverbø i Morgedal starta den fyrste vinterolympiske fakkelfstafetten i 1952. I grua blei fakkelen tent av sørpolfarar Olav Bjaaland og etter 92 etappar blei den vinterolympiske eld tent på Bislett i Oslo.

I 1956 var Vinter-OL i Cortina i Italia og italienarane ordna med OL-eld sjølve. I 1960 blei ein ny fakkelf tent i Morgedal, og den tente OL-elden i Squaw Valley i USA. Morgedal sin OL-eld blei storpolitikk og grekarane fekk pressa gjennom at frå 1964 skulle både sommar- og vinter-OL elden tennast i Hellas. Til Lillehammer-OL i 1994 blei ein ny eld tent i Morgedal og frakta landet rundt før den kom til OL-byen Lillehammer. På nytt blei det storpolitikk, og med vedtaket i den Internasjonale Olympiske komité med aldri meir OL-eld frå Morgedal, er kanskje den siste OL-fakkelen tent i Morgedal.

Norsk Skieventyr i Morgedal

I dag er det skimuseet i Morgedal som tek vare på og formidlar tradisjonen om skiløyping og skileik. Slik seier dei det sjølve:

Museet gjev innsikt i skieleiken som føregjekk i bakkane i Morgedal i 1850-åra og som var starten på den moderne skiidretten, generell skihistorie og sjølvstilt historia om pioneren Sondre Norheim. Vidare fortel utstillingane om kappløpet mot Sørpolen, om Noregs første skivoksfabrikk og saga om den olympiske elden. Interaktiv utstilling om snowboard og twintip. Til slutt: i stort format og på tre skjermar blir du med på telemarksløyping på eit nivå som vil friste deg til straks å spenne skiene på og berre kaste deg ut i skieventyret!

Skieventyret har i dag den største samlinga av litteratur om skihistorie her i landet. Det meste er godt dokumentert her.

Mange av dei mest kjende skiløypene og dei stadene som la grunnlaget for skikulturen er også dokumentert. Det står truleg att ein del som burde dokumenterast. Her er ei oppgåve for idrettslag og Skieventyret i fellesskap å dokumentere desse betre enn i dag. Øverbø er ein viktig historisk stad for den moderne skisporten. Morgedal idrettslag eig staden. Eit samarbeid mellom idrettslag og kommune er nødvendig for å vedlikehalde plassen og legge til rette for formidling.

Vil du sjå litt meir om skimaking? [Sjå her.](#)

Vil du sjå litt meir skihistorie? [Sjå her.](#)

Tiltak	Handlingsplanen
Samarbeide med VTM om å halde oppe og formidle skitradisjonen frå Morgedal	Kap. 1.15
Få merka opp viktige stader, låmer og bakkar for å ta vare på skitradisjonen. (Kartfesting med koordinatar)	Kap. 1.16
Vurdere fredning av Øverbø	Kap. 2.13



9 Forvaltning av kulturminne i Kviteseid kommune

Viktige aktører i forvaltning av kulturminne i Kviteseid kommune:

Miljøverndepartementet (MD) er øvste myndigheit.

Riksantikvaren (RA) er MD sitt utøvande direktorat i kulturminnesaker.

RA forvaltar *freda* objekt etter Kulturminnelova (KML). Mynde til å vedta freding, oppheva og å gje dispensasjon frå fredingsføresegner.

Fylkeskommunen v/ Kulturavdelinga (FK): Forvaltar RA sitt mynde etter KML på *regionalt* nivå. Fylkeskommunen gjev og uttale i saker som gjeld nyare tids kulturminne

Kviteseid Kommune.

Kommunen har ansvar (og mynde) for forvaltning/ivaretaking av kulturminne med heimel i Plan- og bygningslova. Kommunen har to roller: som eigar, og som forvaltar av lovverket.

Kviteseid Kommune eig og/eller forvaltar fleire verdifulle bygningar/anlegg:

Dei freda bryggene, biblioteket ??

Private eigarar

Private eigarar forvaltar det store fleirtalet av faste kulturminne i Kviteseid kommune. Det gjeld som regel alle kulturminne knytt til landbruket: Gamle tun og tunbygningar, staular og utmarksbygg m.m. Fleirtalet av automatisk freda kulturminne er også i privat eige og på privat grunn. Eigar pliktar å sjå til at ev. tiltak er i tråd med gjeldande lover, føresegner og planar for kulturminnet, og å henta inn naudsynte løyve til tiltak.

9.1 Mål og strategiar

Mål for forvaltning av kulturminne i Kviteseid kommune:

1. **Redusera tapet av faste kulturminne til 0,5 % per år i samsvar med nasjonale mål**
2. **Sikra eit representativt utval av verdifulle kulturminne i bygdene i Kviteseid kommune**
3. **Gjera kulturminne til viktig ressurs for lokal samfunnsutvikling og omdømebygging**

Strategiar for Kviteseid kommune sitt arbeid med kulturminnevern:

1. **Kunnskapsbygging og informasjon**
Oppdatert *kunnskapsgrunnlag* om kulturminne i Kviteseid kommune. Registrering m.m.
Informasjon om kulturminne og kulturminnevern på heimesida og i publikasjonar frå Kviteseid Kommune. Skilting og infotavler m.m.
Kurs: «Kulturminnesøk», praktisk restaureringsarbeid, søknadsskriving
Opne møte om kulturminne



2. Aktiv forvaltning som myndigheit

Oppdatert kulturminneplan og anna plangrunnlag for kulturminnevern
Gjennomføring av planlagde tiltak
Ivareta kulturminne i plan- og byggesaker. Oppfølging av tilsynsplikt.

3. Aktiv forvaltning som eigar/forvaltar

God kvalitet på restaurering, vedlikehald og skjøtsel av verdifulle kulturminne som kommunen eig/forvaltar.

4. «Hjelp til sjølvhjelp» og samarbeid

Kviteseid kommune skal *samarbeida* med eigarar, frivillige lag og organisasjonar, og med kulturminnestyremaktene og fagmiljø på regionalt og nasjonalt plan i arbeid med kulturminnevern. Fleirtalet av faste kulturminne er i privat eige. Restaurering er ressurskrevjande. Kviteseid kommune skal primært bidra med rådgjeving og hjelp til å skaffa ekstern finansiering til restaurering/sikring.

9.2 Retningslinjer for forvaltning

Generelle retningslinjer

Kviteseid Kommune legg til grunn at auka kunnskap og haldningar/motivasjon er avgjerande for å nå måla for forvaltning av kulturminne, og at *vern gjennom bruk* skal vera ein hovudstrategi i kommunen sitt arbeid.

Verdifulle kulturminne skal prioriterast for offentlege tilskot/støtte.

Restaurering skal leggja til grunn antikvariske prinsipp så lang råd.

Retningslinjer for freda kulturminne

For freda kulturminne gjeld forbod mot å endra, skada, riva eller fjerna kulturminnet utan løyve frå RA eller *kulturavdelinga i fylkeskommunen (FK)*. Forbodet gjeld både eksteriør og interiør. Alle tiltak etter PBL skal vera godkjende av RA/FK før Kviteseid Kommune kan gje løyve.

Retningslinjer for verna kulturminne

For verna kulturminne gjeld forbod mot å endra, skada, riva eller fjerna kulturminnet utan løyve frå Kviteseid Kommune. Forbodet gjeld til vanleg berre eksteriør (døme: fasadeendring på verna bygg). Når det er grunn til å tru at tiltaket kan forringa kulturminneverdien, skal kommunen henta inn uttale frå FK før løyve til tiltak kan gjevast.

Retningslinjer for kulturminne med byggjeår før 1850

For bygningar med byggjeår før 1850 skal kommunen henta inn uttale frå FK før løyve til tiltak kan gjevast.

Retningslinjer for kommunalt verneverdig kulturminne

For verdifulle kulturminne skal kommunen henta inn uttale frå FK før det vert gjeve løyve til tiltak etter PBL, når det er grunn til å tru at tiltaket kan forringa kulturminneverdien.



10 Handlingsplan

KULTURMINNEPLAN

KVITeseID KOMMUNE 2020-2023

Dette dokumentet utgjør handlingsdelen av Kulturminneplan for Kviteseid Kommune. Planen er ein *kommunedelplan* etter Plan og bygningslova §11. Handlingsplanen gjeld tiltak som ein tek sikte på å utføre i første 4-årsperioden etter vedtak av planen. Handlingsplanen skal *rullerast* minst kvart 2. år og samordnast med kommunen sin økonomiplan. Handlingsdelen legg til grunn mål og strategiar for Kviteseid kommune sitt arbeid for kulturminnevern omtala i planen sitt kap. 8. Tiltak er lista opp i uprioritert rekkefølge.

Dato for siste revisjon av planforslag -	
Dato for Kommunestyret si godkjenning av planen	
Dato for siste revisjon/rullering av Handlingsplanen	
Dato for neste rullering av kulturminneplanen (innan 4 år etter vedtak)	

KK=Kviteseid kommune,

	Tiltak	Tid	Ansvar
1 Til kunnskap og informasjon			
1.1	Plandokumentet blir lagt ut til gjennomsyn	2019	KK
1.2	Informasjonstavler Setje opp informasjonstavler etter ei tiltaksliste.	2020 - 2023	KK
1.3	Vurdere behov for å registrere bygningar med byggeår mellom 1900 og 1950. Gjeld i denne perioden særleg Kviteseid sentrum og Eidsto	2021	KK
1.4	Opne møte om kulturminne og lokal historie i samband med at kulturminneplanen blir lagt ut.	2019/2020	KK
1.5	Oppmode og inspirere bygdefolk om å finne og registrere kulturminne	2020	KK/Historielag/Turlag
1.6	I området (KL2 i Dalane) bør ein få lagt til rette for ei turløype som kan vise fram kulturlandskapet, gruvedrift og fløtningsanlegg. Informasjonstavler sjå 1.2	2020	KK/Turlag/Historielag
1.7	Pilgrimsvegen - Kulturminnevegen - Kyrkjevegen - lage avtaler om rydding av vegen med frivillige lag/org.	2020	KK/Turlag/Vel-lag/Historielag
1.8	Sjå til at St.Olavs-kjelda blir teke vare på ved utarbeiding av ny reguleringsplan for E134		KK
1.9	Rette opp feil i «Askeladden» i omtalene som er oppført for kvar kyrkje	2020	KK/Riksantikvaren
1.10	Registrere dei fysiske krigsminna i Vrådal	2021	KK
1.11	Gjere nokre av forsvarsverka tilgjengeleg for publikum. Merke løype og setje opp skilt. Sjå 1.2	2021	KK/Visit Vrådal
1.12	Vurdere opptrykk av «Gruber og skjerp innen gradteigkart E36V Kviteseid»	2021	KK/Historielaget
1.13	I samarbeid med Skieventyret/VTM vise fram dei arkeologiske funna som er gjort i Morgedal - lage ei utstilling	2020	KK/ VTM- Skieventyret
1.14	Gjera kjent reglar for funn av automatisk freda kulturminne. Sjå 1.5 og 1.6	2020	KK
1.15	Samarbeide med VTM/Skieventyret om å halde oppe og formidle skitradisjonen frå Morgedal	2020	KK/ VTM-Skieventyret
1.16	Få merka opp viktige stader, låmer og bakkar for å ta vare på skitradisjonen. (Kartfesting med koordinatar)	2021	KK/ VTM-Skieventyret



1.17	Oppmode historielag, grendelag, einskildpersonar og grupper om å samle inn opplysningar om husmannsplassar i kommunen. GPS- verdier bør vera med.	2020	KK/Historielag/ Grendelag m.m.
1.18	Oppmode historielag, grendelag, einskildpersonar og grupper om å samle inn opplysningar om ulike hustypar (t.d. loft, smier o.l) i kommunen. Alle bør fotograferast.	2021	KK/Historielag/grendelag einskildpersonar
2 Kviteseid Kommune si forvaltning som planmyndigheit			
2.1	Verdifulle kulturmiljø i kommunen sin arealdel. Arealdelen er nett vedtatt for 10 år. Ved neste revidering bør dette vera eit tema.		KK
2.2	Vurdere å verne eit større område rundt dei freda bryggene. Særleg veg og mur ved Smeodden	2020	KK
2.3	Når nye reguleringsplanar blir laga og gamle blir revidert må ein ha som målsetjing at Kviteseidbyen skal vera eit godt og tenleg sentrum for kommunen som tek vare på tradisjonar, og kan utvikle seg for framtida.		
2.4	Kommunen bør ha god kontakt med ABB om framtida til slusene Småstraum og Storstraum sluser. Vurdere om slusene bør få vernestatus	2020-2023	KK/ABB
2.5	Omsynet til Øy- og sluselandskapet i Vrådalen ligg i arealdelen i kommuneplanen.	2019	KK
2.6	Vurdere vern av delar av området rundt Dalaåi med fløtningsdammar	2020	KK
2.7	Kommunen bør ta ein gjennomgang av SEFRAK-registeret og sjå om den er rett i dag	2020	KK
2.8	Kommunen bør vurdere om Vråliosen hotell og skulestoga i Ordal bør få vernestatus	2021	KK
2.9	Etter ein ny gjennomgang av SEFRAK-registret kan det vera aktuelt å vurder om det er fleire hus som bør fredast	2021	KK
2.10	Vurdere vernestatus på forsvarsverka ved Steane/Reinskås	2021	KK
2.11	Kommunen bør vurdere om Fjågesund kraftverk bør vernast	2020	KK/Grunneigar/ grendelag
2.12	Vurdere fredning av Øverbø	2020	KK
2.13	Bruke kulturminneplanen som grunnlag for å lage nye rettningslinjer for tildeling av SMIL-midlar	2020	KK
3 Kviteseid Kommune si forvaltning som eigar			
3.1	Ta vare på dei freda bryggene – «Vern ved bruk»	Fortløpande	KK
3.2	Sikre tilkomst til dei freda bryggene	Fortløpande	KK
3.3	Kviteseid bygdetun - vera ein aktiv eigar av bygdetunet i samarbeid med VTM	Fortløpande	KK
4 Hjelp til sjølvhjelp. Samarbeid			
4.1	Halda fram med rådgjeving og hjelp til private eigarar for å skaffa støtte og tilskot til restaurering frå Kulturminnefondet og andre kjelder.	Fortløpande	KK
4.2	Samarbeid med Telemarkkanalens venner og Telemarkskanalen	Fortløpande	KK/
4.3	Saman med Brukseierforeningen, halde oppe vassdraget i Vrådalen for båttrafikk	Fortløpande	KK/ABB
4.4	Alle SEFRAK-registrerte hus må kommunen ha eit ansvar for å fylgje opp når det er spørsmål om vøling, endringar og ev. riving	Fortløpande	KK



4.5	Kommunen må ha eit godt samarbeid med Riksantikvar og fylkeskommune om dei freda husa i kommunen.	Fortløpande	KK/Riksantikvar/ Fylkeskommune
4.6	Einskildpersonar og lag/organisasjonar, kyrkje og kommune må hegne om minnesmerka/steinane/bautaene til glede for dei som kjem i kontakt med dei.	Fortløpande	

Tiltaksliste for 1.2 i Handlingsplanen

	Tiltak	Tid	Ansvar
1.2	Informasjonstavler Setje opp informasjonstavler etter ei tiltaksliste.	2020 - 2023	KK

Kapittel	Tiltak
2.1.2 - Spjotsoddsundet og Sunde-sundet	Informasjonstavle ved Sundet bru må reviderast og fornyast (Vegvesenet!)
	Informasjonstavler ved Spjotsodd og Smeodden brygger
2.1.3 - Kviteseid brygge med Kviteseidbyen	Informasjonstavler og tilgang til databasert informasjon må etablerast
2.3 - Dala- og Morgedalsåi	Setje opp informasjonstavler langs vassdraget på laglege stader.
3.1.1 - Pilgrimsvegen	Informasjonstavler - på høvelege stader langs vegen
3.1.3 - Kulturminnevegen	Informasjonstavler - Brunkeberg, Gotuholt, Sentrum
3.1.3 - Kyrkjevegen	Informasjonstavler - 1) v/bygdetunet, 2) v/Heia (turløypa), 3) v/Eidsto
5.1 - Tyske forsvarsverk i Vrådal	Gjere nokre av forsvarsverka tilgjengeleg for publikum. Merke løype og setje opp skilt.
5.2 - Gruver og skjerp	Sjå dette kap. saman med kap. om Dalaåi. Skilting og turstigar i området mellom Moen/Landsverk/Dalen
7 - Arkeologiske kulturminne	Informasjonstavler av aktuelle funn og lokalitetar. I denne perioden særleg Morgedal






11 Vedlegg

11.1 - Vedlegg 1 - langs vassdraget

Dette vedlegget gjev døme på ulike funn, ting og stader langs vassdraget som har ein historie å fortelje, og vera med å inspirer til å kartlegge slike ting. Denne lista blir aldri «full». Her kan ein fylle på i «all framtid».

Hugs bilete og koordinatar til staden.

Funn	Koordinatar	Bilde
Fyrlykt på Digernes	Nord 59°23.5378573' Aust 8°22.2344178'	
Blytts hage I dei varme fjellsidene langs nordsida av Bandak er det ein svært variert og rik flora. Botanikeren Matthias N. Blytt var i Kviteseid i 1838 og fann ein stad med svært variert flora. I ettertid kalla "Blytts hage". Sjå «Gamalt frå Kviteseid 2016» og 2017	Nord 59°23.6712443' Aust 8°23.5059891'	
Futholo Ei hole i lia like over strandkanten på sørsida av Bandak. Skal gå gjennom fjellet til Vrådal.		
Damman I Skarprudstraumen. T.v. Segelmerke med ljós. T.h. Den eine av damman. Festa		



11.2 - Vedlegg 2 - langs vegar

Dette vedlegget gjev døme på ulike funn, ting og stader langs vegane som har ein historie å fortelje. Denne planen skal vera med til å inspirer til å kartlegge slike ting. Hugs bilete og koordinatar til staden.

Funn	Koordinatar	Bilete
Foldset bru ved Skreosen	Nord 59°21.4417' Aust 8°9.2345'	
Brua frå Vråliosen og til vestsida av Vråvatn	Nord 59°21.6752' Aust 8°9.9585'	
Nordbømoen i Vrådal (100 km fra Kragerø)	Nord 59°19'26.88904" Aust 8°25'57.9494"	
Gamleveg til Morgedal ved Omland (100 kilometer fra Skien)	Nord 59°26.521' Aust 8°27.233'	
Vasskupe ved Heggland i Vrådal. Her kunne hesten få drikke på vegen.		
Fegdetjønn E134 - ved Vigdesjå Dette er ei myr som skulle vera botnlaus. Vegen måtte gå rundt.	Nord 59°26.7247' Aust 8°33.1312'	



11.3 - Vedlegg 3 - Hus i SEFRAK-registeret utan direkte tilknytning til landbruket

Sefrak_ID	Bygningstype	Objektnavn	Opprinnelig funksjon	Nåværende funksjon	Opprinnelig sosial miljø-sammenheng	Tidfesting	Tre-kant-farge
0829-0001-023	181 - Garasjeuthus anneks til bolig	VAREHALL/ BRYGGE, VRÅLIOSEN	882 - Godslager, pakkhus	312 - Hytte, sommerhus	24 - Næringsdrivende i handel og tjenesteyrker	184 - 1800 tallet, fjerde kvartal	Gul
0829-0001-025	511 - Hotellbygning	HOTELL, VRÅLIOSEN TURISTHOTELL	571 - Hotell	571 - Hotell	24 - Næringsdrivende i handel og tjenesteyrker	184 - 1800 tallet, fjerde kvartal	Gul
0829-0001-032	219 - Annen industribygning	GAMALT SAGBRUK, SKREDOSEN SAG OG HØVLERI.	483 - Hus for produksjon av trelast, møbler m.v.	0 - Ingen funksjon	24 - Næringsdrivende i handel og tjenesteyrker	184 - 1800 tallet, fjerde kvartal	Gul
0829-0003-076	322 - Butikk/forretningsbygning	FORRETNINGS- BYGGNING, TRUDVANG, VRÅDAL	511 - Enfamiliebolig	565 - Hus for omsetning av dagligvarer/bransjevarer	28 - Selskap, organisasjon, se merknad	184 - 1800 tallet, fjerde kvartal	Gul
0829-0003-084	419 - Annen eksp. og terminalbygning	VAREHALLEN OG EIDSTO BRYGGE, VRÅDAL.	882 - Godslager, pakkhus	543 - Hus for lagring av utstyr knyttet til fiske/sjøbruk (i forb. med kai)	28 - Selskap, organisasjon, se merknad	184 - 1800 tallet, fjerde kvartal	Gul
0829-0004-053	181 - Garasjeuthus anneks til bolig	BERGSTO GRENDEHUS, FJÅGESUND.	761 - Hus for uddifferensiert grunnskole	773 - Velhus m.v.	14 - Offentlig institusjon, se merknad	183 - 1800 tallet, tredje kvartal	Gul
0829-0006-043	249 - Annen landbruksbygning	TINGSTOGE, NESET, KVITSEID	664 - Hus for politi og rettsvesen	149 - Hus for andre allmenne lagerformål, se merknad	25 - Bonde	182 - 1800 tallet, andre kvartal	Rød
0829-0009-004	419 - Annen eksp. og terminalbygning	PAKKBU, KVITSEID BRYGGE, KVITSEID.	882 - Godslager, pakkhus	0 - Ingen funksjon	28 - Selskap, organisasjon, se merknad	184 - 1800 tallet, fjerde kvartal	Gul
0829-0009-019	111 - Enebolig	VÅNINGSHUS, SKIBSTED SØNDRE, KVITSEID	611 - Enfamiliebolig	211 - Enfamiliebolig	12 - Sivil embetsperson	183 - 1800 tallet, tredje kvartal	Gul
0829-0009-020	113 - Våningshus	KONTOR FOR SKOREN- SKRIVEREN, SKIBSTED SØNDRE	664 - Hus for politi og rettsvesen	0 - Ingen funksjon	12 - Sivil embetsperson	183 - 1800 tallet, tredje kvartal	Gul
0829-0012-007	113 - Våningshus	VÅNINGSHUSET, FRANKRIKE	581 - Kontorbygning	111 - Bolighus for eier/bruker	28 - Selskap, organisasjon, se merknad	184 - 1800 tallet, fjerde kvartal	Gul
0829-0012-028	249 - Annen landbruksbygning	SKULESTOVE FOR YTRE DALANE, BJØRNFLATEN	761 - Hus for uddifferensiert grunnskole	187 - Hus for tilvirkning av snekkerprodukter	14 - Offentlig institusjon, se merknad	183 - 1800 tallet, tredje kvartal	Gul
0829-0012-078	662 - Samfunnshus grendehus	UNGDOMSHUS, LANDSVERK, DALANE	773 - Velhus m.v.	0 - Ingen funksjon		184 - 1800 tallet, fjerde kvartal	Gul
0829-0016-102	249 - Annen landbruksbygning	SKULESTUA, KVÅLSETH ORDAL	761 - Hus for uddifferensiert grunnskole	773 - Velhus m.v.	14 - Offentlig institusjon, se merknad	184 - 1800 tallet, fjerde kvartal	Gul
0829-0016-144	111 - Enebolig	LANDHANDLER/ VÅNINGSHUS, KAASA, BRUNKEBERG.	565 - Hus for omsetning av dagligvarer/bransjevarer	211 - Enfamiliebolig	24 - Næringsdrivende i handel og tjenesteyrker	182 - 1800 tallet, andre kvartal	Rød
0829-0016-145	181 - Garasjeuthus anneks til bolig	FRYSELAGER, KAASA, BRUNKEBERG.	551 - Hus for flere dyreslag, fôr, redskaper m.v. under ett tak	544 - Hus for lagring av is (til kjøling m.v.)	24 - Næringsdrivende i handel og tjenesteyrker	180 - 1800-tallet	Rød



11.4 - Vedlegg 4 - Listeførte kyrkjer i Kviteseid

I Askeladden er kyrkjene i Kviteseid oppførte på denne måten. Her er mykje som er feil, eller i beste fall upresist.

KulturminneID	Lokalitet-ID	LokSys-ID	Art (Lok)	Beskrivelse (Lok)	Eiendom (Lok)	Navn (Lok)
83961	83961	420257	Kirkested	BRUNKEBERG, gnr. 82 Groven øvre (Brunkeberg sogn). Nåværende kirke oppført 1790 står på (gnr. 82) Groven øvre (Kosi), i 1665 og 1723 kalt Kirchegroffuen. Eldste skriftlige omtale av Groven som gårdsnavn er i 1585 (NG 365). Så seint som i 1785 het det fortsatt at den gamle stavkirken stod på en gård kalt Brunkeberg. Denne kirken stod på samme eller tilnærmet samme sted som nåværende kirke bygd 1790 (NG 359). På 1570-tallet lå det en skyldpart (½ tønne korn) i Omthued til Kviteseid hovedkirkes mensa (St. 225f), en indikasjon på et tidligere prestebol til Brunkeberg kirke. Brunkeberg kirke lå tidligere som anneks til Seljord hovedkirke (JN 16). Rett ved tunet på Omtveit øvre heter det Kjørkjesteinen, muligens en spesielt stor stein med likhet av en kirke. Rett nord for gårdene rager Kyrkjenuten drøye 100 m over gård og kirke. Rundt 100 m sørvest for kirken ligger restene av et gravfelt. (Kildegjennomgang til registrering av middelalderkirkegårder av NIKU ved Jan Brendalsmo, RA sak 06/02235-21)	0829-82/25	Brunkeberg kyrkjestad
84155-1	84155	184132	Kirkested		0829-20/15	Fjågesund kyrkjestad
84771-1	84771	185265	Kirkested		0829-18/38	Kilen kyrkjestad
84869	84869	420619	Kirkested	KVITSEID ST. OLAV (?) (hovedkirke), gnr. 22 Kviteseid (Kviteseid sogn). Steinkirken har rektangulært skip og rektangulært, smalere kor med apsidal avslutning. At den tilsynelatende ikke har hatt vestportal skyldes trolig at vestveggen, etter at denne på et tidspunkt var falt ned (jfr. Nygaard 1996:37f), ble murt opp igjen uten portalen og kun med et vindu. Kirken står ved bredden av Kviteseidvatn på (gnr. 22) Kviteseid. Trolig har flere av de omkringliggende gårdene vært del av opphavsgården Kviteseid i tiden da kirken ble reist. I 1914 het det at Kviteseid tidligere var prestegård (NG 353), noe den nok var fram til den nye Kviteseid kirke i 1915 ble bygd på (41) Opsund Midtigard noe lenger nord i sognet. Den mulige dedikasjonen til St. Olav baseres på en Olavssaga (jfr. Nygård 1996:37). Kirken står rett ved nåværende tun på Kviteseid, og under 100 m sør for kirken ligger rester av et gravfelt. Rett ned/øst for kirken og tunet stikker et lite, markant nes ut i Kviteseidvatn kalt Kauphamar, og nord for dette finnes lokalitetene Kauphamarbukti, Kauphamarødden og Kauphamaråsen. Nordnordvest for kirken, på andre siden av fjellet ved Strauman ligger Klokkeodden. (Kildegjennomgang til registrering av middelalderkirkegårder av NIKU ved Jan Brendalsmo, RA sak 06/02235-21).	0829-22/1, 0829-22/8	Kviteseid gamle kyrkjestad



85870-3	85870	187286	Kirkested	Nåværende Vrådal kirke står på (gnr. 13/4) Sanden, et bruk av (13) Nordbø, dit kirkestedet ble flyttet i 1886 (NG 349, kartreferanse: BO 031-5-1). Det tidligere kirkestedet ligger en drøy kilometer mot øst på (14/3) Roholt (Vrådal gamle kirkested), rett ved grensa mot Nordbø, jf. ID 213276. (Kildegjennomgang til registrering av middelalderkirkesteder av NIKU ved Jan Brendalsmo, RA sak 06/02235-21). Vrådal stavkirke 1 og Vrådal kirke 2 sto på Vrådal gamle kirkested.	0829-13/11	Vrådal kyrkjestad / Vrådal kyrkje 3
117811-1	117811	247991	Kirkested	Beskrivelse fra lokalitet: På stedet som ble utpekt ligger det en stor steinplattform ca 20m lang og ca 5m dyp. Det har i nyere tid stått et vårfjøs her. Beskrivelse fra Enkeltminne: I bygdeboka, bind III s. 105, heter det: Kyrkje på Hauge skal etter segna ha stått på ein stad dei kallar Åmdalskroi, 200-300 meter oppe i lia ovanfor garden. Her skal han vera framgraven or molda, den digre ganle nykelen som heng på Hauge, og som etter tradisjonen skal ha stått i låsen på den gamle kyrkjedøra.	0829-77/1	Hauge
178079	178079	438561	Kirkested	Nye Kviteseid kirke står på (gnr. 40) Kyrkjebøen, der den ble reist i 1915. Kviteseid gamle kirkested ligger ca. 6 km SSV for det nye kirkestedet. Det er mulig at en middelaldersk kirke på Kyrkjebøen også kan ha stått på dagens kirkested.	0829-40/11	Kviteseid kirkested
213276	213276	439405	Kirkested	ROHOLT (VRÅDAL), gnr. 14 Roholt (Vrådal sogn). Nedlagt kirkested. Kviteseid kommune. Nåværende Vrådal kirke står på (gnr. 13/4) Sanden, et bruk av (13) Nordbø, dit kirkestedet ble flyttet i 1886 (NG 349, kartreferanse: BO 031-5-1). Det tidligere kirkestedet ligger en drøy kilometer mot øst på (14/3) Roholt, rett ved grensa mot Nordbø. Rett vest for dagens tun på Roholt finnes lokalitetene Kyrkjehaugen og Kyrkjegard avmerket på ØK-kartet. På 1570-tallet lå det en skyldpart (v thønnr Korn) i Krageness til mensa ved Kviteseid hovedkirke (St. 225), en indikasjon på et tidligere prestebol til Roholt kirke. Fra Nordbø går Prestestølvegen nordvestover opp i fjellet, og mellom Roholt og Nordbø. I ei bukt i Vråvatn, få hundre meter vest for det middelalderske kirkestedet, ligger Klokkarbukti. Under 100 m nord hhv. sør for Kyrkjehaugen ligger rester av et større gravfelt. (Kildegjennomgang til registrering av middelalderkirkegårder av NIKU ved Jan Brendalsmo, RA sak 06/02235-21)	0829-14/3	Roholt kirkested - Vrådal gamle